



# Høgskulen på Vestlandet

## ID3-355 Masteroppgåve i idrettsvitskap

ID3-355 - masteroppgåve

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	23-05-2019 07:41	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Sluttdato:</b>	31-05-2019 14:00	<b>Studiepoeng:</b>	60
<b>Termin:</b>	Vårtermin		
<b>SIS-kode:</b>	ID3-355		
<b>Intern sensor:</b>	Glenn Øurevik Kjerland		

### Deltaker

**Navn:** Morten André Tryti  
**Kandidatnr.:**  
**HVL-id:** 121211@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

**Egenerklæring \*:** Ja

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



**Høgskulen  
på Vestlandet**

**NIH** NORGES  
IDRETTSHØGSKOLE

# MASTEROPPGÅVE

Har friluftsliv i vidaregåande opplæring  
innverknad på framtidig friluftslivsengasjement?  
Ei kartlegging blant elevar som har gått på eit  
utdanningsprogram med friluftslivsprofil.

**Morten André Tryti**

**Master idrettsvitskap**

**Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett/ Institutt for idrett, kosthald og naturfag**

**31.05.19**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er  
brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*



Campus Sogndal, Boks 133, 6851 SOGNDAL, 57 67 60 00, – post@hvl.no – www.hvl.no

Masteroppgave i: Idrettsvitenskap

Tittel: Har friluftsliv i vidaregåande opplæring innverknad på framtidig friluftslivsengasjement? Ei kartlegging blant elevar som har gått på eit utdanningsprogram med friluftslivsprofil.

English title: Do outdoor education in high school have an influence on future engagement in friluftsliv and outdoor recreation? A mapping among students that have followed a high school program with an outdoor education.

Forfattar: Morten André Tryti

Emnekode og emnenamn: ID3-355, Masteroppgåve i idrettsvitenskap

Publisering i institusjonelt arkiv, HiSF-HVL Biblioteket (sett kryss):

Eg gir med dette Høgskulen på Vestlandet tillatelse til å publisere oppgåva i Brage om karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg er opphavsperson til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er brukt med skriftlig løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

JA\_x\_      Nei\_\_

Dato for innlevering: 31.05.19

Eventuell prosjekttilknytning ved HVL:

Emneord (minst fire): Friluftsliv i skule, vidaregåande skule, naturbruk, friluftsliv, tidlegare elevar

## Forord

Er du klar for ein lesetur om friluftsliv? Eg skal guide deg på tur i landskapet med friluftsliv som vidaregåande utdanning. Me skal vandre gjennom sider som tar for seg friluftsliv i vidaregåande utdanning. Eg håper at lesarane får innsikt i korleis tidlegare elevar som har gått på eit vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil uttrykker seg om korleis det har påverka dei. Interesse for tema kom frå eigen skulepraksis på ein vidaregåande skule som hadde utdanningsprogram med friluftslivsprofil da eg tok bachelor i friluftsliv på Høgskulen på Vestlandet. Det førte til ei ikkje publisert bacheloroppgåve av Tryti og Straume (2014) der me undersøkte om det elevane lærte på utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil kunne føre til endringar i haldningar og syn på naturen.

Å skrive er for meg ein prosess og ein treng øving. Med dysleksi og ein skulekvardag i oppveksten som ikkje alltid var lett vil denne oppgåva vere høgdepunktet i mi akademiske karriere. Prosessen har vore både givande og utfordrande med småbarnsfamilie og til tider full- og deltidsjobb. Min eigen motivasjon har blitt sett på prøve for å jobbe vidare i prosessen ved fleire anledningar. Eg må derfor rette ein stor takk til hovudrettleiar Petter Erik Leirhaug og birettleiar Linda Hallandvik som har vert med på denne turen. Gode innspel, tilbakemeldingar og spørsmål har fått meg til å reflektere omkring tema og er eit førebilete i sitt arbeid.

Takk til skulen, informantane og respondentane som deltok i undersøkinga. Tusen takk til mamma og pappa for god støtte i skulearbeidet i oppveksten og venner. Takk til dei andre medstudentane, lunsjgjengen og alle dei gangane me har spelt «El presidente». Vil takke for alle åra eg jobba i Forsvaret som gjorde meg interessert i friluftsliv. Takk til dei på masterrommet for faglege diskusjonar, latter og god stemning. Takk til biblioteket i Sogndal med Anita Svedal og dei andre som alltid har vert veldig hjelpsame. Eg må rette ein spesiell hjarteleg takk til kona mi Anette for støtte, og tolmod og sonen vår Andreas som eg skal vere meir tid med no. Eg håper viss han vil får moglegheit til å gå på ein tilsvarande skule i framtida.

Voss, 31.05.19. Morten André Tryti

## Samandrag

Formålet med denne masteroppgåva er å utforske korleis eit vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil har innverknad på elevane sitt friluftsliv i ettertid. Bakgrunn for val av tema er eiga interesse og at det er for lite på friluftsliv i vidaregåande skulen og minimalt om elevar som har gått utdanningsprogram med friluftslivsprofil. Friluftsliv i skulen er eit ikkje ferdig forstått fenomen. Utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil har fire målområde som er gjennomgåande i oppgåva; aktivitet, naturkjennskap, sosialisering og vegleiarrolla. Teoriperspektivet tar utgangspunkt i dei fire målområda i utdanningsprogrammet for å avklare og forstå dei, samt drøfte kva tidlegare kunnskap kan fortelje om kvart målområde.

Problemstilling i oppgåva er korleis uttrykker tidlegare elevar at vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil har hatt innverknad på deira friluftsliv fram til i dag? Undersøkinga tar for seg tidlegare elevar og programansvarlege på eitt utdanningsprogram med friluftslivsprofil på éin vidaregåande skule. Metodetilnærminga er fleirmetodisk med kvalitative intervju av tre med programansvarlege og kvantitativt spørjeskjema blant tidlegare elevar. Primærdata for å svare på problemstillinga var det kvantitative materialet, medan det kvalitative materialet var sekundærdata nytta i drøftinga og for å få ei djupare forståing av utdanningsprogrammet.

Resultata i undersøkinga viser at tidlegare elevar rapporterer å vere aktive i mange ulike friluftslivsaktivitetar etter utdanningsprogrammet. Respondentane, dei tidlegare elevane, vurderte seg sjølv i dag som frå nøytrale til stor grad miljømedvitne. Resultata viste at naturopplevingar hadde mest innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern, noko som er støtte av tidlegare studiar.

Resultat viser vidare at skulen var det forhold respondentane uttrykte hadde mest innverknad på deira aktivitetsvanar innan friluftsliv opp til 19 år. Deretter kjem forhold som far, mor og venner og/eller kjennskap, i likskap med funn i tidlegare studiar. Resultat indikerer at utdanningsprogrammet har hatt ein vesentleg innverknad på respondentane engasjement i friluftsliv i dag, dette i likskap med funn i nokre tidlegare studiar. Andre studiar meiner friluftsliv i skulen har liten innverknad.

Det var få respondentar som hadde arrangert turar for ulike grupper etter utdanninga. Fleire respondentar hadde gjennomført eitt eller fleire kurs-, men det var derimot få som hadde drevet- eller driv eigen bedrift innan friluftsliv. Nokre få respondentar hadde vore eller er trenar, instruktør, i idrettslag eller organisasjon der dei fekk nytta ferdigheiter og kompetanse innan friluftsliv.

Studiet seier ingenting kvifor ein har vert meir eller mindre aktiv i friluftsliv. Med utgangspunkt i analysen av dei fire målområda har studiet vist at tidlegare elevar uttrykker at friluftslivsprofilen i utdanningsprogrammet har hatt innverknad på deira friluftsliv i dag. Studiet kan ikkje seie noko ut over deira rapportering om det er utdanningsprogrammet som er grunnen til deira aktivitetsnivå eller forhold til friluftsliv.

Nøkkelomgrep:

Friluftsliv i skulen, vidaregåande skule, naturbruk, friluftsliv, tidlegare elevar.

## **Abstract:**

The purpose of this thesis is to investigate how a high school education program focusing outdoor education, can influence on student's future engagement in outdoor life. The background for this choice of topic, is own personal interest and the lack of research within this area. Outdoor life in school is a not fully understood phenomenon. The education program with outdoor profile has four target areas that are generally in this thesis: Activity, nature study, socialization and guide role. The theory perspective is based on the four target areas in the education program in order to clarify and understand them. In addition, discuss what previous experience and knowledge provide to target area.

The thesis question is how former students express that high school education programs with an outdoor life profile have had an influence on their outdoor life up to the present day? The study is about former students and program managers on an education program with outdoor life profile on one high school. Method of approach is multi-methodical, with qualitative interviews of three program managers and quantitative questionnaire among former students. The primary data for answering the problem was the quantitative material, while the qualitative material was secondary data useful in the discussion and to get a deeper understanding of the education program.

The results in the survey show that former students report being active in many different outdoor activities after the education program. Respondents, the former students, considered themselves between neutral to a large extent to environmental minded. The results showed that experiences with nature had most an influence on respondents' relationship with outdoor life. Nature- and environmental protection, something which is confirmed by earlier studies.

There were few respondents who had arranged tours for different groups after the education. Several respondents had completed one or more courses, but few had driven or run their own business within outdoor recreation. Some few respondents would have been or are coaches, instructors, in sports teams or organizations where they could benefit from skills and expertise within outdoor recreation.



The results show, that the greatest influence on activity habits within their outdoor life up to the age of 19 years old, were the school itself. Other factors were their relationship with their father, mother and friends and/or acquaintance, similar to findings in earlier studies. Results indicate that the education program has had a significant influence on respondents' involvement in outdoor life today, this in a similar way to discoveries in some earlier studies. Other studies involving outdoor recreation in the school shows little of influence.

The study says nothing about why one has been more or less active in outdoor life. Based on the analysis of the four target areas, the study has shown that former students express that the program focusing outdoor education has had an influence on their outdoor engagement in life today. The research cannot conclude with anything beyond the respondents' reporting, to what extent the education program is the reason for their activity level or relationship with outdoor life.

Keywords: Outdoor education, agriculture, highschool, former students, Norway

# Innholdsliste

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>6</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>12</b>
1.1 Kontekst, val og presentasjon av AMA vidaregåande skule .....	14
1.2 Utdanningsprogram med friluftslivsprofil ved AMA vidaregåande skule .....	15
1.3 Kunnskapsbakgrunn og tidlegare forskning .....	16
<b>2. Teoretisk grunnlag</b> .....	<b>21</b>
2.1 Friluftsliv i skulen .....	21
2.2 Aktivitet .....	22
2.3 Naturkjennskap .....	24
2.4 Sosialisering .....	25
2.4.1 Sosialisering til friluftsliv hos barn og unge .....	25
2.4.2 Primær- og sekundærsosialisering .....	26
2.4.3 Sosialiseringsinstansar .....	26
2.5 Vegleiarrolla .....	28
<b>3. Metodisk tilnærming</b> .....	<b>30</b>
3.1 Forskingsdesign .....	30
3.2 Populasjon og utval .....	31
3.2.1 Rekruttering .....	31
3.2.1 Intervju utval .....	31
3.2.2 Spørjeskjema utval .....	31
3.3 Kvalitative intervju .....	32
3.3.1 Utforming av intervjuguide .....	32
3.4 Kvantitativ spørjeskjema .....	33
3.4.1 Utforming av spørjeskjema .....	33
3.4.2 Spørjeskjema sin struktur .....	34
3.4.3 Pilotering av spørjeskjema .....	35
3.5 Datainnsamlingsprosessen .....	36
3.5.1 Gjennomføring av kvalitative intervju .....	36
3.5.2 Gjennomføring av kvantitative spørjeskjema .....	37
3.6 Dataanalyse .....	37
3.6.1 Analyse av intervju .....	37

3.6.2	Analyse av spørjeskjema.....	37
<b>3.7</b>	<b>Validitet og reliabilitet .....</b>	<b>39</b>
<b>3.8</b>	<b>Etikk .....</b>	<b>41</b>
<b>3.9</b>	<b>Metoderefleksjon.....</b>	<b>42</b>
<b>4.</b>	<b>Resultat .....</b>	<b>44</b>
<b>4.1</b>	<b>Informasjon om respondentane .....</b>	<b>44</b>
<b>4.2</b>	<b>Aktivitet .....</b>	<b>45</b>
4.2.1	Aktiv i friluftsliv i oppveksten og i dag .....	47
4.2.2	Innverknad på friluftslivsaktivitetsvaner fram til 19 år .....	48
4.2.3	Interesse for friluftsliv .....	48
4.2.4	Kva for 3 forhold som har hatt innverknad på friluftslivsvaner i dag.....	49
<b>4.3</b>	<b>Naturkjennskap.....</b>	<b>52</b>
4.3.1	Naturkjennskap .....	52
<b>4.4</b>	<b>Sosialisering .....</b>	<b>53</b>
4.4.1	Forhold som har hatt innverknad på elevane sitt friluftsliv og natur- og miljøvern .....	53
<b>4.5</b>	<b>Vegleiarrolla .....</b>	<b>55</b>
4.5.1	Arrangert turar for ulike grupper. ....	55
4.5.2	Deltaking på kurs .....	56
4.5.3	Bruk av eigen kompetanse .....	58
<b>4.6</b>	<b>Utdanningsprogrammet sin innverknad på respondentane sitt friluftsliv. ....</b>	<b>58</b>
<b>5.</b>	<b>Drøfting.....</b>	<b>59</b>
<b>5.1</b>	<b>Aktivitet .....</b>	<b>59</b>
5.1.1	Korleis forstå friluftslivsform- og aktivitetsnivå resultatet.....	61
5.1.2	Kven eller kva har hatt størst innverknad på dine friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år. ....	62
5.1.3	Interesse for friluftsliv .....	66
5.1.4	Kva for 3 forhold som har hatt innverknad på friluftslivsvaner i dag.....	67
5.1.5	Oppsummert aktivitet .....	69
<b>5.2</b>	<b>Naturkjennskap.....</b>	<b>70</b>
5.2.1	Oppsummert naturkjennskap .....	74
<b>5.3</b>	<b>Sosialisering .....</b>	<b>75</b>
5.3.1	Forhold som har hatt innverknad på elevane sitt friluftsliv og natur- og miljøsyn.....	75
5.3.2	Oppsummert sosialisering.....	78
<b>5.4</b>	<b>Vegleiarrolla .....</b>	<b>79</b>
5.4.1	Arrangerte turar for ulike grupper.....	79
5.4.2	Deltaking på kurs og bruk av eigen kompetanse .....	82
5.4.3	Oppsummering vegleiarrolla .....	85
<b>5.5</b>	<b>Utdanningsprogrammet sin innverknad på respondentane sitt friluftsliv .....</b>	<b>86</b>
5.5.1	Oppsummering utdanningsprogrammet sin innverknad på respondentane sitt friluftsliv .....	88

<b>6.</b>	<b>Avslutning .....</b>	<b>89</b>
6.1	Konklusjon.....	89
6.2	Forslag til vidare forskning .....	90
<b>7.</b>	<b>Kjeldeliste .....</b>	<b>91</b>
<b>8.</b>	<b>Tabelloversikt.....</b>	<b>97</b>
8.1	Tabell 1. Aktivitetsnivå rangert etter gjennomsnitt frå høgast til lågast aktivitet.....	97
8.2	Tabell 2. Aktiv i friluftsliv i oppveksten og i dag .....	97
8.3	Tabell 3. Kva form for friluftsliv er du mest interessert i dag? .....	97
8.4	Tabell 4. Kva for 3 forhold du trur har hatt mest påverknad på din friluftslivsaktivitetsvaner i dag, i prioritert rekkefølge?.....	97
8.5	Tabell 5. Kor stor grad vurderer du deg sjølv som miljøbevisst i dag? .....	97
8.6	Tabell 6. Kva gjer du i dag for å ta omsyn til natur og miljøet?.....	97
8.7	Tabell 7. Har du etter studiet arrangert turar for nokre av gruppene under? .....	97
8.8	Tabell 8. Oversikt over kor mange respondentar som har arrangert turar for enkelte grupper? .....	97
8.9	Tabell 9. Har du deltatt på friluftslivrelevante kurs etter studiet? .....	97
8.10	Tabell 10. Kor mange respondentar som har gjennomført eitt eller fleire kurs? .....	97
8.11	Tabell 11. Kor stor grad meiner du studiet har hatt betydning for ditt friluftsliv i dag? .....	97
<b>9.</b>	<b>Figuroversikt .....</b>	<b>98</b>
9.1	Figur 1. Kven eller kva hadde størst innverknad på din friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år?.....	98
9.2	Figur 2. Kva for 3 forhold trur du har hatt mest påverknad på din friluftslivsaktivitetsvaner i dag, i prioritert rekkefølge?.....	98
9.3	Figur 3. Kor stor grad vil ein seie forholda har hatt for ditt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern? .....	98
<b>10.</b>	<b>Forkortingar .....</b>	<b>99</b>
<b>11.</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>100</b>
11.1	Informasjon samtykke.....	100
11.2	Spørjeskjema .....	102
11.3	Intervjuguide .....	118

<b>11.4</b>	<b>Svar frå spørjeskjema.....</b>	<b>121</b>
11.4.1	Friluftslivsaktivitetar og aktivitetsnivå .....	121
11.4.2	Forholda under som har hatt innverknad for respondenten sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern .....	125
11.4.3	Kva gjer du i dag for å ta hensyn til natur og miljøet?.....	126
<b>11.5</b>	<b>Godkjenning frå NSD .....</b>	<b>127</b>

# 1. Innleiing

Formålet med denne masteroppgåva er å utforske korleis tidlegare elevar som har gått på eit vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil, uttrykker seg om innverknad på deira friluftsliv i ettertid. Oppgåva tar for seg kva innverknad utdanningsprogrammet har hatt på dei. Utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil har fire målområde som eg har valt å referere i oppgåva som; aktivitet, naturkjennskap, sosialisering og vegleiarrolla. For å unngå identifisering av skulen, vil enkelte refererte målområde frå skulen sitt offentlege utdanningsprogram avvike, men dei er baserte på innhaldet i dei ulike målområda.

Ideen til undersøkinga kom frå eigen skulepraksis på ein vidaregåande skule som hadde utdanningsprogram med friluftslivsprofil da eg tok bachelor i friluftsliv på Høgskulen på Vestlandet. Det gjorde meg interessert i kva utdanningsprogram med friluftslivsprofil kunne gi elevar av kompetanse, kunnskap og ferdigheiter innanfor friluftsliv. Interesse førte til ei ikkje publisert bacheloroppgåve av Tryti og Straume (2014) der me undersøkte om det elevane lærte på utdanningsprogrammet med friluftsliv, kunne føre til endringar i haldningar og syn på naturen.

Bakgrunn for tema er at det er forska lite på friluftsliv i vidaregåande skule og minimalt om elevar som har gått utdanningsprogram med friluftslivsprofil. Abelsen og Leirhaug (2017) trekker fram at friluftsliv i skulen er eit breitt og ikkje ferdig forstått fenomen. I kunnskapsoversikten til Abelsen og Leirhaug (2017) konkluderte dei med at det er avgrensa kunnskap om elevane sine opplevingar med friluftsliv i skulegangen sin. I 24 inkluderte studiar var det ikkje mogleg å avgjere kva elevane opplevde eller lærte om skulefriluftslivet. I undersøkinga deira fann dei fire relevante studiar om friluftsliv i vidaregåande skule (Foss, 2011; Hvattum, 2012; Nygård, 2012; Valdøl, 2013). Ein manglar innsikt i kva elevane lærer og opplever i skulefriluftslivet. Leirhaug og Arnesen (2016) støttar dette med at ein både ungdomsskulen og den vidaregåande opplæringa vanskeleg kan oppnå kompetansemåla i læreplanen for friluftsliv. Friluftsliv er ein aktivitet som dei fleste i Noreg driv med. For Regjeringa er barn og unge viktige målgrupper i rekrutteringa til friluftsliv (Meld. St. 39 (2000-2001), 2001). Å gå på utdanningsprogram med friluftslivsprofil kan gi elevane andre kvalitetar enn andre utdanningsprogram og det er det eg synest er interessant som kunnskapsområde.

Problemstillinga i undersøkinga er korleis uttrykker tidlegare elevar at vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil har hatt innverknad på deira friluftsliv fram til i dag? For å svare på problemstillinga er det blitt gjennomført ei undersøking på éin valt vidaregåande skule med eit utdanningsprogram som har friluftslivsprofil. Det vart valt ein fleiremetodisk tilnærming med primærdata kvantitativ datainnsamling med spørjeskjema og sekundærdata kvalitativ datainnsamling med intervju. Med omgrepet friluftsliv i problemstillinga er eg interessert i utøvinga av friluftslivsaktivitetar og elevar sitt forhold til friluftsliv etter utdanningsprogrammet.

Friluftsliv kan bli forstått som fenomen på ulike måtar og det har mange ulike definisjonsforsøk. I oppgåva har eg tatt utgangspunkt i definisjonen av friluftsliv i Stortingsmelding nr. 40 (1986 – 87) «Om friluftsliv» der friluftsliv er «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse» (Kunnskapsdepartementet, 2001). Denne definisjonen er open, den opnar opp for det meste av aktivitetar og den kan handle om friluftslivet sin eigenart. Den tar for seg kvifor me driv med friluftsliv, kor og når me kan utøve det og kva ein kan gjere. Definisjonen seier ikkje kva aktivitetar som kan definerast som friluftsliv. Derimot er definisjonen diskutert da den er gammal og friluftsliv har utvikla seg (Faarlund, 1973; Horgen, 2018a, b; Leirhaug, 2007; Vingdal, 2015). Definisjonen seier at det er i fritid ein kan utøve friluftsliv. For elevane vil skulefriluftslivet dei har gjennomført ikkje vere fritid, og slik definisjonen er i dag, vil dei ikkje drive med friluftsliv. I følgje Haslestad (2002) er det lite klare avgrensingar og gode definisjonar i læreplanane, sjølv om det er vilje til å definere utanfor skulen i friluftslivforvaltninga og friluftslivmiljøet.

I utøving av friluftsliv er noko av det ein ynskjer seg naturopplevingar og miljøforandring (Hauger & Lund, 2002). Ved å opphalde seg i og møte naturen kan ein få rike opplevingar og oppnå heilskapleg personleg utvikling. Ved å vere i naturen vil ein få handlingskompetanse, erkjenning, sosial utvikling og verdioppleving (Tordsson, 2005). Med det kan ein seie at ein må utøve friluftsliv for å lære friluftsliv.

Strukturen og rekkefølga i teori-, resultat- og drøftingsavsnittet tar utgangspunkt i fire målområde frå utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil; aktivitet, naturkjennskap, sosialisering og vegleiarrolla. Eg vil presentere skulen som er utgangspunktet for studiet, relevant tidlegare forskning, så sjå på teori som utgjer bakgrunn for dei fire målområda og deretter metoden som er nytta for datainnsamlinga. I teoridelen vil det vere presentert teori for å kunne forstå dei ulike målområda og gi eit utgangspunkt for å kunne drøfte resultatet av spørjeskjema og intervju i drøftinga.

### ***1.1 Kontekst, val og presentasjon av AMA vidaregåande skule.***

Gjennom tre Stortingsmeldingar om friluftsliv, har norske styresmakter understreka korleis friluftsliv er eit samfunnsansvar og satsingsområde som bidrar til berekraftig utvikling, betre folkehelse, auka trivsel og god livskvalitet. Interesse for naturen kan auke når ein utøver friluftsliv og auka miljømedviten må til for ein berekraftig forvaltning av den norske natur og kulturarv (Meld. St. 18 (2015–2016), 2016; Meld. St. 39 (2000-2001), 2001; St. Meld. Nr. 40 (1986—87), 1987).

Regjeringa ynskjer betre kunnskapsgrunnlag og prioriterer forskning innanfor (Meld. St. 39 (2000-2001), 2001):

- Samanhengen mellom friluftsliv og miljømedvit
- Samanhengen mellom friluftsliv og helse/livskvalitet
- Sosialisering, nærmiljø og kvardagsfriluftsliv
- Aktivitetsmønstra
- Areal spørsmål, særleg metodeutvikling for å verdsetje areal

I undersøkinga mi vil eg vere inno for friluftsliv og miljømedviten, sosialisering og aktivitetsmønster som Regjeringa ynskjer meir forskning på. Nasjonale resultatmål er at barn og unge skal utvikle dugleik i friluftsliv. Skal friluftsliv vere ein viktig fritidsaktivitet i framtida, må framtidige generasjonar motiverast. Dei må og få opplæring slik at dei kan få dugleik og naturopplevingar. I skulefritidsordningar, skular og barnehagar må det nasjonalt bli satsa på uteaktivitetar (Kunnskapsdepartementet, 2001).

Eg fann fem vidaregåande skular som har utdanningsprogram med friluftslivsprofil som gir generell studiekompetanse. Skulane har ulik profil og breidde i friluftslivstilbodet sitt. I e-post-korrespondanse med skulane fekk eg vite at den første vidaregåande skulen starta med friluftsliv i 1999 og den siste i 2011. Denne masteroppgåva tar utgangspunkt i éin av desse skulane. Undersøkinga kan gi kunnskap om skulen oppnår formålet til utdanningsprogrammet



etter vidaregåande utdanning. Funna i undersøkinga kan vere interessante for andre skular som ynskjer å starte opp liknande utdanningsprogram.

For å ta vare på anonymiteten til skulen er det brukt pseudonymet «AMA vidaregåande skule». Skulen tilbyr utdanning innanfor bygg- og anleggsteknikk, elektrofag, naturbruk, restaurant- og matfag, teknikk- og industriell produksjon og tilrettelagte grupper. Friluftsliv er plassert under utdanningsprogrammet Naturbruk. Naturbruk skal vere ein spanande og praktisk veg til studiekompetanse eller yrkeskompetanse.

Elevane får ei innføring i eitt breitt og variert utval av friluftslivsaktivitetar både sommar- og vinterstid. For å forstå målområdet aktivitet vert det presentert teori om friluftsliv i skulen. Aktivitetsnivået for friluftsliv og friluftsliv trenden i Noreg er i utvikling og endring. Tanken er at målområdet aktivitet skal vekke interessa for ein aktiv livsstil i livsløpet. Det er viktig å ha eit forhold til naturen og med kunnskap om naturen, kan ein få naturkjennskap. For å forstå kva naturkjennskap inneber vil teori om Næss (1976) sin økosofi, naturkontakt og naturforhold bli presentert. Vert ein glad i naturen, kan ein få eit ynskje om å ta vare på den. Det vil bli presentert teori om målområdet sosialisering som tar for seg sosialisering til friluftsliv hos barn og unge, primær- og sekundærsosialisering og sosialiseringsinstansar. Eg meiner desse teoriane er relevante for å få innsikt i at det kan vere fleire instansar som har mogleg innverknad på respondentane. I målområdet vegleiarrolla skal elevane få kompetanse i friluftsliv, kunne planlegge og organisere aktivitetar. Med kunnskap og ferdigheiter kan dei rettleie folk på tur. Teori om vegleiarrolla og kva den inneber vert presentert.

## ***1.2 Utdanningsprogram med friluftslivsprofil ved AMA vidaregåande skule***

Utdanningsprogrammet har fire målområde der aktivitet har som hensikt å vekke interessa for aktivitetar i naturen. I naturkjennskap skal blant anna elevane lære naturlege samanhengar og kjennskap til korleis me menneske påverkar verda rundt oss. Om sosialisering skal til dømes elevane lære å handle saman, planlegge og å samarbeide med medmenneske. I vegleiarrolla er fokuset å kunne arrangere og organisere aktivitetar innan friluftsliv.

Utdanningsprogrammet brukar første året Vg1 naturbruk læreplanen med kompetansemål om naturbasert produksjon og naturbasert aktivitet. På Vg1 får elevane 17 timer i veka med undervisning i friluftsliv og 6 timar i veka med prosjekt til fordjuping med ulike val som villmark, skogbruk/teknikk og naturfag eller mattematikkk Vg1T. Elevane er på om lag 10

turar med rundt 16 overnattingar. Elevane skal forstå samanhengen mellom menneskeleg aktivitet og miljø, oppleve og meistre arbeidsoppgåver under varierende natur- og klimaforhold (Utdanningsdirektoratet, 2006a). Elevane vil kunne få utplassering i bedrifter som er friluftslivrelaterte.

På Vg2 har elevane også 17 timar i veka med friluftsliv og 9 timer i veka med prosjekt til fordjuping med enten bratt friluftsliv, jakt og fiske eller kjemi 1/matematikk R1. Andre året er elevane på om lag 10 turar med om lag 22 overnattingar. Vg2 elevane skal få yrkesutøving, dei skal vurdere, planlegge og gjennomføre arbeidsoppgåver knytt til naturbasert produksjon og aktivitetar (Utdanningsdirektoratet, 2007a, b). I kompetansemålet forvaltning og drift skal elevane ta for seg korleis ei forvaltning av naturressursar, elevane planlegg, gjennomfører og evaluerer ei naturbasert arbeidsoppgåve (Utdanningsdirektoratet, 2007c).

På Vg3 er det 5 timar i veka med Friluftsliv 2 og inkludert Den Norske Turistforeininga (heretter referert etter som DNT) sitt vinterturlederkurs. Kompetansemål Friluftsliv 2 har utgangspunkt i læreplan for friluftsliv, valfrie program i utdanningsprogram for idrettsfag med tre hovudområde; basisferdigheiter, naturkjennskap og rettleiing. Opplæringa skal gjere at elevane skal til dømes kunne planlegge og gjennomføre ein tur, beskrive naturen ein ferdast i og delta som rettleiar i ei verksemd (Utdanningsdirektoratet, 2006b, c). Under utdanninga har elevane moglegheit for yrkesutplassering i utlandet.

Skal elevane ta generell eller spesiell studiekompetanse vil ein på tredje året få fleire timar i veka med til dømes norsk, matematikk, naturfag, historie og naturforvaltning. Hensikten med utdanningsinnhaldet er at elevane får ei brei og innhaldsrik tilnærming til friluftsliv, som kan gjere at dei ynskjer å ta vare på naturen, få ein meir aktiv livsstil i livsløpet og undervegs får generell studiekompetanse.

### ***1.3 Kunnskapsbakgrunn og tidlegare forskning***

I bacheloroppgåva Tryti og Straume (2014) fann me ut at elevar på Vg3 kunne reflektere meir om opplevingar, erfaringar og lærdom enn elevar på Vg1. Om det var utdanningsprogrammet som hadde bidrege til det, kunne me ikkje konkludere på grunn at me ikkje hadde nok datamateriale.

I leitinga etter studiar på tidlegare elevar som har hatt friluftsliv i skulen fann eg ein internasjonal forskingsartikkel Gass, Garvey og Sugerman (2003) som undersøkte tidlegare elevar som hadde gått på eit villmarksskuleprogram. Dei fann at det var langtidsinnverknad av å delta på villmarksprogrammet der deltakarane forandra oppfatninga både om seg sjølve og andre.

I norsk samanheng har eg berre funne nokre få studiar som ser på innverknaden av friluftsliv etter opplæringa, og dette er master- og hovudfagsoppgåver. Den viktigaste er Skogvang (1993) som var lik Gass et al. (2003) med å undersøke friluftslivsvaner til tidlegare gymnaselevar etter gymnaset. Ho ynskja å sjå på langtidsverknaden av deltaking på undervisningsprogram i perioden 1972-79. Ho brukte spørjeskjema til å samanlikna blant anna friluftslivsvanane til ei undersøkingsgruppe med undervisningsopplegg i friluftsliv, natur- og miljøvern og ei kontrollgruppe med vanleg gymnasundervisning. Gruppene i utvalet til Skogvang (1993) nemnar at dei viktigaste positive påverknadsfaktorane for friluftslivsinteressa, var foreldra og venner sitt forhold til friluftsliv. I undersøking fann ho ikkje sterk samanheng med innverknad når det gjeld opplegg i grunnskulen, vidaregåande skule og andre skular (Skogvang, 1993). Funna til Skogvang (1993) samsvarer med Vestheim (2005a) om at innverknaden familien, venner og tilgang til naturen hadde på hans utval, var og at skulen hadde markant hatt liten innverknad.

Nykrog (2013) gjennomførte eit studie som eg ynskjer å trekke fram om sosialisering og aktivitetsvaner. Han brukte spørjeskjema til ungdommar og fann ut at sosialiseringsagentar som familie, venner og skule har ein stor innverknad når det gjeld friluftsliv. Innverknaden frå familie blir redusert med alderen, men familien var den viktigaste og primære sosialiseringsagenten i den eldste aldersgruppa 15-20 år (ibid). Lorgen (2012) fann at familien var den viktigaste sosialiseringsinstansen for å gi gode friluftslivs-opplevingar i oppveksten. Nykrog (2013) fann at sekundære sosialiseringsagentar som til dømes venner tok over med alderen og med ein stigning i aldersgruppene. Den tredje viktigaste sosialiseringsagenten var skule og det var ein nedgang av innverknaden med alderen. Det var derimot lav svarprosent i studiet, noko som svekka reliabiliteten og det vart tatt opp i oppgåva (Nykrog, 2013).

Dei fire studiane, alle masteroppgåver (Foss, 2011; Hvattum, 2012; Nygård, 2012; Valdøl, 2013) som Abelsen og Leirhaug (2017) tar for seg ulike delar av programfaget friluftsliv i idrettsfag. Foss (2011) meiner at ein tredagars overnattingstur var ein god sosial arena. Det

virka som den læringa elevane fekk i samhandling med omgivnadane og gjennom læring i sosial praksis, gjorde at elevane fekk utvikle og vidareutvikle sine sosiale ferdigheiter med empati, samarbeid, ansvarlegheit, diskusjon og kommunikasjon. Elevane kan få sosial praksis på tur der dei fekk tid og rom til å nyte å vere ute og å bli godt kjent med kvarandre (Foss, 2011).

Både Hvattum (2012) og Nygård (2012) undersøkte kva som var motivasjonen til elevane for å velje friluftsliv valfaget i vidaregåande skule. Hvattum (2012) fann at det var ein samanheng mellom informantar i studiet som var aktive innan friluftsliv i barndommen og hadde valt valfaget. Nygård (2012) fann tilsvarende funn der elevane valte valfaget fordi dei hadde eigen interesse og glede for friluftsliv frå oppveksten og i lag med familien. Valfaget var med på danningprosessen til elevane innanfor friluftsliv der dei lærte om seg sjølv og kunne skape ein identitet (Hvattum, 2012; Nygård, 2012). Valfaget gav elevane ferdigheiter og kunnskap slik at dei kunne utøve og legge eit grunnlag for eit aktivt liv (Nygård, 2012). Fleire informantar til Hvattum (2012) var positive til å fortsette utøving av friluftsliv.

I studiet til Valdøl (2013) stemde det korleis elevane og lærarane oppfatta den erfarte læreplanen på ein Vestlandsskule og ein Austlandsskule i programfaget friluftsliv. Ved Austlandsskulen gav lik forståing og eit godt samspel mellom lærar og elev eit betre klasse- og læringsmiljø, noko som gav gode moglegskapar for personleg utvikling hos elevane. I Vestlandsskulen gav elevmedverknad i undervisninga i friluftsliv ein positiv effekt, auka deira kompetanse, erfaring og sjølvstendigheit (Valdøl, 2013).

Skålvik (2015) undersøkte kva elevane lærte av å dra på feltturar i faget naturforvaltning i VG3 Naturbruk. Han opplevde at det å vere på felttur gav engasjement hos elevane som bidrog til læringsglede og læringslyst. Dette såg ein igjen på resultat at elevane hadde oppnådd læring etter feltturen. Han trekker fram at yrkesidentiteten vert forma samtidig som dei vidaregåande elevane i den alderen (15-18) formar sin eigen identitet. Strandbu (2000) gjennomførte ein mixed methods studie på storbyungdom i Oslo med både kvantitativ metode med spørjeskjema og kvalitativ metode med intervju. Avstanden til naturen gav eit skilje mellom ungdommane som budde i den indre bydelen og ytre bydelen når det gjald miljøengasjement, deltaking i friluftslivsaktivitetar og natursyn. Dei som budde i ytre delen av byen var meir på tur enn dei som budde i den indre bydelen (Strandbu, 2000).

Andre internasjonale studie som eg har funne som var relevante for mitt studie var Gehris og Swalm (2007), Pattison (2017) og Wigglesworth (2012); Wigglesworth og Heintzman (2013). Gehris og Swalm (2007) gjennomførte eit studie med både kvantitativ- og kvalitativ metode om effekten av opplevingsutdanning på vidaregåande elevar på ein yrkesretta vidaregåande skule. Dei brukte kvantitativ metode med spørjeskjema for å finne elevane si sjølvforståing, fysiske form og sjølvtilitt. Den kvalitative metoden bestod av intervju, deltakande observasjonar og dokumentgjennomgang for å finne deltakarane sin oppfatning av utdanninga. Deltakarane valte tre klasser enten opplevingsutdanning, velvære eller helse. Det var signifikant effekt i sjølvtilitt, men ikkje signifikant effekt om den fysiske forma eller sjølvforståing. Dei som deltok i opplevingsutdanning- og velværeklassen hadde signifikant høgare sjølvtilitt enn deltakarane i helseklassen. Det kvalitative resultatet viste blant anna at opplevingsutdanning gav kjensler, ein var fysisk aktiv, bygde relasjonar, auka sjølvmedviten og sjølvtilitten m. m. (Gehris & Swalm, 2007, s. V-VI).

Pattison (2017) gjennomførte eit casestudie på to vidaregåande skular i Asia om kva for innverknad utandørsutdanning hadde på elevane. Resultatet fant auke i sosial-, kjensle- og karakterutvikling og i skulelæring. Deltakarane utvikla det sosiale med til dømes forholdet til medmenneske, forholdet til venner vart styrka og samarbeidsegenskapane vart forbetra. Wigglesworth (2012) sitt studie var på tidlegare studentar som gjekk årsstudium med friluftsliv utdanning på universitetsnivå. Ho gjennomførte intervju og spørjeskjema på studentar som tok årsstudium i perioden 1975-2009. Resultatet i undersøkinga viste at deltakarane utvikla og auka kunnskapen og ferdigheiter innan friluftsliv, miljømedviten, sjølvoppdaging og mellommenneskelege forhold.

Eg skal i oppgåva sjå på korleis tidlegare elever uttrykker seg om kva for innverknad utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil har hatt for dei. Dei fire målområda til utdanningsprogrammet er utgangspunktet til utdjuping i teori og drøftinga med å beskrive kva dei innebere for respondentane. Mitt studiet er lik studiane til Skogvang (1993), Nykrog (2013) og Gass et al. (2003) som såg på innverknad i etterkant av deltaking i utdanningsprogram i friluftsliv. Skogvang (1993) er det studiet som mest lik undersøkinga mi i tema, metode og gjennomføring. Det er få til ingen norske liknande studiar, derfor meiner eg hennar studie er viktig i denne samanhengen. Ho tar for seg kva innverknadar det å ha friluftsliv i skulen har hatt seinare i livet. Nykrog (2013) tar opp sosialisering til friluftsliv i si undersøking. Eg meiner undersøkinga hans er relevant for mine utvalde respondentar.

Respondentane har mogleg blitt sosialiserte til friluftsliv enten via foreldre, venner eller skulen. Eg synest det er interessant at det er motsetningar mellom funn frå Skogvang (1993) som var 15-22 år etter og Gass et al. (2003) var 17 år etter. I studiet mitt vil tidsperioden vere 3-12 år etter utdanningsprogrammet. Mogleg resultat mine kan bidra med kunnskap til ei av desse sidene.

## 2. Teoretisk grunnlag

Problemstillinga er korleis uttrykker tidlegare elevar at vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil har innverka på deira friluftslivspraksis i ettertid? Med utgangspunkt i problemstillinga skal eg undersøke kva innverknad dei fire målområda for utdanningsprogrammet; aktivitet, naturkjennskap, sosialisering og vegleiarrolla har på tidlegare elevar ved vidaregåande utdanning med friluftslivprofil. I denne teorien vil eg ta for med dei fire målområda for utdanningsprogrammet og teori for kunne forstå dei. Først tar eg for meg friluftsliv generelt i skulen. Deretter kjem aktivitet, naturkjennskap, sosialiseringa og vegleiarrolla. Teori om det generelle aktivitetsnivå- og trend i friluftsliv blant unge og vaksne i Noreg, er relevant for å vite kva som er status på friluftsliv i dag. Teori om naturkjennskap vil blant anna ta for seg det å vere glad og ta vare på naturen. Eg vil leggje fram teori om sosialisering til friluftsliv, som eg meiner er viktig sett opp i mot problemstillinga. Det vil vere teori om ulike sosialisering sinstansar om å blant å utvikle seg i samhandling med andre i naturen. Til slutt om kva det inneber å vere i vegleiarrolla.

### 2.1 *Friluftsliv i skulen*

Friluftsliv i skulen vert introdusert som hovudområde i kroppsøving frå 5 klassetrinn og til 3 år på vidaregåande skule. Hovudområdet friluftsliv i kroppsøving skal gi kompetanse til elevane slik at dei kan ferdast og opphalde seg i naturen. Elever skal blant anna kunne orientere og vere i naturen til ulike årstider (Utdanningsdirektoratet, 2015). Elever i vidaregåande skule får i dag friluftsliv som hovudområde og kompetansemål under kroppsøving, ein kan velje valfag og ein kan velje eit utdanningsprogram under felles programfag i læreplanen for VG1 naturbruk læreplanen (Utdanningsdirektoratet, 2006a, d, 2013).

Friluftsliv i skulen er ein annleis læringsarena på ulike område. Å bruke friluftsliv i skulen er god sosial læring. I følgje Sølvik (2003) var elevar med til dømes åtferdsvanskar, lite synlege i friluftslivet der dei fekk oppgåver, måtte samarbeide og vart fysisk- og psykisk utfordra. Lauritzen (2010) meiner at det å ha friluftsliv i skulen bidrar til eit inkluderande læringsmiljø. Friluftsliv krev og det er gjensidig avhengigheit av at kvar enkelt elev bidrar. Friluftsliv som læringsarena vil kunne bidra til å utvikle relasjonar, personleg utvikling, kommunikasjon og fremje samarbeid (Lauritzen, 2010). I følgje Foss (2011) var det å ta ein friluftslivtur i undervisninga ein sosial arena som gav ulike læringserfaringar. Elevane fekk på tur utvikle

sine sosiale ferdigheiter, som til dømes samarbeid og kommunikasjon. I følge Wigglesworth (2012) kan deltaking i utdanning i friluftsliv gi livslang effekt, uavhengig om det er kort eller lang tid etter gjennomført utdanning. Deltakinga i utdanninga gav ei utvikling av sosiale ferdigheiter med oppdagande læring, ansvarleggjering, samarbeid, leiarutvikling og gruppedynamikk. Deltakarane utvikla seg personleg og friluftslivprogrammet hadde positiv innverknad på sjølvoppfattinga, haldning til naturen og dei var meir aktive (Wigglesworth, 2012).

Eg synest perspektiva til Foss (2011); Lauritzen (2010); Sølvik (2003); Wigglesworth (2012) er interessante om korleis bruke friluftsliv i skulen. Å bruke friluftsliv i skulen har gode kvaliteter, som at ein til dømes i uteskule brukar eitt klasserom med frie vegger og himmelen som tak (Jordet, 2010). Friluftsliv i skulen kan gjere at enkelte elevar får vise andre sider av seg sjølv enn i klasserommet som kan vere bra (Sølvik, 2003). Bruk av naturen- og friluftsliv i skulen har kome langt og er i stadig utvikling.

## **2.2 Aktivitet**

Målområdet aktivitet tar for seg at utøving av friluftsliv består i dei fleste formane av fysisk aktivitet. Utdanningsprogrammet har eit mål om å vekke interessa for aktivitetar i naturen slik at ein kan legge grunnlag for ein aktiv livsstil. Odden (2005, desember) tar for seg perspektivet om endringar og stabilitet i norsk friluftsliv frå 1970 – 2004. Han nemnar at det på 1970 – talet var mykje friluftsliv i skogen og aktivitetar som skog- og skiturar, bærplukking og fiske. Midt på 1970 – talet gjekk aktivitetsnivået nedover og midt på 1980 – talet endra aktivitetsmønsteret seg. Det er tenkeleg at aktivitetsnivået i foreldregenerasjonen vart redusert (Odden, 2004, juni). Ein ser at endringar i samfunnet har hatt innverknad for utvikling i friluftsliv (Odden, 2008). Odden (2005, desember) fann ut at langtidstrenden i aktivitetsmønsteret for norsk friluftsliv frå 1970 til 2004 var stabilt. Som Odden nemnar, teiknar han eitt bilete at det er ein utvikling i friluftsliv. Endringane han nemnar kan vere at friluftsliv har gått frå utnytte til nytte, ein endring frå tidlegare der ein måtte hauste mat til fritid og rekreasjon.

I følge Vaage (2009) er befolkninga mest aktive med aktivitetar som sykling, skigåing og fotturar. Dette stemmer med Odden (2005, desember), der det på aktivitetstoppen er lågkostnadsaktivitetane som er lett tilgjengelege og enkle ligg øvst, som til dømes fotturar, deretter skiturar, badetur, fiske, båtturar, bær og sopplukking. Dei meir krevjande



aktivitetane, som til dømes køyring i alpinanlegg, jakt og frikøyning er det lågare oppslutning rundt. Frikøyning, sykkelturnar og alpinanlegg har derimot kraftig vekst. Deltaking i friluftsliv har auka, men det er nedgang i aktivitetar som fisketurar, skiturar, bæranksanking og sopplukking (Odden, 2005, desember). For å undersøke om det var nedgang i nyare tid såg eg på åra 2011, 2014 og 2017 frå Statistisk sentralbyrå (2017) (heretter referert etter som SSB) og det var nedgang i fot-, ski- og fisketurar. Odden (2005, desember); SSB (2017) viser til kva for aktivitetar som det høg og lav oppslutning rundt, og det som det er relevant er å sjå om det stemmer med respondentane sitt aktivitetsnivå.

Ein aktivitetstrend er at fysisk krevjande aktivitetar, som til dømes rafting/elvepadling, klatring i fjell og is, skøyteturar og alpint, er dei unge som er mest aktive (Vaage, 2009). Det er framvekst i dei nye formane for friluftslivsaktivitetar som krev meir fysisk, tekniske ferdigheiter og utstyr som til dømes terrengsykling, frikøyning og fjellklatring (Odden, 2005, desember).

Sett opp i mot Odden (2005, desember) som fann eit stabilt aktivitetsnivå, er det i følge Vaage (2014) meir mosjonering blant befolkninga med deltaking i ulike aktivitetar og med meir gjennomsnittlege dagar. Med dette utgangspunktet kan ein seie at utandørsaktivitetane har auka. Ei trend er at folk deltar på fleire aktivitetar, men deltar færre dagar i året. I 2010 deltok befolkninga i gjennomsnitt då i 13 aktivitetar. Det er stabil deltaking i tradisjonelle, viktige aktivitetar som turar i skog, fjell og skiturar. Hos unge er det noko nedgang i desse aktivitetane, men det er ein vekst der unge søker til nye formar for friluftsliv og alpinbakkar (Dervo et al., 2014). Eit mangfald av ulike aktivitetar som til dømes terrengsyklistar, fiskarar, jegerar, bølgesurfarar, turgåarar og kitarar er positivt. Ein får drive med den aktiviteten ein ynskjer og det kan bidra til rekruttering. Ein fornying av friluftsliv med nye aktivitetar, som til dømes kiting og terrengsykling kan aktivisere yngre menneske og gi helsemessige gevinstar (Hjelle, 2006).

Perspektivet til Hjelle (2006) og Odden (2005, desember) er sentrale for å finne ut om kva for aktivitetar dei unge er aktive med. Det som er interessant med målområdet aktivitet er å undersøke om utdanningsprogrammet lykkast eller ikkje med grunnlaget for eit aktivt livsløp. Om unge menneske blir introduserte til aktivitetar i naturen i oppveksten eller på utdanningsprogrammet, slik dei fortsette med den seinare.

### 2.3 *Naturkjennskap*

I målområde naturkjennskap skal ein få kjennskap til korleis menneske har innverknad på verda og lære om å forstå naturlege samanhengar. Ein skal vere medviten om eigne haldningar til naturen, ta vare på og vere glad i naturen og få kunnskap om mangfaldet. Med aktivitet i friluftsliv kan ein få kjennskap til naturen. Naturkjennskapen kan gjere at ein vert glad i naturen og får eit ynskje om å ta vare på den (Meld. St. 39 (2000-2001), 2001). Ein lærer frå tidleg alder å ta vare på naturen der naturen vert brukt som læringsarena både i barnehagen og skulen (Klima- og miljødepartementet, 2018). Er barn mykje inne vil dei kunne risikere å ikkje få tilstrekkeleg kontakt med naturen. Det kan gjere at ein ikkje får eit forhold til naturen og da vil ein ikkje ha interesse av å ta vare på naturen (Braute, 1997).

Naturvern stod høgt hos Næss (1976, s.20) med eit perspektiv kalla økosofi T der «alt henger inderlig sammen». I omgrepet økofilosofi er øko enten økologi og økonomi, filo-sofi handlar om visdom eller innsikt der venn er «filo». Menneske er ein del av naturen som ein heilheit og Næss sin økosofi T har likskap med Spinozas tanke om mangfald i verda med å «lære om at alt utgjør en helhet» (Næss, 1976, s.19; Store norske leksikon, 2018). Næss (1976) trekker fram endringar i miljøet som me må ta omsyn til, og det treng styrking av kulturtradisjonar. Han omtaler miljøkrisa som noko som kan opne eller bidra at ein ynskjer eit meningsfullt liv frå tilpassing av menneskesinn til det urbane storsamfunnet.

Bjølseth (2016) undersøkte korleis byungdommar opplevde naturen og å gå på ein alternativ skule som baserte seg på bruk av naturen. Elevane var mindre stressa og vart motiverte til å gå på skulen. Friluftsliv kunne vere ein god arena for å fremme tilhørheit. Elevane vart kjent med kvarandre når dei erfarte og var aktive saman i naturen. Det reelle og praktiske skulearbeidet virka motiverande for elevane og fleire elevar opplevde meistring i skulefag. Naturen og friluftsliv var i den alternative skulen ein arena og metode. Elevane ved skulen opplevde meir motivasjon for skulen som resulterte i meir trivsel, betre karakterar og dei var meir fornøgde. I følge Bjærke (2017) er naturens eigenverdi viktig og at menneske har eit forhold til naturen. Forholdet til naturen oppstår med kunnskap om evolusjon og økologi. Denne kunnskapen kan bidra til at ein ynskjer å ta vare på naturen, få respekt og erkjenne eigenverdien.

Å få fleire barn og unge til å bruke friluftsliv og ta vare på miljøet, er ynskjet til Den Norske Turistforeininga. Anne-Mari Planke, leiar for friluftslivsavdeling i DNT meiner skular bør

tilby meir friluftsliv til elevar (Gjesdal, 2013). Barn og unge må få kunnskap om å ferdast ute, det er ikkje alle som får kunnskapen gjennom familien, og skulen er derfor ein arena som dei fleste er til stades, uavhengig av bakgrunn og bustad. Elevar må få blant anna lære å symje eller orientere med meir. Tanken er om ein har oppdaga friluftsliv vil ein aldri slutte. Stig Øystein Schmidt, leiar for DNT Ung fortel «for DNT ung er det selvsagt å gjøre vårt for å ta vare på naturen, slik at den er der i like god stand til neste generasjon» (Stephansen, 2016). For både Schmidt og Planke meiner at «det ein er glad i, ynskjer ein å ta vare på» (Gjesdal, 2013; Stephansen, 2016). DNT er ein stor og brei organisasjon. Om organisasjonar og medlemskap har noko innverknad på respondentane, derfor kan vere interessant.

Dei ulike perspektiva trekker fram at naturkontakten er viktig for opprette forhold til naturen. Kunnskap kan bidra til å få eit syn på miljøvern. Med målområde naturkjennskap skal elevane få kunnskap om samanhengen mellom menneske og miljø. Ein må vere i kontakt med naturen for å skjønne at ein er del av naturen, ein del av heilskapen.

## **2.4 Sosialisering**

I friluftslivsaktivitetar er ein ofte på tur med andre og er sosial. Friluftsliv har vert sosialt med søndagsturar med familien og å dra på hytta (Mytting & Bischoff, 2008). Å vere på tur saman, samlast rundt bålet og vere i teltet kan by på modning og sosial utvikling hos dei enkelte (Tordsson, 2010). I utviklinga av eit menneske har Bronfenbrenner (1979) eit perspektiv om at menneske oppfatter og handlar med omgivnaden. Dei ulike miljøfaktorane omkring barnet har ulike innverknader på barnet som kan vere seg familie, venner og skule.

### **2.4.1 Sosialisering til friluftsliv hos barn og unge.**

I følgje Frønes (2006, s. 24) kan sosialisering refererast til ein prosess kor barnet får utvikle seg til eit unikt individ. Ein kan knytte sosialisering til pedagogikk i skulen. Danning og barneoppdragning er ein viktig del av det å lære, og fokuset i pedagogikk er læring og formidling av læring. Korleis barnet lærar i enkelte situasjonar og alderstrinn har gitt pedagogikken eit verdifullt sosialiseringsarbeid i skulen. Når ein veks opp lærer ein heile tida, og sosialisering kan sjåast som ein læringsprosess (Frønes, 2006).

Sosialisering skjer i følgje Frønes (2006) som internalisering eller eksternalisering.

Internalisering er når det er naturleg med dei leve- og tankemåtar, verdiar og sosiale normer som har ein har lært av samfunnsmedlemmar. Eksternalisering er når ein med vilje og

medviten påverkar verda omkring med å skape, tenke og handle. Ein vert påverka av det samfunnet ein lever i. I vidareføring av kultur og verdiar er familien den viktigaste bidragsytaren (ibid). Fleire studiar viser til at familien er viktigast i sosialiseringa (Nykrog, 2013; Skogvang, 1993; Vestheim, 2005a). Ein svakare grunnsosialisering frå foreldre i oppveksten innan friluftslivsaktivitetar, kan føre til lågare aktivitet i friluftsliv i framtida (Odden, 2005, desember). I dei tilfella der foreldra ikkje deltar med barn i friluftsliv, kan friluftsliv i skulen bidra til sosialisering til friluftsliv.

Teoretikaren Pierre Bourdieu meinte at det å vekse opp i ulike samfunnsklasser i Frankrike kunne gi bestemte handlingar, tankar og oppfatting av verkelegskap (Martinussen, 2008). Bourdieu, Prieur og Jakobsen (2002) har tre omgrep som er habitus, felt og kapital. Habitus er korleis det skjer ein tilpassing i kroppen til det miljøet ein er i (Bourdieu et al., 2002). Feltet er eit sett med relasjonar som held oppe ein illusjon, der ein trur på verdiane som gir mening og definerer feltet til aktivitetane. Ulike habitus føretrekker og fremmer ulike felt (Bourdieu et al., 2002). Kapital kan vere økonomisk, sosial, kulturell og den kan ha innverknad på barn.

#### **2.4.2 Primær- og sekundærsosialisering**

Den første- og primærsosialiseringa til barn er foreldra. Etter foreldra vil fleire i familien og venner vere involverte som sosialiseringinstansar (Martinussen, 2008).

Sekundærsosialiseringa tar lengre tid, den skjer heile livet og sosialisering er ein livslang prosess. Primærsosialiseringa handlar om menneskets medviten, etablerte normer, verdiar, innsikt og kunnskap. Sekundærsosialisering vil i prosessen legge til, styrke eller endre haldningane til individet (ibid). Sosialisering er i dag meir spesialisert med ulike sosialiseringinstansar. Tidlegare var sosialiseringa meir integrert med familieliv, arbeid- og fritidsliv, men i dag skjer sosialiseringa meir i sfærar som til dømes i skular utan å knytte familieliv-, arbeid- og fritidsliv (Martinussen, 2008).

#### **2.4.3 Sosialiseringinstansar.**

I sosialiseringprosessen er det mange sosialiseringinstansar. Sosialiseringinstansar kan vere primærsosialiseringa frå foreldre der mor eller far er sosialiseringsgentar som påverkar.

Sosialiseringsgentar kan til dømes vere ein person eller organisasjon. Sekundærsosialiseringa frå heim, barnehage, skule eller vennegjeng er ein sosialiseringarena kor ein opererer som sosialt individ (Imsen, 2014). Det er mange sosialiseringinstansar som kan ha innverknad i sosialisering til friluftsliv i oppveksten. Eg har avgrensa og tatt utgangspunkt i

sosialiseringsinstansane; familie, venner og skule. Dette valet vart tatt med tanke på tid og mengde datamateriale for masteroppgåva, i likskap med Skogvang (1993) og Nykrog (2013).

## **Familie**

I samfunnet er familien ein viktig sosialiseringsagent. Familien skal lære bort dei sosiale ferdigheitene, erfaringane og normene som stemmer med samfunnet, som eit ledd i sosialisering i samfunn (Martinussen, 2008). Dei signifikante andre er dei viktigaste sosiale forholda i sosialiseringprosessen. Signifikante andre gjelder ikkje berre personar, men kan representere kultur og forståingsformar. Det ein lærar av mor eller foreldre er noko anna enn det ein lærer av læraren eller venner i same alder (Frønes, 2006). Når barn er små lærer dei av vaksne, og da primært av forelderen med kulturoverføring med generasjonar. Det er familien som har innverknad om barn deltar i fritidsaktivitetar. I følge Bruun (2012) var barn mest på tur med far og mor. Etter far og mor, drog barn på tur med andre slektningar, venner, skule og organisasjonar. Hadde ein vert introdusert til ein aktivitet under oppveksten og fått positive opplevingar, ville ein fortsette med aktiviteten når ein veks opp (ibid).

## **Venner**

Barn og ungdom er mykje saman med jamnaldrande enten det er i organisasjonar, fritid, barnehagen eller skulen. I puberteten og ungdomsalderen er det ein orientering mot at det er venner i same alder som er mest dei signifikante andre i sosialiseringa (Frønes, 2006). Det er ei lausriving frå foreldra i ungdomstida og ein vert meir knytt til venner (Imsen, 2014). Dei haldningane ein utviklar i ungdomsåret i lag med andre i same alder har ein med seg i livet. I dagleg samhandling mellom menneske vil ein kunne få med seg haldningar gjennom sosialisering (Frønes, 2006). Dei haldningane ein har til naturen dannar ein i oppveksten med direkte og spesiell kontakt med naturen (Fjørtoft & Reiten, 2003).

## **Skule**

Barnehagen og skulen er viktige sosialiseringsinstansar. Skulen er sekundærsosialisering og ein føresetnad er at barnet har ein primærsosialisering frå heimen (Imsen, 2014). Den nye kunnskapen frå skulen må leggest oppå det som barnet har fått primærsosialisert og internalisert. Sekundærsosialiseringsoppgåva til samfunnet og skulen vil vere å vidareføre kulturarv til nye generasjonar og å gi den kunnskapen som samfunnet treng. Skulen kan gi elevane «kulturell kapital» som ein kan ha bruk for seinare i livet og for å meistre eventuelle

utfordringar i arbeidslivet (Imsen, 2014, s. 397). Når nye medlemmar kjem i ei gruppe vert det lagt til rette slik at dei lærer seg normene, får kunnskapar og ferdigheiter i gruppa. Dette kan til dømes vere at elevane startar på ny skule eller ein får nye elever i ein klasse. Vert dei nye handlemåtane ein del av individet sjølv, er det internalisert (Frønes, 2006; Martinussen, 2008).

Familie, venner og skule er viktige sosialiseringstansar for barn og unge. Det kan vere mogleg at det ikkje berre er ein instanse som har innverknad på respondentane. Dei tre instansane vil mogleg uavhengig eller ikkje uavhengig av kvarandre ha innverknad på respondentane. Kva instanse som har innverknad eller mest innverknad er interessant å sjå på respondentane.

## **2.5 Vegleiarrolla**

Når ein har ferdigheiter og kunnskap gjennom aktivitet, naturkjennskap og sosialisering i friluftsliv, kan ein etterkvart prøve seg i vegleiarrolla. I målområde til utdanningsprogrammet bør ein god friluftslivsvegleiar har brei kompetanse i naturbaserte aktivitetar, natur, miljø og menneskeforståing.

Vegleiarrolla inneber mykje og det er mange omsyn til mange faktorar, som til dømes eigen rolla, ferd etter evne, risiko, friluftslivets eigenart og verdiar m.m. (Faarlund, 1973; Horgen, 2010; Østrem, 2003). I følgje Faarlund (1973, s. 41) skal vegleiaren gjere friluftsliv til overskotsliv i naturen [...]. Som vegleiar skal ein vere bevisst over friluftslivets verdiar slik at verdiane ikkje vert slipt bort av beherskehaldning og konkurransemotiv. Vegleieing drivast med ein metodikk og innhald som gir rom for opplevingar og aktualisere friluftslivsverdiane. Ein leier gruppa inn i fasar med refleksjon over friluftslivets eigenart. Ein må formidle til alle deltakarar normer om medansvar for naturen og naturens eigenart er liv i naturen og mangfald (ibid).

Det første pedagogiske prinsippet i friluftsliv er i følgje Faarlund (1973) å drive med vegleieing i friluftsliv i naturen. Vegleiaren må bruke eit friluftslivområde tilpassa deltakarane si føresetnad og det må vere ein introduksjon til friluftsliv med progresjon. Dette er noko respondentane mest sannsynleg vil ha opplevd i utdanningsprogrammet sitt som elever. Dette er fordi det kan vere ulik føresetnad på elevane og utdanningsprogrammet må mest sannsynleg legge seg på ei linje der alle kan delta uavhengig tidlegare erfaring (ibid).

I følge Faarlund (1973) bør ein i arbeidet som vegleiar følgje normen om medansvar, normen om sjølvrealisering, mangfaldet og kvar enkelt medlem sin føresetnad. Sjølvrealiseringa bør skje i omsyn av medansvaret og det krev eit mangfald av liv i naturen med vass og vassdrag, skog og mark. Forhold som klima, mangfald, vær og føre inneber ulike greinar av friluftsliv som gir karakter av liv i naturen. Legger vegleiaren opp til normane og verdiane kan det ta vekk konkurransemotivering og sjølvrealiseringa basert på prestasjonsmotivering. I løpet av ein tur vil mangfaldet av deltakarane sine ulike føresetnadar med kunnskap, erfaring og ferdigheiter, kunne kome til gruppas gode. Det kan skape gjensidig verdsetting og respekt for gruppas deltakarar.

Livet vårt i naturen og å vere i naturen gjer at me ynskjer å hente ut kunnskap om fenomen og forhold om til dømes vær og klima, brelære og elvelære. Det er mange ulike komplekse ferdigheiter ein må meistre som vegleiaren innan friluftsliv. Utdanning av ein vegleiar kan vere ein langvarig prosess (Faarlund, 1973). Perspektivet til Faarlund (1973) om vegleiaren er interessant for målområdet vegleiarrolla. Han nemnar at det kan vere ein langvarig prosess å utdanne ein vegleiar. Det kan vere interessant å sjå om vidaregåande utdanninga har gjort at respondentane har arrangert turar eller friluftslivsaktivitetar etter endt utdanning.

### **3. Metodisk tilnærming**

I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei metodiske val og vurderingar som er tatt.

Rekkefølga i metodedelen vil vere forskingsdesign, populasjon og utval, kvalitativ intervju og kvantitativ spørjeskjema. Deretter vil eg legge fram prosessen med kvalitativ- og kvantitativ datainnsamling. Intervjua vart gjennomført først for å gi eit utgangspunkt for betre spørjeskjema i lys av forståing av målområda. I dataanalysen vil ein sjå på data, og validiteten og reliabiliteten til undersøkinga vil bli vurdert. Avslutningsvis i metoden vil eg vere innom etikk med etiske punkter og metoderefleksjon omkring metodegjennomføringa.

#### **3.1 Forskingsdesign**

Det er nytta fleirmetodisk tilnærming som verktøy for å samle datamateriale med både kvantitativ- og kvalitativ metode (Jacobsen, 2015). Ved å kombinere metodar ville eg få meir og detaljert innsyn i utdanningsprogrammet som vart undersøkt, -lik Gehris og Swalm (2007); Pattison (2017); Strandbu (2000); Wigglesworth (2012).

Datainnsamlinga består av kvalitative data i form av intervju og kvantitative data i form av spørjeskjema-undersøking. Intervjuguiden og deler av spørjeskjema er basert på målområda og studieplanen til utdanningsprogrammet. I oppgåva vil intervjudeltakarane bli omtalt som informantar og deltakarane i spørjeskjema omtalt som respondentar (Tjora, 2010). I behandlinga av datamaterialet vart det brukt Questback Essentials, Statistical Package for the Sosomal Sciences, versjon 24 (heretter referert som SPSS), og intervjua vart transkribert i Microsoft Word.

Utdanningsprogrammet vil bli deskriptivt utforska med eit retrospektivt perspektiv (Johannessen, Christoffersen & Tuft, 2016). Det retrospektive perspektivet peiker på at respondentane i spørjeskjema må til dømes hugse tilbake kor aktive dei var i oppveksten og kva friluftslivsaktivitetar dei har utøva dei siste 12 månadane. Med spørjeskjema vil ein kunne finne undersøkinga og finne ut frekvens med aktivitetsnivået og få inn mykje datamateriale frå mange respondentar (Johannessen et al., 2016). Intervju vart valt for å få fram meiningar, haldningar og erfaring frå informantane (Dalland, 2012; Tjora, 2010). Gjennom å formidle informantane si eiga forståing av utdanningsprogrammet er målet å få fram kunnskap som ikkje er tilgjengeleg for alle. Dei kan grunnge deira forståing og tankar om innverknaden og utdjupa informasjon om kontekst, relasjonar, situasjonar og saker knytt til



utdanningsprogrammet. Metode vart valt på grunn av liknande studiar som Skogvang (1993) og Nykrog (2013) som brukte spørjeskjema som metode og Gass et al. (2003) brukte kvalitative intervju som metode.

## **3.2 Populasjon og utval**

### **3.2.1 Rekruttering**

I rekruttering av informantar og respondentar vart det tatt kontakt med AMA vidaregåande skule for å informere og høyre om dei var interessert i undersøkinga. Med positiv respons om deltaking, kom eg i kontakt med tre informantar som jobba med utdanningsprogrammet for intervju. Frå skulen fekk eg kontaktinformasjon på dei tidlegare elevane som hadde gått på utdanningsprogrammet. Perioden som vart valt ut for dei tidlegare elevane var 2005 til 2014. Kontaktinformasjon på elevane var for dei som hadde starta første året på utdanningsprogrammet. Skulen hadde ikkje informasjon om elevane hadde fullført første året, fullført tre år med friluftsliv og/eller skifta utdanningsprogram.

### **3.2.1 Intervju utval**

Utveljinga av informantane er hensiktsmessig og strategisk. Dei tre informantane vart valt grunna dei var «ekstreme» med mykje informasjon om utdanningsprogrammet (Johannessen et al., 2016, s.107). Intervjuinformantane er tre utdanningsprogramansvarleg for utdanninga med friluftslivsprofil. I undersøkinga er pseudonyma Alf, Berit og Karl brukt som namn på informantane. Informantane hadde jobba med utdanninga og skulen i frå 5 til 30 år. Dei jobba til dagleg med friluftsliv, vidaregåande elevar og alle tre hadde stor eigeninteresse i friluftsliv. Av omsyn til personvern og identifikasjon har eg valt ikkje opplyse meir informasjon enn dette.

### **3.2.2 Spørjeskjema utval**

Respondentane i undersøkinga er tidlegare elevar som har gått første året på vidaregåande med friluftsliv som utdanningsprogram. I e-post korrespondanse med AMA vidaregåande skule fekk eg vite utvalsstorleiken. Bruttoutvalet for den valte perioden 2005 til 2014 var 129 respondentar (Johannessen et al., 2016). 2014 vart valt på grunn at eg ynskja det skulle vere tid etter uteksamining for dei elevane som var ferdige våren 2017. Utvalet er passande for det bør vere 100-200 respondentar i mindre undersøkingar (Haraldsen, 1999).

For å kome i kontakt med respondentane vart det nytta ein tekstmelding på mobiltelefon og Facebook. Kontaktinformasjonen på elevane frå skulen inneheldt namn, postadresse og telefonnummer, men ikkje e-postadressa. Ansvarlege for utdanningsprogrammet informerte at det var ein Facebook-gruppe for tidlegare elever. På gruppa var det 145 medlemmar og 5 stykk som ikkje var elevar.

Ein førespurnad vart sendt til utdanningsprogramansvarleg om ein kunne legge ut informasjon og ein link til spørjeskjema. Dette vart gjort fordi respondentane hadde kjennskap til vedkommande som kunne mogleg bidra til høgare svarprosent. Tekstmeldinga som vart sendt ut til bruttoutvalet inneheldt ein presentasjon av meg, undersøkinga, og kor eg spurde om ein ynskja å delta og med ein link til spørjeskjema.

### **3.3 Kvalitative intervju**

For å få djupare innsikt i utdanningsprogrammet vart det valt semistrukturerte kvalitative intervju med dei tre informantane som har vore knytt til utdanningsprogrammet ved Ama vidaregåande skule. Grunnen til dette var ynskje om ein relativ fri samtale der informantane reflekterte over meiningar og erfaringar om utdanningsprogrammet (Tjora, 2010).

Det semistrukturerte intervjuet var passande for då kunne eg variere rekkefølga, tema og spørsmåla som vert tatt opp. Om eg er ein god lyttar gir denne forma eit semistrukturert intervju ein fordel, for eg kan spørje ut informanten med ein gang viss det vert tatt opp interessante punkt (Johannessen et al., 2016). Hensikta i intervju mine var å få fram og løfte opp informanten sitt perspektiv på verdien av friluftsliv og det vidaregåande utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil.

#### **3.3.1 Utforming av intervjuguide**

Intervjuguiden er delt i tema, emne og basert på målområda for utdanningsprogrammet og studieplanen. Intervjuguiden er strukturert omkring historia til utdanningsprogrammet og fire målområda; aktivitet, naturkjennskap, sosialisering og vegleiarrolla. Det var utforma konkrete spørsmål om til dømes kunnskap, ferdigheit, utfluktar, førebilete, elevane og framtida til utdanningsprogrammet (Thagaard, 2013). Tema om lærarar som førebilete vart henta frå Knapstad (2004). Problemstillinga i intervjuguiden og temaoverskrifta var midlertidig og vart seinare justert.

For å teste ut intervjuguiden vart det gjennomført eitt prøveintervju (Tjora, 2010). Ei slik pilotering øver ein sjølv som intervjuar kan avdekke tolkingsproblem (Dalen, 2011; Haraldsen, 1999; Kvale, Brinkmann, Anderssen & Rygge, 2015). Informanten i pilotundersøkinga var lærar og hadde jobba meir enn 5 år på ein vidaregåande skule med kroppsøvingfaget og valfag friluftsliv. Pilotundersøkingintervjuet varte i 55 minutt. Det vart derfor estimert at intervjuet ville ta om lag 45 – 60 minutt. Etter pilotundersøkingintervjuet vart det forandra på spørsmålsformuleringa til to spørsmål etter oppfordring frå informanten.

Intervjuguiden bygde på ein idé om tre fasar med oppvarming, refleksjon og avrunding. Først konkrete oppvarmingsspørsmål om fornamn, alder, yrkesstilling, kor mange år ein har jobba og interessa (Vedlegg 11.3 Intervjuguide). Deretter var det refleksjonsfasa kor fokus var tema for undersøkinga med oppfølgingsspørsmål og prober. Mot slutten av intervjuet var det avrundingsspørsmål der informanten fekk moglegheit til å kome med punkter som ein ikkje følte hadde bli tatt opp eller informasjon som ein ynskja å kome med. Informantane vart informert om kva som skjedde vidare med forskingsprosjektet og korleis datamaterialet ville bli behandla etter intervjuet.

### **3.4 Kvantitativ spørjeskjema**

Instrument for datainnsamling er utvikla særskilt for denne undersøkinga. Eg vil i dette avsnittet presentere utviklinga av spørjeskjema til respondentane og intervjuguide for dei kvalitative intervjuet med informantane.

#### **3.4.1 Utforming av spørjeskjema**

Det ferdig utvikla spørjeskjemaet bestod av 39 spørsmål og det tok om lag 15 - 20 minutt å svare på dei (Vedlegg 11.2). Johannessen et al. (2016) meiner at eitt spørjeskjema med meir enn 30 spørsmål kan gjere analysen vanskelegare å handtere og meir omfattande. Med tanke på Johannessen et al. (2016) omtale om storleiken på spørjeskjema vart det gjennomført ein relevantheitsvurdering. Dette vart gjort for å avgrense mengde spørsmål fordi med mange spørsmål aukar faren for lav svarprosent og analysen kan bli meir uoversiktleg og omfattande. Med mange spørsmål kan ein få trøttleikseffekt der respondentane svarer utan å lese spørsmålet nøye (Haraldsen, 1999). I relevantheitsvurderinga fekk dei minst relevante spørsmåla karakter 3, mindre relevante fekk 2 og dei mest relevante for å svare på problemstillinga fekk 1 (Johannessen et al., 2016).

Spørsmåla i spørjeskjema er basert på studiane til Skogvang (1993) og Nykrog (2013), i tillegg målområda og studieplanen for utdanningsprogrammet. Tema i spørjeskjema er bakgrunnsinformasjon, aktivitetsvaner, om utdanningsprogrammet, kompetanse og natur og miljø. Problemstillinga i spørjeskjema og temaoverskrifta var midlertidig og vart seinare justert. For likskap er skaleringa i spørjeskjema delt i fem verdier. Dette er i følge Johannessen et al. (2016) nok for meir avansert, omfattande statistiske analyser. I vurderingsskalaane er dei høge eller positive verdiane plassert til høgre og dei lave eller negative verdier plassert til venstre. Svarskalaen var konsekvent for at respondentane kan vere trekt mot midten av svaralternativa fordi dei ikkje ynskjer å vere i ytterkanten av skalaen. I svaralternativa vart det valt å ikkje ha med «veit ikkje». Grunnen for dette er fordi det svaret kan auke hos respondentar med lågare utdanning og senke engasjementet hos respondentane i andre spørsmål (Haraldsen, 1999).

I spørsmålet om friluftslivsaktivitetsvanar er verdien frå høgaste verdi først til venstre og lågaste verdi til høgra på grunn av moglegskapen for teleskopeffekt. Viss verdien er lågast til venstre og høgast til høgre, er det mest sannsynleg at respondentane svarer lågare enn det som er reelt (Haraldsen, 1999). Det er ein femdeling av verdien for å få spesifisert fleire dagar som ein kunne velje som eit resultat av gjennomføringa av pilotundersøkinga.

Om aktivitetsvanar var det ein hjelpetekst der respondentane kunne telle gjennomsnittlege dagar per månad, gonge det med 10 og legge til dagar i ferien (vedlegg 11.2 Spørjeskjema, 16). Alle svaralternativa i spørjeskjemaet er sett opp alfabetisk slik at det ikkje var tilfeldig eller det mest sannsynlege svaralternativet kjem først som kan vere tilfelle i Skogvang (1993, spørsmål 28, ref, Appendix 2). Dette vart gjort for å unngå ein pol-effekt med at respondentane svarer det første- og beste svaret (Haraldsen, 1999).

### **3.4.2 Spørjeskjema sin struktur**

Spørjeskjema kan kategoriserast som tematisk inndelt og semistrukturert der dei fleste spørsmål er prekoda med faste svaralternativ (Johannessen et al., 2016). Strukturen i spørjeskjema er sett opp likt førespegla der første tema er faktaspørsmål med bakgrunnsinformasjon om til dømes kjønn, alder, bustad, utdanning og yrke med meir (Vedlegg 11.2).

Rekkefølga til spørsmåla var generelle spørsmål før spesifikke for å gi mindre rekkefølgeeffekten. Ein unngår like spørsmål etter kvarandre som kunne gi ein priming- eller oppvarmingseffekt, der svar har innverknad på spørsmål seinare i spørjeskjemaet (Haraldsen, 1999).

Aktivitetsspørsmåla er mogleg dei spørsmåla som krev mest av respondentane, er plasserte etter bakgrunnsinformasjonen for å vekke interessa og at respondentane ikkje er lei av spørsmål. Aktivitetsspørsmåla er åtferdsspørsmål for å kartlegge kva friluftslivsaktivitetar og kor ofte respondentane har gjort det dei siste 12 månadane. Deretter følgjer tema «natur og miljøvern» med haldningsspørsmål som er eigna til å kartlegge respondentane sine haldningar og meiningar om tema (Johannessen et al., 2016).

Fordelen med spørjeskjema, standardiserte faste spørsmål og svaralternativ er at eg får samla inn mykje data på kort tid frå mange respondentar. Det kan gjere at det vert lettare for respondentane å svare og i analysen å sjå variasjonar og likskapar (Johannessen et al., 2016, s.261). Prekodinga i spørjeskjema kan derimot gjere at respondentane kjennar seg pressa mot dei svaralternativa og må tilpasse svaret sitt (Johannessen et al., 2016).

### **3.4.3 Pilotering av spørjeskjema**

Det vart gjennomført eit pilotundersøking av spørjeskjemaet for å få eintydige og presise spørsmål og svaralternativa. Piloteringa kontrollerer spørjeskjemaet og testar førsteutkastet for å finne eventuelle utfordringar med spørsmål og å unngå fråfallsproblem.

Pilotundersøking kan oppdage svake sider med spørjeskjema, men også dei sterke sidene og dokumentere kvalitetsnivået for undersøkinga (Haraldsen, 1999).

Utvalet i spørjeskjema-pilotundersøkinga var 10 stykk Vg2 vidaregåande elevar som hadde valfag friluftsliv. Undersøkinga vart gjennomført på papir, på slutten av skuledagen og med friluftsliv på timeplanen. Deltakarane fekk informasjon om undersøkinga, dei vart delt på to grupperom og eg var til stades for eventuelle spørsmål. Elevane fekk informasjon om kva som skjedde med resultatet og evalueringa av spørjeskjema vart gjort munnleg når deltakaren var ferdig med spørjeskjemaet (Haraldsen, 1999). Nokre av tilbakemeldingane var at det var enkelte omgrep som deltakarane ikkje forstod og dei kunne då kome med forslag til endringar. Resultatet frå pilotundersøkinga er ikkje inkludert i undersøkinga. Undersøkinga varte i 28-35 minutt og da svarte ikkje elevane på dei spesifikke spørsmåla som til dømes handla om

utdanningsprogrammet. Dette gjorde at eg gjennomførte ei relevansvurdering og for å få redusere mengda spørsmål (Johannessen et al., 2016). Med relevansvurderinga vart mengdespørsmål redusert med ti stykk.

### **3.5 Datainnsamlingsprosessen**

#### **3.5.1 Gjennomføring av kvalitative intervju**

I djupintervjue vart det prøvd å etterlikne ein uformell og avslappa samtale med snakk omkring temaene slik at informanten kunne snakke opent (Tjora, 2010). Intervjua vart gjennomført på eit kontor og møterom på skulen for å gjere det lettast for informantane med tanke på arbeidsdagen. Informantane fekk informasjon om undersøkinga, intervjuet, bruk av bandopptakar og det vart signert informert samtykke før eg starta intervjuet. Alle informantane gav samtykke til bruk av lydbandopptakar og det vart brukt to lydbandopptakar under intervjuet. Grunnen til to lydbandopptakar var i tilfelle den ein skulle slutte å virke eller ikkje fekk med seg alt som vart sagt (Tjora, 2010).

Intervjua vart fordelt på to dagar med eitt intervju ein dag og to intervju neste arbeidsdag. Informantane vart informert på førehand at intervjua kunne vare om lag 45-60 minutt og intervjua tok 30-, 40- og 45 minutt.

Intervjuguiden var delt opp i tema og når informanten var ferdig med eit tema, informerte eg og førebudde informanten på neste tema. På denne måten kunne informanten snakke fritt og eg gav informanten nokre tematikkrammer og spørsmål (Tjora, 2010). Under intervjuet gjorde den semistrukturerte intervjuguiden at eg kunne følgje opp tema som vart tatt opp undervegs sjølv om temaet skulle bli spurd om seinare i intervjuet.

Det vart gjort nokre notat under intervjua om viktige punkter og kroppsspråk som informantane uttrykte. På det første intervjuet var det noko meir notering enn ved dei andre intervjua. Innverknaden av å notere under intervjuet er at ein kan miste den personlege kontakten med informanten som det er moglegheit å få. Det kunne eg mogleg merke litt med det første intervjuet som gjorde at det vart notert mindre med dei to andre intervjua (Thagaard, 2013).

### **3.5.2 Gjennomføring av kvantitative spørjeskjema**

I gjennomføring av den kvantitative datainnsamlinga vart det nytta det elektronisk spørjeskjemaet Questback for å kunne sjå variasjonar og likskap i svara. Spørjeskjema var opent i to veker og hadde to påminningar. 64 respondentar gjennomførte undersøkinga på mobiltelefonen og 12 respondentar på datamaskin. Da spørjeskjemaet var stengt var det 76 svar som gav ein svarprosenten på 58,9. I følgje Haraldsen (1999) bør svarprosenten vere på 70 – 75 for å vere akseptabel. I perioden frå 2005 til 2014 var det 129 tidlegare elevar. Med Haraldsen (1999) sitt akseptable nivå for svarprosent på spørjeskjema vil det innebere ein svarprosent frå 79 – 84 stykk og resultatet vil vere nær akseptabelt nivå. Etter å ha vurdert datamaterialet vart det fjerna respondentar som ikkje hadde fullført utdanningsprogrammet, ikkje var ferdig med utdanningsprogrammet eller gav gode nok svar kvalitet på svaret om uteksaminering. Sju respondentar vart ekskludert frå spørjeskjema: Éin respondent hadde ikkje gjennomført første året, fira respondentar svarte at dei som var ferdig uteksaminert i 2018 og to respondentar svarte ikkje brukande årstal når dei var uteksaminert. Frå 76 svar vart det 69 svar i undersøkinga som gav ein svarprosent på 53,5.

## **3.6 Dataanalyse**

### **3.6.1 Analyse av intervju**

Etter datainnsamlinga av intervju vart data analysert og tolka (Johannessen et al., 2016). Analysering av tekstene var delt opp i tema for å finne mønster, meining eller budskap i materialet. Teksten vart arbeida til klartekst med å fjerne ordlydar for å redusere datamaterialet og systematisert for å ikkje mista viktig informasjon. Deretter vart datamaterialet tolka med dei identifiserte mønstera og tema for å vise perspektiv av informasjon i datamaterialet. Tolkninga av materialet er kategorisk inndelt og tema i intervjuguiden vart brukt som overskrifter for å beskrive kva teksten inneheldt i materialtolkinga (Johannessen et al., 2016). Resultatet av intervjuet vart brukt for å forstå meir av utdanningsprogrammet som kan bidra med å belyse analysen av spørjeskjemamaterialet.

### **3.6.2 Analyse av spørjeskjema**

Kvaliteten av dei 76 svara i det kvantitative spørjeskjemaet vart vurdert med inkluderings- og ekskluderingskriteria og 7 svar vart fjerna. I dei 69 inkluderte svara vart det funnet éin som hadde svært høg aktivitetsnivå i fleire aktivitetar. Etter ein vurdering av svara til vedkommande, vart vedkommande ikkje fjerna på grunn at det ikkje ville ha noko effekt på

det totale resultatet. Svare frå spørjeskjemaet vart overført til behandling og analyse i statistikkprogrammet SPSS.

Etter kvalitetsvurderinga vart datamaterialet korta ned for å gjere materialet lettare å handtere. Til dømes det første spørsmålet om ein hadde fullført første år VG1 med friluftsliv vidaregåande utdanning vart fjerna. Registrert dato og tidspunkt vart omkoda til skjemanummer, kjønn og alle skalaer vart koda om (Johannessen, 2009).

Datamaterialet vil bli presentert deskriptivt og med frekvensfordeling. I presentasjonen av datamaterialet er det valt søylediagram for å få lettare oversikt over data. Det deskriptive datamaterialet er kategoriske variablar med nominalnivå som til dømes bakgrunnsinformasjon om kjønn, utdanning eller ja og nei spørsmål om ein har vert trenar (Vedlegg 11.2 Spørjeskjema, 2, 9, 35). For å finne mean, maks, minimum og standard deviation på alderen til respondentane, vart det lagd ein ny variabel og gjennomført deskriptiv statistikk. På utdanningsspørsmåla vart det blant anna gjennomført ein krysstabell for å finne til dømes utkven som hadde gjennomført bachelor friluftsliv. Resultata frå spørsmål om utdanning vart koda om for å gjere det presentabel.

Aktivitetsspørsmåla med ein skala frå 1 til 5 vart behandla som ordinalnivå. Med spørsmål i spørjeskjema som hadde skala vart det gjennomført ein frekvensfordeling med dei kategoriske variablane. I analysane av frekvensfordelinga er det brukt mean og sum (Johannessen, 2009). Bustadspørsmålet vart koda om der største bustad vart koda 5 og minst bustad vart 1.

Alle svaralternativa om aktivitetsnivå vart koda om frå 5 til 3 skala for å forenkle variablane. Dei som svarte 22-100 dagar var kategorisert som «aktiv», 1-21 dagar var «litt aktiv» og 0 dagar var «ikkje aktiv». Det er til dømes brukt paired t-test på spørsmål om innverknad i oppveksten for å teste middelverdiane opp i mot kvarandre. Dette nytta Nykrog (2013) og for å sjå samanhengen mellom to variablar og ein sannsynlegheitstest med signifikantnivå på  $p < 0,05$ . Eg valte lik test, p-verdien og viss p-verdiane er under 0,05 som vil seie det er ein samanheng og det er 5% sjanse for at ein tar feil (Grønmo, 2016). Viss det er bortfall eller mangel på svar på spørjeskjema, er dei ikkje tatt med i resultatata. I resultatet gjelder det 1,4 – 7,2% av utvalet på enkelte spørsmål og vil ikkje ha innverknad på resultatet (Johannessen et al., 2016).



På spørsmål 18 i spørjeskjema om kva eller kva hadde størst innverknad på dine friluftslivaktivitetsvaner opp til 19 år, vart det gjennomført ein deskriptiv analyse og for å sjå kjønnsforskjellen, ein independent samples T – test (Vedlegg 11.2 Spørjeskjema).

Signifikanttesten T – test vart gjennomført for å sjå om det var skilnad i gjennomsnittet i utvala. Viss det er ingen skilnad mellom to utval, vil p-verdien vere 1,0 og viss p-verdien er mindre, er det større differanse i gjennomsnittet i utvalet (Johannessen, 2009). I analysen av svara på spørsmål 31 om respondentane hadde arrangert turar etter utdanningsprogrammet, var eitt svar ikkje tatt med (Vedlegg 11.2 Spørjeskjema; Tabell 8). Dette var fordi vedkommande svarte at ein hadde arrangert tur for alle gruppene og ikkje hadde arrangert tur. Spørsmål om arrangering av turar etter utdanningsprogrammet og deltaking på kurs vart analysert som fleire svar i SPSS.

### **3.7 Validitet og reliabilitet**

I dette avsnittet ynskjer eg å legge fram vurdering av validitet og reliabilitet til resultatata grunngeving for metodeval. Skal ein vurdere validiteten kan ein sjå på resultatet frå intervju og spørjeskjema opp i mot problemstillinga. Ein kan sjå om ein får svar på det ein har spurd om (Haraldsen, 1999; Johannessen et al., 2016). Eg har vurdert undersøkinga med vitenskapelig validitetsstandard der ein samanliknar resultatet med liknande undersøkingar som til dømes Skogvang (1993), Nykrog (2013) og Gass et al. (2003). Eg vil ta for meg omgrepa i intervju, deretter i spørjeskjema.

### **Intervju**

Den kvalitative undersøkinga kan sikre god validitet gjennom oppfølgings- og utdjuingsspørsmål som styrker datamaterialet. Den kvalitative undersøkinga kan sikre god validitet med at det vart valt semistrukturert intervjuguide med oppfølgings- og utdjuingsspørsmål som styrker datamaterialet (Dalen, 2011; Larsen, 2017). Den interne validiteten handlar om kor godt resultatata svarer på problemstillinga (Kvale et al., 2015). Reliabiliteten til forskinga er at framgangsmåten for innhenting og analyse av data kan etterprøvast med same metode av andre forskarar. Kvalitative undersøkingar kan vere vanskeleg å gjenskape eksakt, for både informantane kan skifte jobb og omstendigheitane vil kunne forandre seg (Dalen, 2011; Dalland, 2012).

I innsamlinga av det kvalitative datamaterialet var det eg som var intervjuar. Dermed unngjekk ein moglegheita for intervju-effekten, med til dømes at informantane vert påverka av

fleire intervjuarar (Haraldsen, 1999; Thagaard, 2013). Eg er nybyrjar som intervjuar og intervjuinformantane var ressurssterke. Når det er tilfelle vil i følge Johannessen et al. (2016) ein meir bevisst og aktiv forskarrolle få meir uttøling i samtalan som kan gi meir auka validitet og reliabilitet. Med utgangspunktet til Johannessen et al. (2016) om forskarrolla vart det derfor gjennomført eit piloteringsintervju for å teste, vurdere intervjuguiden og gjort justeringar i etterkant. Pilotintervjuet ville også bidra slik at eg fekk prøvd meg sjølv som intervjuar, fordi det å bli ein god intervjuar krev trening (Dalen, 2011).

Informantane vart strategisk valt ut for sin kunnskap- og langvarige arbeid med utdanningsprogrammet. Dei kunne vere gode informantar for validiteten til innhaldet som styrka resultatet sitt pålitelegskap. For å få reliabilitet med kvalitativ metode har eg vert så nøyaktig som mogleg i beskrivinga av kvart ledd i forskingsprosessen, slik at andre forskarar kan vurdere kritisk kvaliteten på dataen (Dalen, 2011).

Sidan eg sjølv er friluftslivinteressert og har studert friluftsliv, har eg prøvd å vere nøytral i arbeidet. I tolkinga av datamaterialet ynskja eg å trekke fram det spesielle i undersøkinga. I tolkinga har eg sett på det heilskaplege framfor delanalyse som kan bidra til tolkingsvaliditet (Dalen, 2011). Transkripsjon av intervjuar skulle få fram ein autentisk forståing av informantane sin kunnskap og erfaringar med utdanningsprogram (Postholm, 2010). Den eksterne validiteten var i tråd med enkelte punkter frå intervju datainnsamlinga stemde med tidlegare forskning som vart presentert i innleiinga.

## **Spørjeskjema**

Hovuddelen av spørsmåla i spørjeskjema er basert på tidlegare studiar som Skogvang (1993) og Nykrog (2013), noko som kan styrke reliabiliteten (Johannessen et al., 2016) . Det var valt ein femdelte skala ut i frå tilråding i metodelitteratur om at det er gunstig for å sikre datakvalitet med konsistente svar, høgare reliabilitet og validitet (ibid). Det vart gjennomført ein pilotering av spørjeskjema som bidrog til å vidareutvikle spørjeskjema slik at det kunne auke validiteten (Postholm, 2010). Etter piloteringa vart det gjennomført ein kort brukarevaluering med testrespondentane for metodisk validitet og styrking av reliabilitet (Haraldsen, 1999). Tilbakemeldinga frå respondentane var at det var noko uklarheit om enkelte omgrep og ynskjer om fleire svaralternativ på nokre spørsmål.

Spørsmåla i undersøkinga vil kunne gi gode haldbare svar. Dette er fordi spørsmål med for lang tidsperiode der respondentane må tenke, vil kunne gi reliabilitetsproblem. Ein hjelpesetning var tilleggsinformasjon til respondentane for hjelpe dei å hugse ved aktivitetsspørsmål. (Vedlegg 11.2 Spørjeskjema, 16; Haraldsen, 1999). Respondentane skulle i spørsmål 16-20 svare kor ofte og kva aktivitetar dei har utøvd dei siste 12 månadane. Seinare i spørjeskjemaet la eg inn eit spørsmål der respondentane skulle sjølv vurdere kor aktiv dei er i dag (vedlegg 11.2 Spørjeskjema, 16-20, 25). Eit sjølvvurderingss spørsmål kan vurdere pålitelegskapen til respondentane sine svar og kvalitetssikring. Det vart gjort for sjå om det til dømes var lite utøving av aktivitetar og respondentane vurderer seg som svært aktive (Haraldsen, 1999). I analyseringa av datamaterialet frå spørjeskjema var det funnet ein respondent som vurderte seg litt aktiv, men hadde høgt aktivitetsnivå.

Med pilotinga og marknadsføring av undersøkinga var det grei svarprosent som styrka validiteten (Haraldsen, 1999). Resultata i undersøkinga vert vurdert opp i mot funna til blant anna Nykrog (2013); Skogvang (1993); SSB (2017) for å sjå om deira forskning stemmer med resultatet i undersøkinga (Thagaard, 2013). Det kan vere ein utfordring at personar ikkje svarer ærleg på spørjeskjema. Dette er fordi menn ofte har ein tendens til å overdrive og kvinner til å underdrive aktivitetsnivået med sjølvrapportering av fysisk aktivitet (Jacobsen, 2015).

Den eksterne validiteten referer til om funna i resultatet kan overførast til andre område (Tjora, 2010). Den eksterne validiteten med andre vidaregåande skular er ikkje sterk. Dette er fordi denne undersøkinga er spesifikk retta mot eitt utdanningsprogram på vidaregåande skule og det er få vidaregåande skular i Norge som hadde liknande utdanningsprogram.

Undersøkinga vil kunne ha ekstern validitet med dei andre vidaregåande skulane som har likt utdanningsprogram.

### **3.8 Etikk**

Det vart sendt inn meldeskjema til Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatenester (heretter referert som NSD) grunna datainnsamlinga av personopplysingar. Det er meldt til NSD at avsluttinga av studiet vart utsett til 31.05.19. NSD nemnde at undersøkinga ikkje var anonym når det vart registrert e-post eller IP-adresse som eg hadde skissert ved det innsende informasjonsskrivet til NSD (vedlegg 11.5 Godkjenning frå NSD). Setninga om at undersøkinga var anonym vart derfor fjerna. Elevlistene frå skulen var ikkje taushetsunderlagt slik at dei vart utlevert frå

skulen. NSD nemnde at sidan prosjektet handlar om éin skule skulle eg vere varsam med å nemne namn, yrkestittel, kjønn og alder på informantane, noko eg har følgd opp. Både spørjeskjema og intervju er basert på informasjon om utdanningsprogrammet og informert samtykke. I spørjeskjema vart deltakarane informert viss dei svarte i spørjeskjema at dei samtykka til deltaking. Informantane fekk informasjonsskriv og informasjon om bruk av bandopptakar i forkant av intervju. Det vart nytta Questback i den kvantitative datainnsamlinga som Høgskulen på Vestlandet har avtale med og etter 6 månadar vil informasjonen bli sletta. Stadnamn og pseudonym er nytta for unngå identifisering av skulen, og -intervju vart transkribert til nynorsk. Dette vart gjort med tanke på det etiske omsynet med presentasjon av intervjudatamateriala og at informantane ikkje skal kome til skade eller kunne bli identifisert (Tjora, 2010, s.141).

### **3.9 Metoderefleksjon**

Å bruke ein fleirmetodisk tilnærming med både kvalitativ- og kvantitativ data vil kunne gi eit breiare og rikare forståing av fenomenet, men det er meir tidkrevjande (Jacobsen, 2015). I analysearbeidet ville det vert ein fordel å ha to eller fleire tilsvarande einskapar til samanlikning. Undersøkinga kunne ha vert gjennomført berre kvantitativ med spørjeskjema der ein undersøkte fleire tilsvarande vidaregåande utdanningsprogram. Undersøkinga har ikkje som mål å generalisere, men heller å få fram data som grunnlag for refleksjon og eventuelt inspirasjon for andre skular. Valet av éin skule og eitt utdanningsprogram var på grunn omfang og tid til disposisjon med eitt masterprosjekt.

I datainnsamlinga gav pilotundersøkingane moglegheit til å sikre betre validitet og reliabiliteten i datamateriala. Det kunne vert gjennomført endå ei pilotundersøking av både det ferdige spørjeskjemaet og intervjuguiden for å sjå om justeringane av spørsmåla gav betre svar. For å få sikre validitet i spørjeskjemaet kunne alle spørsmåla vert obligatoriske slik at eg ikkje mista datamateriale eller måtte trekke vekk svar. Berre bakgrunnsinformasjonen var obligatorisk og det vart vurdert viss alle spørsmål var obligatorisk, at det kunne føre til at respondentane føler seg tvungne til å svare. Det var likevel ein akseptabel svarprosent som mogleg kan vere god marknadsføring med hjelp frå skulen og informantane (Haraldsen, 1999).

Minnet til respondentane kan vere ein utfordring om kva og kor ofte dei har gjort ulike friluftslivsaktivitetar dei siste 12 månadane. Det vart brukt lik hjelpetekst som Skogvang

(1993) nytta i sin undersøking for å hjelpe respondentane med minne. På spørsmål om fritidsaktivitetar kunne langtidssjukdom føre til ulikskap i svara. Det var ikkje eit spørsmål om respondentane hadde vert hindra dei siste 12 månadene frå å vere aktive.

Friluftslivsaktivitetane har eg kategorisert slik det kan vere lettare å hugse turane. Ein tar som regel utgangspunktet i at aktivitetsnivået har ligge stabilt heile tida, men eigentleg har aktivitetsnivået vert varierende. Ein teleskopeffekt er at ein flytter hendingar som har skjedd, viss ein må minnast kva ein har gjort i ein lang tidsperiode. Ein har lettare for å hugse hendingar med glede eller til dømes gode opplevingar med friluftslivturar (Haraldsen, 1999).

I analysen av datamaterialet ser ein at eg kunne ha valt meir standardiserte spørsmål lik SSB (2017). Det ville gjort det lettare å direkte samanlikne resultata. Grunnen til val av spørsmåla frå Nykrog (2013) var fordi eg ynskja eit meir nyansert og breitt svar på aktivitetane frå respondentane.

## 4. Resultat

Dette kapittelet vil presentere sentrale funn frå spørjeskjemaundersøkinga som er oppgåva sitt primære datamateriale. Intervjumaterialet som sekundær data vil bli presentert og det blir nytta inn i drøftinga i neste kapittel. Resultata som blir presenterte er først informasjon om respondentane, deretter resultat knytt til kvar av dei fire målområda. Dette inkluderer rangert tabelloversikt over aktivitetar, svar om natur og miljø, forhold som har hatt innverknad på respondentane sine friluftsliv og natur- og miljøsyn og kven som har arrangert tur eller deltatt på kurs etter utdanningsprogrammet. Mengde vil heretter bli referert til som N, gjennomsnittet eller mean som M og standard deviation som SD.

### 4.1 Informasjon om respondentane

Eg vil først presentere svara frå bakgrunnsinformasjonen frå respondentmassen og informantane for å gi ein oversikt over kven dei er. Det vart gjennomført ein deskriptiv analyse av bakgrunnsinformasjonen. I undersøkinga var det 69 respondentar med lik kjønnsfordeling av menn (49,3%, N=34) og kvinner (50,7%, N=35). Respondentane var unge (M=22,84, SD=3,239) og alderen på respondentane var frå 19-31 år. Dei fleste respondentane var ferdig uteksaminert i 2013 (M=2013,67. SD=3,071) og respondentane var uteksaminert i perioden 2006 til 2017. Om sivilstatus var fleste respondentane single (43,5%), hadde enten kjærast (29%) eller samboar (24,6%) og få var gifte (2,9%). Det var få respondentar hadde barn (N=8) og av dei var det 37,5% som hadde 1 barn i alderen 0-5 år, 50% som hadde 2 barn i 0-5 år og 12,5% hadde 2 barn i alderen 0-5 år og 6-12 år (N=69).

Dei fleste respondentane (59,4%) budde i Hordaland og dei andre budde i Oslo (8,7%), Sogn og Fjordane (7,2%), Oppland og Troms (5,8%), Telemark (4,3%) og det var få i Hedmark, Aust-Agder, Møre og Romsdal, Akerhus, Nordland og Svalbard (1,4%). Dei fleste respondentane budde i ein mindre tettstad 2000-19999 innbyggjarar (36,2%) til storby over 100 000 innbyggjarar (29%). Det var få (5,8%) som budde ein mindre tettbygd strøk under 200 innbyggjarar (8,7%) eller mellomstor by på 20 000 – 100 000 innbyggjarar (5,8%).).

Over halvparten (55,1%) av respondentane var studentar. Deretter var anna yrke, jobb eller status (34,8%) og det var få som jobba innan reiseliv/turisme (4,3%), naturbruk (1,4%) og var heimeverande (1,4%). På spørsmål om utdanning var det mogleg å svare fleire utdanningssvaralternativ og skrive inn anna svar. Ingen av respondentane hadde doktorgrad

og det var mange respondentar som hadde gjennomført bachelorutdanning (38%) og årsstudium (15,2%). Det var få respondentar som hadde gjennomført masterutdanning (4,3%), befalsskule (3,3%), folkehøgskule (9,8%), førstegongsteneste/sivilteneste (19,6%) og/eller anna utdanning (9,8%) (N=67). Mange respondentar (87%) hadde tilgang til eller leige av hytte i oppveksten (N=69). Dei siste 12 månadane var det 21,7% som hadde 22-100 dagar, 72,5% med 1-21 dagar og 5,8% hadde 0 dagar med hytteovernattingar (N=69).

## 4.2 Aktivitet

Tabell 1 viser den kva- og kor ofte respondentane gjennomførte ulike friluftslivsaktivitetar. Tabellen er rangert frå høgast til lågast aktivitet etter gjennomsnittet der 0 er ingen aktivitet, 1 er litt aktiv (1-21 dagar) og 2 er aktiv (22-100 dagar).

Tabell 1. Aktivitetsnivå rangert etter gjennomsnitt frå høgast til lågast aktivitet.

Variabel	N	M	SD
Fotturar i skog og mark under 3 timar	69	1,54	,502
Fotturar i fjellet under 3 timar	68	1,18	,571
Fotturar i fjellet lengre enn 3 timar	69	1,12	,557
Fotturar i skog og mark lengre enn 3 timar	68	1,04	,471
Bade-/strandturar	69	,99	,528
Båttur	68	,96	,609
Fiske etter anna	68	,87	,621
Skiturar i fjellet lengre enn 3 timar	68	,84	,704
Skiturar i skog og mark under 3 timar	68	,84	,589
Frikøyring i alpinanlegg/ knytt til alpinanlegg	69	,83	,685
Skiturar i fjellet under 3 timar	68	,82	,668
Toppturar	69	,68	,606
Fiske i ferskvatn	68	,66	,563
Kajakkturar	68	,62	,574
Skiturar i skog og mark lengre enn 3 timer	67	,61	,650
Klatring inne	69	,58	,651
Bærtur	69	,54	,584
Sykling på tur eller mark	69	,46	,558
Fiske etter laks, sjørret, sjørøye	68	,44	,608
Storvilt jakt	69	,42	,628
Småvilt jakt	69	,42	,604
Snøskuterkøyring	68	,40	,602
Klatring ute	69	,39	,574
Roing	68	,37	,544
Kanopadling	69	,36	,542
Snøhule/kantgrop	68	,34	,536
Rafting	68	,29	,575
Brevandring	69	,28	,511
Sopptur	69	,28	,482
Elvekajakk	68	,26	,536

Riding/ kløving	69	,25	,553
Juvvandring, grottevandring eller liknande	68	,22	,452
Bølgesurfing	68	,19	,432
Skøyter	68	,16	,409
Hundekøyring	69	,14	,430
Seiling	69	,13	,417
Downhillsykling	69	,12	,365
Kiting	68	,07	,315

Fotturar var dei aktivitetane som flest respondentar hadde utøvd dei siste 12 månadane. Korte turar under 3 timar i skog og mark og i fjellet var mest populært blant respondentane. Det var ingen som var «ikkje aktiv» (0 dagar) på fotturar under 3 timar i skog og mark (Vedlegg 11.4.1 Friluftslivsaktivitetar og aktivitetsnivå). Hausting og sanking med bær- og soppturar var det lite oppslutning rundt hos respondentane og det same gjeld små- og storvilt jakt.

Blant vann-, fjord-, elv- og fiskeaktivitetar var bade- og strandturar og båtturar populære aktivitetar. Det var mange som var litt aktive (1-21 dagar) i aktivitetane bade- og strandturar (72,5%) og båtturar (63,2%) (N=69). Det var få respondentar som hadde bølgesurfa dei siste 12 månadane (Tabell 1; Vedlegg 11.4.1 Friluftslivsaktivitetar og aktivitetsnivå). I fiskeaktivitetar var det flest respondentar som hadde fiska etter «anna fisk». Det var fleire respondentar som hadde fising i ferskvatn enn etter laks, sjørørret, sjørøye dei siste 12 månadane. Å dra på kajakkur var det fleire respondentar som hadde gjort enn kanotur. Det var få som hadde vert aktive respondentar i elvekajakk, rafting roing og seiling dei siste 12 månadane (Tabell 1). Kiting var den aktiviteten med minst oppslutning rundt og få aktive (5,8%) dei siste 12 månadane (Tabell 1).

I vinteraktivitetane var det tilnærma likt aktivitetsnivå mellom dei som hadde vert på skitur i skog og mark under 3 timar og skiturar i fjellet lengre enn 3 timar. Det var fleire respondentar som hadde vert på skiturar i fjellet under 3 timar enn skiturar i skog og mark lengre enn 3 timar (Tabell 1). Det var få respondentar som hadde vert på snøhole/kantgropturar ( $M=.34$ ,  $SD=.536$ ) dei siste 12 månadane (N=68). Dette samsvarer med kor mange overnattingar respondentane hadde i snøhole eller kantgrop ( $M=.32$ ,  $SD=.500$ , N=69). Det var fleire som hadde frikøyring og køyring i alpinanlegg eller i knytt til alpinanlegg enn dei som hadde vert på toppturar (Tabell 1). Skøytetur på fjord og innsjø var ein aktivitet som få respondentar hadde utøvd dei siste 12 månadane.

I andre friluftslivsaktivitetar som var utøvd dei siste 12 månadane, var det fleire som hadde klatring inne (49,6%) enn å klatra ute (34,7%). Det var fleire som hadde vert på sykletur eller



i mark enn snøskuterkøyring. Det var lågare oppslutning rundt aktivitetane som brevandring, ridning/kløving, juvvandring, grottevandring eller liknande, hundekøyring og downhillsykling (Tabell 1).

Det vart gjennomført ein indepentant t –test for å sjå på kjønnskilnaden og dei med barn om aktivitetsnivå. Menn var meir aktiv i: Småvilt jakt, kiting, snøskuterkøyring og brevandring. Dei med barn var mindre aktive ved aktivitetar som bærtur,  $p=,102$ , klatring inne  $p=,004$  og kajakk  $p=,002$  (N=8). Dei var ikkje aktive (0 dagar) i aktivitetar som: Brevandring, skøyter, snøhole/kantgroptur, soppturar, bølgesurfing, elvekajakk, kiting, seiling roing, rafting, frikøyring i alpinanlegg/knytt til alpinanlegg, juvvandring, grottevandring eller liknande og skiturar i skog og mark lengre enn 3 timar.

#### 4.2.1 Aktiv i friluftsliv i oppveksten og i dag

Det vart gjennomført ein paired samples t-test for å sjå om det var ein samanheng mellom kor aktiv respondentane vurderte seg sjølv i friluftsliv i oppveksten ( $M=1,79$ ,  $SD=,407$ ,  $N=68$ ) og kor aktiv ein var i friluftsliv i dag ( $M=1,43$ ,  $SD=,528$ ,  $N=69$ ). Maksimum aktivitetsnivå var 2 og det var ein liten skilnad ( $M=,353$ ) mellom aktivitetsnivået i oppveksten og i dag. Tabell 2 viser kor aktive respondentane vurderte seg sjølv i friluftsliv i oppveksten og i dag.


Tabell 2. Aktiv i friluftsliv i oppveksten og i dag

Spørsmål	Variabel	Total (%)	N
Kor aktiv utøver av friluftsliv vurdere du seg sjølv i oppveksten (0-19 år)?	Ganske aktiv	79,4	54
	Litt aktiv	20,6	14
	Aktiv	100	68
	Ikkje aktiv	0	0
<b>Totalt</b>		<b>100</b>	<b>68</b>
Kor aktiv vurderer du seg sjølv innan friluftsliv i dag?	Ganske aktiv	44,9	31
	Litt aktiv	53,6	37
	Aktiv	98,6	68
	Ikkje aktiv	1,4	1
<b>Totalt</b>		<b>100</b>	<b>69</b>

Testen mellom kor aktiv ein vurderte seg sjølv i oppveksten og i dag var ein  $p$  verdi  $=,428$ . Med ein signifikant verdi på 0,05 viste testen at det var ein signifikant samanheng mellom aktivitetsnivået i oppveksten og i dag. Det var likskap ( $p=,237$ ) mellom kjønn i sjølvvurderinga av kor aktiv ein var i oppveksten. I vurderinga av kor aktive ein var i friluftsliv i dag, var det skilnad ( $p=,420$ ) der kvinner vurderte seg meir aktive i dag.

#### 4.2.2 Innverknad på friluftslivsaktivitetsvaner fram til 19 år

Det vart stilt spørsmål til respondentane om kven eller kva som hadde størst innverknad på dei friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år (Vedlegg 11.2 Spørjeskjema 18). Resultat til kva deltakarane svarte, er oppgitt i mean. Resultatet er rekoda frå 5 til 3 verdiar, der 1 er i liten grad innverknad og 3 er i stor grad innverknad.



Figur 1. Kven eller kva hadde størst innverknad på dine friluftsliv aktivitetsvaner opp til 19 år?

I resultatet var det fire forhold som skilte seg ut som hadde størst innverknad; skulen, far, mor og venner eller bekjente. Skulen var det forholdet som hadde størst innverknad. Ein independentant samples t-test viste at det var likt mellom kjønn og innverknad i friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år.

#### 4.2.3 Interesse for friluftsliv

Respondentane vart spurd om kva type friluftsliv dei var interessert i. Dei kunne velje mellom tradisjonell haustingsfriluftsliv, turfriluftsliv og spesialisert friluftsliv. Det vart stilt spørsmål om dette for å kunne sjå interessa opp i mot aktivitetsvanane.

Tabell 3. Kva form for friluftsliv er du mest interessert i dag?

Variabel	Variabel	Total (%)	N
Tradisjonell haustingsfriluftsliv (matauk til dømes jakt, fiske, bær-/sopplukking)	Interessert	37,3	25
	Litt interessert	55,2	37
	Ikkje interessert	7,5	5
		100	67
Turfriluftsliv (turar til fots og ski)	Interessert	66,7	46
	Litt interessert	33,3	23
	Ikkje interessert	0	0
		100	69
Spesialisert friluftsliv (kunnskap og ferdigheit er viktig, til dømes fluefiske, fjellklatring, terrengsykling, kajakk, kiting).	Interessert	30,4	21
	Litt interessert	59,4	41
	Ikkje interessert	10,1	7
		100	69

Variablane var skalert som ikkje interessert var 0 og 2 er interessert. Resultatet viste at det var mest interesse for turfriluftsliv ( $M=1,67$ ,  $SD=,475$ ), litt lågare interesse for tradisjonell haustingsfriluftsliv ( $M=1,30$ ,  $SD=,603$ ) og lite oppslutning omkring spesialisert friluftsliv ( $M=1,20$ ,  $SD=,608$ ) ( $N=69$ ).


#### 4.2.4 Kva for 3 forhold som har hatt innverknad på friluftslivsvaner i dag

For å finne meir ut av innverknaden utdanningsprogrammet mogleg har hatt på respondentane, vart det stilt spørsmål om kva ulike forhold dei trudde hadde hatt mest innverknad på deira friluftslivsvanar. I spørsmålet skulle dei velje tre forhold og prioritere desse frå 1 til 3, der 1 hadde mest innverknad. I tabell 4 er resultatata oppgitt i prosent. Dei tre forholda som har hatt mest innverknad er utheva.

Tabell 4. Kva for 3 forhold du trur har hatt mest påverknad på din friluftsliv aktivitetsvaner i dag, i prioritert rekkefølge (N=69)?

Forhold	1. prioritert	2. prioritert	3. prioritert	Ikkje svart	Total (%)
Deltaking i friluftslivkurs av frivillig organisasjon	1,4	4,3	0	94,2	100
Ein hobby/interesse som førte meg i naturen	<b>27,5</b>	<b>17,4</b>	<b>15,9</b>	39,1	100
Familiens moglegheit for å disponere hytte	2,9	<b>18,8</b>	10,1	68,1	100
Foreldra sitt forhold til friluftsliv	<b>23,2</b>	<b>17,4</b>	<b>13</b>	46,4	100
Innhald og opplegg i folkehøgskulen	0	4,3	1,4	94,2	100
Innhald og opplegg i grunnskulen	4,3	0	1,4	94,2	100
Innhald og opplegg i høgare utdanning	0	1,4	2,9	95,7	100
Innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen	<b>29</b>	11,6	<b>23,2</b>	36,2	100
Medlemsskap i ein organisasjon med friluftsliv program	1,4	0	1,4	97,1	100
Søsken sitt forhold til friluftsliv	1,4	1,4	4,3	92,8	100
Venners forhold til friluftsliv	4,3	14,5	11,6	68,6	100
Andre forhold	1,4	5,8	11,6	81,2	100

Resultatet i tabell 4 viser at forholdet «innhald og opplegg i vidaregåande grunnskule» var det mest valte første- og tredje prioriterte forholdet som respondentane trudde hadde påverknad på deira aktivitetsvanar i dag. Figur 2 viser oversikt over kva var gjennomsnittsvara frå respondentane om kva forhold som hadde innverknad på deira friluftslivsaktivitetsvanar i dag.



Figur 2. Kva for 3 forhold trur du har hatt mest påverknad på din friluftsliv aktivitetsvaner i dag, i prioritert rekkefølge (N=69)?

Dei øvste forholda som flest respondentar valte var «innhald og opplegg i den vidaregåande grunnskulen» som hadde hatt mest innverknad på deira friluftslivsaktivitetsvaner. Deretter var det «ein hobby/interesse som førte meg i naturen», «foreldre sitt forhold til friluftsliv» og «familiens moglegheit til å disponere hytte».

Ein independent samples t-test viste at det var ingen signifikant skilnad mellom kjønn om forholda: «Innhald og opplegg i folkehøgskulen» og «innhald og opphald i høgare utdanning», «medlem i ein organisasjon med friluftsliv program» og «andre forhold». Det var det ein signifikant skilnad der menn svarte at desse forholda hadde meir innverknad enn kvinner: «Deltaking i friluftslivkurs i ein frivillig organisasjon», «familie moglegheit for å disponere hytte», «venner sitt forhold til friluftsliv» og «innhald og opphald i grunnskulen». Kvinner svarte at desse forholda gav meir innverknad enn menn: «Ein hobby/interesse som føre meg ut i naturen», «foreldre sitt forhold til friluftsliv», «innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen» og «søsken sitt forhold til friluftsliv».

## 4.3 Naturkjennskap

### 4.3.1 Naturkjennskap

Målområdet naturkjennskap ynskjer å gi elevane medviten haldning til naturen, få kunnskap om mennesket sitt innverknad på verda og forstå naturlege samanhengar. Det kan vere at elevane ynskjer å ta meir vare på naturen viss dei får kunnskap om mangfald, bli glad i ulike naturformar og kjent med naturen. Det vart gjort ein frekvens- og deskriptiv analyse av natur- og miljøomsyn respondentane gjorde i dag. Tabell 5 viser oversikt over kor stor grad miljømedviten respondentane vurderte seg sjølv som i dag.

Tabell 5. Kor stor grad vurderer du deg sjølv som miljøbevisst i dag (N=69)?

Variabel	Total (%)	N
Stor grad	58	40
Nøytralt	30,4	21
Liten grad	11,6	8
Total	100	69

Det var ein positiv vurdering kor over halvparten av respondentane vurderte seg sjølv i dag i stor grad miljømedviten. Det vart gjennomført ein independent samples t-test for å sjå på skilnaden mellom menn (M=2.59, SD=.701) og kvinner (2.34, SD=.684). Menn vurderte seg meir miljømedviten ( $p=.146$ ) enn kvinner. Det vart stilt spørsmål til respondentane for å finne ut kva og kor ofte dei gjer ulike omsyn i dag for natur og miljøet. Tabell 6 viser oversikt over kva respondentane svarte presentert i prosent:

Tabell 6. Kva gjer du i dag for å ta omsyn til natur og miljøet?

Omsyn	Variabel	Total (%)	N
Driver med kjeldesortering	Ofte	76,5	52
	Litt	23,5	16
	Aldri	0	0
		100	68
Går, sykler eller bruker kollektiv transportmiddel	Ofte	66,7	46
	Litt	27,5	19
	Aldri	5,8	4
		100	69
Sparer energi ved å senke romtemperaturen, spare på varmt vatn osv.	Ofte	31,9	22
	Litt	50,7	35
	Aldri	17,4	12
		100	69
Plukkar søppel eg ser når eg går på tur	Ofte	46,4	32
	Litt	44,9	31
	Aldri	8,7	6
		100	69
Vel miljøvenlege daglegvarer, resirkulert papir/plast, gjenvinnbar emballasje osv.	Ofte	20,3	14
	Litt	68,1	47
	Aldri	11,6	8
		100	69
Andre omsyn	Ofte	26,1	18
	Litt	59,4	41
	Aldri	4,3	3
		100	69


Variablane var skalert der aldri var 0 og 2 var ofte. Dei fleste respondentane dreiv ofte i dag med kjeldesortering ( $M=1,76$ ,  $SD=,427$ ,  $N=68$ ) og brukte alternative transportmiddel ( $M=1,61$ ,  $SD=,599$ ,  $N=69$ ) som å «gå, sykle eller kollektiv transportmiddel». Å «plukkar søppel eg ser når eg går på tur» vart litt og ofte gjort ( $M=1,38$ ,  $SD=,644$ ,  $N=69$ ) av respondentane. Det var få av respondentane som «sparer energi ved å senke romtemperaturen, spare på varmt vatn osv» ( $M=1,14$ ,  $SD=,693$   $N=69$ ). Det var lågare oppslutning ( $M=1,09$ ,  $SD=,562$ ,  $N=69$ ) omkring dei som «valte miljøvenlege daglegvarer, resirkulert papir/plast, gjenvinnbar emballasje osv.». Det var fleste respondentane som gjorde litt ( $M=1,24$ ,  $SD=,534$ ,  $N=62$ ) «andre omsyn» til natur og miljø.

## 4.4 Sosialisering

### 4.4.1 Forhold som har hatt innverknad på elevane sitt friluftsliv og natur- og miljøvern

I målområdet sosialisering skal elevane lære å planlegge, organisere og samarbeide. Om sosialisering står det at det på utferdar kan vere utfordringar undervegs som må løysast i samhandling med naturen og medmenneske. Å utvikle sosial kompetanse er eit mål i

sosialiseringprosessen (Frønes, 2006; Manger & Lillejord, 2013). Det vart stilt spørsmål til respondentane for å finne meir ut om kva for forhold dei opplevde i utdanninga som hadde innverknad på deira forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern. Figur 3 viser ein oversikt over kor stor grad ulike forhold har hatt for respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern.



Figur 3. Kor stor grad vil ein seie forholda har hatt for ditt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern? (N=69)

Dei fire øvste forholda var; «Naturopplevingar», «lærarane», «fekk utfordringar» og «oppleve spenning». Resultatet viser at forholdet «naturopplevingar» hadde høgast innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern. «Lærarane» (75,4%) hadde i stor grad innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern. Ein stor del av respondentane (73,9%) at det å «oppleve spenning» var eit viktig forhold (Vedlegg 11.4.2). Dette var likskap med forholdet «fekk utfordringar» (69,6%) som gav ein stor grad av innverknad (Vedlegg 11.4.2).

Independent samples t-test viste likskap mellom kjønna med desse forholda som hadde hatt innverknad på deira forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern: «Politiske diskusjonar og



engasjement i undervisninga», «fekk utfordringar», «naturopplevingar» og «opplevde spenning». Det var ulikskap mellom kjønna kor menn meinte følgande forhold hadde meir innverknad enn kvinner: «Det faglege innhaldet», «samarbeid på tvers av fag» og «opplevde nye sider av med elever». Kvinner svarte at desse forholda hadde hatt meir innverknad på deira friluftsliv: «Lærarane», «venner med felles interesser», «val av kursstad» og «andre forhold».

## 4.5 Vegleiarrolla

Utdanningsprogrammet har som mål å lære elevane til å kunne organisere aktivitetar for ulike grupper som til dømes barnehagar, skuleborn, turistar og eldre. Det vart stilt spørsmål til respondentane om dei hadde arrangert turar for ulike grupper og om dei hadde deltatt på kurs etter utdanning. Ein undersøkte om som har eller driv eigen bedrift innanfor friluftsliv, tillegg om dei brukte sine ferdigheiter og kompetanse som trener eller instruktør for idrettslag eller med organisasjon innanfor friluftsliv.

### 4.5.1 Arrangert turar for ulike grupper.

Ein fleirsvarsfrekvens-analyse vart gjennomført av resultatane om respondentane hadde arrangert turar etter utdanninga. På dette spørsmålet var det mogleg å velje fleire svaralternativ og å utdjupe med tekst for eventuelle andre grupper.

Tabell 7. Har du etter studiet arrangert turar for nokre av gruppene under?(N=56)

Variabel	Total (%)	N
Barnehage	15,1	11
Eldre	5,5	4
Skulebarn	17,8	13
Turistar	19,2	14
Arrangerte turar	57,6	42
Ikkje arrangerte turar	42,5	31
Total	100	73*
Andre, kven?	20,3	14

\* Det var mogleg å velje fleire svaralternativ.

Resultatet viste at det var fleire arrangerte turar for ulike grupper enn ikkje arrangerte turar etter utdanningsprogrammet. Det var få respondentar som hadde arrangert turar for «eldre». «Turistar» var den gruppa som dei fleste respondentar hadde arrangert turar for. Deretter var det gruppene «barnehagebarn» og «skulebarn». Det var få respondentar som svarte at dei

arrangert turar for andre og utdjupa svaret sitt; DNT, familie, Røde kors, jobbsamanheng, leirskule elevar, speidarar, studentar, ungdommar og venner. Sidan det var mogleg å velje fleire grupper vart resultatet frå tabell 7 analysert på kvar enkelt respondent. Oversikten i tabell 8 viser kor mange respondentar som hadde arrangert turar for enkelt gruppe og fleire grupper.

*Tabell 8. Oversikt over kor mange respondentar som har arrangert turar for enkelte grupper?(N=56)*

Variabel	Total (%)	N
Barnehage	4,6	3
Barnehage og eldre	1,5	1
Barnehage, eldre, skulebarn og turist.	1,5	1
Barnehage, skulebarn og turist	1,5	1
Barnehage og skulebarn	4,6	3
Barnehage og turist	1,5	1
Eldre	1,5	1
Eldre, skulebarn og turist	1,5	1
Skulebarn	3,0	2
Skulebarn og turistar	7,6	5
Turistar	3,0	2
Respondentar som har arrangert tur	31,8	21
Respondentar som har ikkje arrangert tur	68,2	35
Totalt	100	56

Resultatet i tabell 8 viste at det var få av respondentane som hadde arrangert turar, men hadde gjort det for fleire ulike grupper. Det var fleirtal av dei som ikkje hadde arrangert turar.

Skulebarn og turistar var den gruppa som dei fleste av respondentane hadde arrangert turar for. Deretter var det likt mellom gruppa «barnehage» og gruppa «barnehage og skulebarn».

Det var også likt mellom gruppa «skulebarn» og gruppa «turistar». Det var enkelte respondentar som hadde arrangert turar for gruppene; «Barnehage og eldre», «barnehage, eldre, skulebarn og turist», «barnehage, skulebarn og turist», «barnehage og turist», «eldre» og «eldre, skulebarn og turist».

#### **4.5.2 Deltaking på kurs**

Deltaking på kurs kan vere ein del av å få ny kunnskap og ferdigheiter. Respondentane vart spurd om dei hadde deltatt på friluftslivsrelaterte kurs. Variabelen «Klatrekurs NF» står for Norsk fjellsportforum (vert heretter referert etter som klatrekurs NF). I dette spørsmålet var det mogleg å svare fleire svaralternativ, slik at ein fleirsvarsfrekvens-analyse vart gjennomført. Tabell 9 viser ein oversikt over kvar enkelt kurs eller kurs som er gjennomført av respondentane.

Tabell 9. Har du deltatt på friluftslivrelevante kurs etter studiet?(N=66)

Variabel	Total (%)	N
Skredkurs	21,1	24
Kajakk kurs	9,6	11
Røde kors kurs	19,3	22
DNT kurs	10,5	12
Klatrekurs NF	13,2	15
Gjennomført kurs	73,5	84
Ingen kurs	26,3	30
Totalt	100	114*

\* Det var mogleg å velje fleire svaralternativ. Resultatet i tabell 9 viser at det var eit fleirtal av respondentar som hadde gjennomført kurs. Resultat i tabell 9 vart analysert for å sjå kor mange respondentar som hadde gjennomført eit eller fleire kurs og tabell 10 viser denne oversikten.

Tabell 10. Kor mange respondentar som har gjennomført eitt eller fleire kurs? (N=66)

Variabel	Total (%)	N
DNT kurs	4,5	3
Kajakk kurs	0	0
Kajakk kurs DNT kurs	1,5	1
Kajakk kurs, klatrekurs NF	1,5	1
Kajakk kurs og Røde kors kurs	1,5	1
Klatrekurs NF	1,5	1
Skredkurs	4,5	3
Skredkurs og kajakk kurs	1,5	1
Skredkurs og klatrekurs NF	3,0	2
Skredkurs og Røde kors kurs	10,6	7
Skredkurs, DNT kurs og klatrekurs NF	1,5	1
Skredkurs, kajakk kurs, klatrekurs NF	1,5	1
Skredkurs, kajakk kurs og Røde kors kurs	1,5	1
Skredkurs, Røde kors kurs og klatrekurs NF	3,0	2
Skredkurs, kajakk kurs, DNT kurs og klatrekurs NF	1,5	1
Skredkurs, kajakk kurs, Røde kors kurs og DNT kurs	1,5	1
Skredkurs, Røde kors kurs, DNT kurs og klatrekurs NF	1,5	1
Skredkurs, kajakk kurs, Røde kors kurs, DNT kurs og klatrekurs NF	6,0	4
Røde kors kurs	6,0	4
Røde kors kurs og klatrekurs NF	3,0	2
Respondentar som har gjennomført kurs	57,1	38
Respondentar som ikkje har gjennomført kurs	42,9	28
Totalt	100	66

Det var ein positiv mengde respondentar som hadde gjennomført eitt eller fleire kurs etter utdanningsprogrammet. Det var fleire respondentar hadde gjennomført fleire kurs. Resultata viste at flest respondentar som hadde gjennomført både skredkurs og Røde kors kurs. Det var ingen som berre hadde gjennomført kajakk kurs. Verd å merke var at det var like mange

respondentar som hadde gjennomført Røde kors kurs som dei fem kursa; skredkurs, kajakk kurs, Røde kors kurs, DNT kurs og klatrekurs NF. Det var fleire enkeltrespondentar som hadde tatt ulike kombinasjonar av kurs.

#### 4.5.3 Bruk av eigen kompetanse

I målområdet for vegleiarrolla skal ein vere i kontakt med næringsdrift i naturbruk og formidle entreprenørskap. Det var svært få respondentane (5,7 %) som har eller driv eigen bedrift innanfor friluftsliv (N=69). Under anna svarte dei at dei hadde drive til dømes fjellstove, fritidsgruppe, Barnas turlag og enkeltmannsføretak med guiding og instruktør. Respondentane fekk mykje erfaring og kunnskap om friluftsliv på utdanningsprogrammet. Det vart spurd om dei hadde vert eller er trenar, instruktør i idrettslag eller organisasjon der dei fekk brukt sine ferdigheiter eller kompetanse i friluftsliv. Det var få respondentar (24,6 %) som var eller hadde vert trener eller instruktør (N=66). Dei som svarte hadde vert eller var trener eller instruktør i til dømes DNT, idrettslag, fallskjerminstruktør, Røde kors og instruktør og guide innan ulike friluftslivsaktivitetar som skiskule og klatring.

#### 4.6 Utdanningsprogrammet sin innverknad på respondentane sitt friluftsliv.

Respondentane var spurd om dei kunne vurdere kor stor grad utdanningsprogrammet har hatt for deira friluftsliv i dag. 1 er i liten grad og 3 er i stor grad. Tabell 11 viser ein oversikt over svara deira:

Tabell 11. Kor stor grad meiner du studiet har hatt betydning for ditt friluftsliv i dag? (N=68)

Variabel	Total (%)	N
Stor grad	69.1	47
Nøytralt	22.1	15
Liten grad	8.8	6
Totalt	100	68

Resultatet frå respondentane viser at det var ein positiv vurdering og at utdanningsprogrammet har hatt ein stor grad (M=2.57, SD=.717, N=68) av innverknad på deira friluftsliv i dag.

## 5. Drøfting

Eg vil i dette kapittelet diskutere resultatene opp i mot teoretiske perspektiv og tidlegare forskning for å kunne svare på problemstillingane i oppgåva. Eg ynskjer å finne ut om deltaking på eit utdanningsprogram med friluftslivsprofil i vidaregåande skule har innverknad på tidlegare elevar sitt friluftsliv. Resultata frå dei fire målområda aktivitet, naturkjennskap, sosialisering og vegleiarrolla, vert diskutert og sekundærdata frå informantane vert presentert i drøftinga. Informantane er omtalt som Alf, Berit og Karl.

### 5.1 Aktivitet

Hensikt med målområdet aktivitet er å inspirere til aktiv livsstil. Utdanningsprogrammet skal gi elevane eit breitt og variert friluftslivsinnhald med mangfald av aktiviteter. Først i drøftinga av aktivitet vil eg samanlikne aktivitetsnivået med forskning frå SSB (2017) og Nykrog (2013). Deretter vil eg drøfte korleis ein kan forstå aktivitetsresultatet. Det vert drøfta resultatet over kvart forhold som har hatt størst innverknad på respondentane sine friluftslivsaktivitetsvanar opp til 19 år. Det vert drøfta kva type friluftsliv respondentane var interessert i og kva for 3 forhold som har hatt innverknad på friluftslivsvanar i dag. Til slutt vert målområdet aktivitet oppsummert.

Respondentane hadde eit høgare aktivitetsnivå med både fotturar under- og over 3 timar i skog, mark og fjellet enn tall frå SSB (2017) og Nykrog (2013) (Vedlegg 11.4.1).

Respondentane var meir aktive på bær- og soppturar enn resultat frå SSB (2017) og . Det var likskap om oppslutning omkring eget resultat på soppturar (26,1%) med Nykrog (2013) sitt resultat (21%). Respondentane var meir aktive på både småvilt- (36,2%) og storviltjakt (34,7%) enn SSB (2017) på jakttur (8%) og funn hos Nykrog (2013) småvilt- (6%) og storviltjakt (7%) (Vedlegg 11.4.1).

Dei siste 12 månadane var det fleire respondentar som hadde vert på badeturar (85,5%) enn både SSB (2017) (66%) og Nykrog (2013) (79%). Det var eit høgare (79,4%) aktivitetsnivå når det gjeld båtturar enn Nykrog (2013) (66%) og SSB (2017) (42%) sjølv om det var turar med motor- og seilbåt (Vedlegg 11.4.1). Aktiviteten bølgesurfing var høgare (17,7%) enn funn hos Nykrog (2013) (3%). Innanfor dei ulike fiskeaktivitetane var respondentane meir aktive enn SSB (2017) og Nykrog (2013).

Nykrog (2013) hadde to variablar, for kano/kajakk, ein i saltvatn (10%) og ein i ferskvatn (21%). Resultatet viste at respondentane var meir aktive (65,2%) i både kajakk og kanopadling (Vedlegg 11.4.1). Respondentane var meir aktive i elvekajakk (22%) og rafting (23,5%) sett opp i mot Nykrog (2013) sine funn om elvekajakk (7%) og rafting (6%). I seiling var respondentane mindre aktiv (10,1%) enn SSB (2017) (42%), men det var i motor/seilbåt-kategorien. I aktiviteten kiting var det få respondentar (5,9%), men det var høgare aktivitet enn i Nykrog (2013) sitt resultat skiseiling/kiting (1%), vind- (1%) og kite-surfing (1%) (Vedlegg 11.4.1).

I vinteraktivitetar var det eit høgare aktivitetsnivå blant respondentane både på skiturar under og over 3 timar enn funn hos både SSB (2017) og Nykrog (2013). Det var fleire respondentar (66,7%) som hadde frikøyrte og køyring både i- eller knytt til alpinanlegg enn SSB (2017) (21%) og Nykrog (2013) (46%). I aktiviteten skøyter var det lågare resultat (14,7 %) enn hos Nykrog (2013) (18%), men høgare enn SSB (2017) (7%) (Vedlegg 11.4.1). Det var mange respondentar (60,9%) som hadde vert på topptur dei siste 12 månadane, men det er ikkje funne noko samanlikningstal. Nykrog (2013) hadde kategoriar kalla «offpist fjeld snowboard» (3%), telemark (2%) og ski (6%), men offpist er meir køyring knytt til alpinanlegg utanfor løypene (ibid).

I andre friluftslivsaktivitetar var det eit høgare aktivitetsnivå i hundekøyring (11,6%) og snøskuterkøyring (33,9%) enn funn hos Nykrog (2013) med hundekøyring (3%) og snøskuterkøyring (12%) (Vedlegg 11.4.1). Sykling i skog og mark (43,5%) var likt med Nykrog (2013) (45%), men respondentane var meir aktive enn SSB (2017) (35%). I downhillsykling var det få (10,1%) som var aktive, men her manglar ein relevante samanlikningstal. I epost-korrespondanse med Trysil Bike Arena informerte dei at i 2017 vart den heisbaserte stien brukt 50 000 gonger og i 2018 var det auke på 27%. Hafjell Bikepark hadde i 2018 frå juni til oktober 15 307 sykkeldagar. Friluftslivsaktivitetane som riding- og/eller kløvingturar (18,8%) var lik med Nykrog (2013) sitt funn (15%), men meir aktiv enn SSB (2017) (4%).

Andre friluftslivsaktivitetar som klatring var respondentane meir aktiv i både innandørs- (49,6%) og utandørsklatring (34,7%) enn Nykrog (2013) sine funn med klatring inne (17%) og fjell-/isklatring (11%) (Vedlegg 11.4.1). Det var eit høgare aktivitetsnivå i aktivitetane

juvvandring (20,6%) og brevandring (24,6%) enn funn hos Nykrog (2013) med juvvandring (5%) og brevandring (14%).

### **5.1.1 Korleis forstå friluftslivsform- og aktivitetsnivå resultatet**

Respondentane har vert aktive i breie og varierte friluftslivsaktivitetar. Det var eit høgt aktivitetsnivå i turfriluftsliv, tradisjonell haustingsfriluftsliv og spesialisert friluftsliv. I følgje Odden (2005, desember); Vaage (2009) er det ein trend at det er dei unge som er mest aktive i dei nye spesialiserte friluftslivsformane som er fysiske og teknisk krevjande. Resultatet viser derimot at aktivitetane var lik med Odden (2005, desember) der fotturar var øvst, deretter badeturar, fiske, båtturar og skiturar (Tabell 1). Dette er dei tradisjonelle familieaktivitetane som er enkle og lett tilgjengelege. Lik befolkninga har respondentane deltatt i mange ulike friluftslivsaktivitetar fordelt på fleire gjennomsnittlege dagar (Vaage, 2014). Om ein hadde barn, kan det ha hatt innverknad på kor aktive i friluftsliv dei respondentane med barn var. Respondentane var unge, det var få respondentar som hadde barn og resultatet viste at dei med barn var mindre aktiv i enkelte aktivitetar. Ei årsak kan vere fordi befolkninga i 20-30 åra utan barn har til dømes meir moglegheit til å utøve friluftsliv enn småbarnsfamiliar (Bell, Tyrväinen, Sievänen, Pröbstl & Simpson, 2007, s. 8; Dervo et al., 2014, s. 19).

Resultatet viste at det var liten oppslutning omkring soppturar hos respondentane som Odden (2005, desember) meiner det var ein nedgang hos unge. I følgje Dervo et al. (2014); Odden (2005, desember); SSB (2017) var det noko nedgang i aktivitetane turar i skog, fjell og skiturar. I resultatet var derimot fotturar dei aktiviteten respondentane hadde gjort mest.

Det er høg aktivitet hos respondentane i dei spesialiserte friluftslivsaktivitetane som til dømes terrengsykling, fjellklatring og frikøyning. Dei nye trendane inneber meistring og fysisk utfolding med fysisk krevjande aktivitetar (Meld. St. 18 (2015–2016), 2016). Ser ein til dømes på tur med sykkel i naturen viser (SSB, 2017) frå 2011 til 2017 ein nedgang blant dei som var mest aktive i alderen 16-24 år og 25-44 år. Det var ein auke hos dei som var litt aktive. Dette kan ein mogleg sjå igjen i resultatet der det var få respondentar som var aktive (22-100 dagar), dei var litt aktiv (1-21 dagar), men dei fleste var ikkje aktive.

Det er positivt med nye aktivitetar som kan bidra til at fleire kjem seg ut i aktivitet. Ein ser likevel at nye aktivitetar som til dømes brettsegling, kiting og surfing kan kome i konflikt med knytt til natur- og fuglereservat (Vistad, 2013). Brettaktivitetar i vatn var det lavast

oppslutning hos respondentane. Det er aktiviteter som kan mogleg krevje egna område, ferdigheiter og kunnskap for å utøve. Meld. St. 18 (2015–2016) (2016) nemner at med dei nye friluftslivsformane kan det oppstå konflikhtar mellom friluftslivutøvar og auka aktivitet i nærfriluftslivområder. Ei utvikling av mangfaldig friluftsliv kan bidra at det vil vere behov for å legge til rette for ulike type ferdsel og auka regulering.

### **5.1.2 Kven eller kva har hatt størst innverknad på dine friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år.**

Resultatet frå kven eller kva som hadde mest innverknad på respondentane sine friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år, var dei fire øvste forholda i rekkefølga; skulen, far, mor og venner eller kjente (Figur 1). Respondentane meinte forholdet skulen hadde mest innverknad på deira friluftslivsaktivitet i oppveksten. Dette er likt funn hos Dalane (2006), der elevar trudde eit år på folkehøgskule gjorde at dei dreiv med meir friluftsliv. Folkehøgskule er derimot eitt år og vidaregåande skulen vert tre år viss ein fullfører åra. Skuleresultatet er ulikt funn hos Skogvang (1993). Hennar undersøking fann at skule hadde liten positiv innverknad på interessa for friluftsliv sjølv om det var høgare enn kontrollgruppa. Nykrog (2013) viste ein nedgang i skulen sin sosialiseringssinnverknad i 15 – 20 års alderen og det var ikkje signifikant skilnad i skulen sin innverknad fram til 15 år.

I spørsmålet var det ikkje definert kva ein meiner med svaralternativet skulen både i mi- og Skogvang (1993) si undersøking. Dette kan gjere at respondentane tolkar omgrepet ulikt og forholdet kan innebere barne-, ungdom- eller vidaregåande skule. Respondenten må derfor tolke sjølv kva ein legg i omgrepet skulen.

I analysen kva innverknad forholdet «innhald i høgare utdanning» og utdanning hadde ti respondentar svart at det var høgare utdanning. Når eg såg på utdanningsspørsmålet og kva utdanning dei hadde, fann eg ut at det var 10 respondentar med friluftsliv bachelor. Høgare utdanninga vil kunne gi respondentane ytterlegare kunnskap, ferdigheiter og utdanning innanfor friluftsliv som kan gjere respondentane meir utrusta til utøving. Jakobsen (2007) meinte at eit grundig og systematisk friluftslivsbasert undervisningsopplegg i skulesamanheng har innverknad som sosialiseringssinstanse. Samtidig som det har føresetnad for at ein er aktiv i friluftsliv seinare i livet. I Bronfenbrenner sin modell er det foreldra som skal gi barn sine dei fysiske og psykiske behova (Baune, 2007). Når foreldre ikkje har kunnskap eller



ferdigheiter innanfor friluftsliv må foreldra kunne få støtte frå andre instansar. Barn kan få kulturell kapital gjennom oppvekst og utdanning for å meistre kulturelle kodar (ibid).

Om aktiv livsstil fortel Berit at «Det er vertfall eit viktig mål at dei vert glad i å vere ute og i aktivitet». Berit nemnar at det er viktig at elevane får oppleve dette. Ho fortel vidare:

Ved å lære, å ferdast ute, å vere ute, å lære ulike aktivitetar som ein kan holde på ute, så håper eg at me bidrar til, eg ser jo det at me gjer det for nokon og klart at kanskje ikkje for alle.

Karl støttar Berit og at utdanningsprogrammet «[...] fremmer jo på måte fysisk helse, [...] for me er så mykje ute og me går lenger turar både med sekk og med pulk og vinters som sommar». Om spørsmål aktivitetar fortel Berit at:

Det er mange som er mykje meir på ski enn det dei ville vert viss dei ikkje var her. For me har mange elever frå kyststrøk og som ikkje er så vante, det er sikkert ikkje alle som har vert så mykje på ski. [...] dei er her i to år så plutselig så har dei ti dubla skimengda sin og sist så nokon, ja som endrar litt innstillinga i forhold til det og aukar aktivitetsnivået sitt.

Som både Berit og Karl fortel, legg utdanningsprogrammet opp til at elevane får prøvd seg i ulike aktivitetar og til ulike årstider. Fokuset er å få elevane til å få glede av naturen og å bruke naturen til aktivitet. Med deltaking i eit miljø og interesse kan det vere mogleg som Martinussen (2008, s. 203) nemnar at ein er tilgjengeleg for å handle på bestemte måtar til eigen «habitus». I følgje Nykrog (2013) kan innverknadar utanfrå, som i dette tilfelle er utdanningsprogrammet vere med på å danne personen sin habitus. Barn i oppveksten vil utøve friluftsliv i ulike felt som til dømes familie, uteskule og skitur med venner. Barn og unge vil over tid få kapital med å få kunnskap og ferdigheiter i eit friluftslivsfelt (ibid). Kapitalen kan til dømes vere dei respondentane som Berit fortalte om som auka skimengda si gjennom utdanningsprogrammet. Foreldra eller ungdom vil uttrykke økonomisk kapital med til dømes ein ny fin terrengsykkel. Barn vil kunne oppnå sosial kapital med ny fin terrengsykkel fordi mogleg andre har lyst å vere venn med vedkommande. Barn kan vere med å forme feltet viss ein har oppnådd ein kapital i friluftslivfeltet (Nykrog, 2013). Med kunnskap- og

ferdigheitskapital vil respondentane kunne gjere det naturleg for dei å bruke naturen til aktivitetar.

Skogvang (1993) og Vestheim (2005a) fann at skulen hadde lite til ingen innverknad på sosialiseringa til friluftsliv. Sjølv med deira konklusjon vil det vere ein eigenverdi å ha friluftsliv i skulen. Det er ikkje alle som utøver friluftsliv sjølv og da vil skulen vere den einaste arenaen og moglegheita til utøving av friluftsliv. Det er på denne måten skulen kan vere ein god sosialiseringstans til friluftsliv. Mykje er avhengig av kva plass friluftsliv har i skulekoden og haldningane til lærarkollegaer (Vestheim, 2005a). Vestheim (2005b) meiner ansvaret til skulen vil vere å gi kvar enkelt elev gode opplevingar. Skulen må gi opplæring i grunnleggjande basisferdigheiter i friluftsliv med til dømes orientering, pakking av sekk og liknande. Skulen kan gi elevane kunnskap om basisferdigheiter som kan føre til at terskelen for å dra på tur vert mindre (Vestheim, 2005b). I følgje Meld. St. 39 (2000-2001) (2001) kan vaksne, barn eller unge som ikkje har kunnskap, erfaring og evne om friluftsliv bli hindra til å utøve friluftsliv. Tar ikkje foreldra med barna sine ut på tur må andre sosialiseringstansar som til dømes skulen spele ein viktigare rolle for å sosialisere barn og unge inn i friluftsliv.

Resultatet omkring forholda far, mor, familie og venner sin innverknad, er lik Nykrog (2013) (Figur 1). Det er spesielt at respondentane uttrykte at skulen hadde størst innverknad sidan me veit at foreldra er den første- og primærsosialiseringa, også til friluftsliv (Martinussen, 2008; Nykrog, 2013; Skogvang, 1993; Vestheim, 2005a). Far og mor var andre- og tredje forholdet etter skulen i resultatet, men unge i ungdomstida kan distansere seg frå foreldre og heller knytte seg til venner i same alder (Frønes, 2006; Imsen, 2014). Respondentane har mogleg med seg ein grunnsosialisering til friluftsliv frå heimen med glede og motivasjon, for dei har valt å søke- og gjennomført utdanningsprogrammet. Ein kan seie dette fordi me veit at det er ein samanheng mellom å vere aktiv i friluftsliv i oppveksten med familien og val av friluftsliv i vidaregåande skule (Hvattum, 2012; Nygård, 2012).

Innverknaden forholda som idrettslag og organisasjonar hadde stemte med Nykrog (2013) (Figur 1). Organisasjonar som til dømes 4H kan i følgje Vestheim (2005a) vere ein sentral sosialiseringstans med tilbod om aktivitetar som gav naturopplevingar. Organisasjonen DNT ynskjer at fleire er friluftslivsaktive. Dei meiner det bør vere tilbydd meir friluftsliv til elevar i skulen (Gjesdal, 2013). Friluftsliv i skulen vil treffe mange barn og unge for dei fleste er der. Forholdet organisasjonar hadde meir innverknad enn forholdet media. Informantane til

Vestheim (2005b) trakk fram at media kunne motivere og stimulere til å utøve friluftsliv. Hos Nykrog (2013) hadde media størst innverknad på den eldste aldersgruppa 15-20 år. Resultatet viste at forholdet media hadde derimot liten innverknad på respondentane i deira oppvekst opp til 19 år.

Når eg stilte spørsmål til Berit om aktiv livsstil nemnde ho at det er mange elevar som byrjar med aktivitetane som vart introduserer for elevane. Berit fortalde «[...] kanskje eit sånt tydeleg eksempel for det, er ein sånn teknisk aktivitet er elvepadling». Ho fortel vidare at det er ikkje mykje av elvepadling på skulen, men dei får eit grunnkurs i elv. Ho fortel når nokre elevar vert introdusert til aktiviteten at;

[...] me har jo då nokon få elever nesten kvart år som liksom klikkar heilt på det og padlar heile tida og det hadde dei kanskje ikkje begynt på/med vertfall så tidleg da viss dei ikkje hadde blitt introdusert for det her. Og dei har tilgang på å låne av utstyr og samt at dei vert introdusert for miljøet [...]

Her fortel Berit om eit døme som kan vise kva utdanningsprogrammet gir enkelte elever. Karl nemnar også elvekajakk som ein aktivitet der enkelte elevar tar sjølv høgare kursnivå etter grunnkurset. Ser ein på aktivitetsnivået til respondentane innanfor elvekajakk vart det få som hadde vert aktive, men det var høgare enn Nykrog (2013) (Vedlegg 11.4.1). Éin respondent støttar Berit sitt døme med elvekajakk der vedkommande uttrykker seg på slutten av spørjeskjema at: «Eg har fått mykje større glede av å vere ute og fått ein stor interesse for å fortsette med mykje av det skulen introduserte meg til».

Skulen er ein sekundær sosialiseringsinstanse. Det elevane skal lære må tilførast tidlegare kunnskap frå foreldre og bli internalisert (Imsen, 2014). Dette inneber at det vert naturleg for respondentane å bruke naturen til aktivitetar som er eit av måla i målområdet aktivitet. For enkelte av elevane vil elvepadling bli ein naturleg del av dei (Frønes, 2006). Dei vert introdusert til ein aktivitet som dei vert interessert i og fortsett med den etter utdanningsprogrammet. Elvekajakk er eit døme på nye spesialiserte friluftslivsformar og utstyr som me veit at unge blir trekt mot som kan gi attraktive og nye opplevingar (Odden, 2005, desember; Vaage, 2009).

Kva form for friluftsliv det er fokus på i utdanningsprogrammet kan mogleg ha innverknad på respondentane. Nykrog (2013) meiner at det er ein liten oppgang i bær- og soppturar frå 10-15 år til 15-20 år. Hos respondentane var det ein liten oppslutning omkring bær- og soppturar i dag sjølv om det var høgare enn SSB (2017) og Nykrog (2013). I følgje Nykrog (2013) var det ein stigning i fottur aktivitetsnivået frå 10-20 år og det stemte med resultatet fotturar som var mest populær i dag (Tabell 1). Minnet til respondentane kan ha innverknad når respondentane skal hugse tilbake kva forhold som har hatt mest innverknad på deira friluftslivsaktivitet i oppveksten. Sjølv om det var ein hjelpetekst på aktivitetsspørsmåla kan det vere ei utfordring når ein hugsar lettare gode opplevingar eller hendingar med glede (Haraldsen, 1999).

### **5.1.3 Interesse for friluftsliv**

Resultatet viste at respondentane var mest interessert i turfriluftsliv og minst interesse for spesialisert friluftsliv. Turfriluftsliv med turar til fots og ski var aktivitetar som respondentane var mest aktive i (Tabell 1). Interessa var lik det som var mest populært i Noreg (SSB, 2017). Hos respondentane var interessa for tradisjonell haustingsfriluftsliv lågare enn turfriluftsliv. Dette kan ein mogleg sjå igjen med at det var mindre oppslutning i bær- og soppanking (Tabell 1; Tabell 3). Det var lite interesse omkring spesialisert friluftsliv som stemde med til dømes aktivitetane downhillsykling og kiting, som hadde minst oppslutning (Tabell 1; Tabell 3). Spesialiserte friluftslivsaktivitetar som til dømes is- og fjellklatring, terrengsykling, alpint og elvepadling er tekniske og fysiske aktivitetar som krev visse ferdigheiter og utstyr (Odden, 2005, desember; Vaage, 2009). I tillegg kan det å halde desse aktivitetane ved like mogleg krevje tid og motivasjon. Sjølv om interessa og oppslutninga omkring spesialiserte friluftslivsaktivitetar var lav, var det høgare oppslutning enn Nykrog (2013); SSB (2017) (Tabell 1; Tabell 3).

På spørsmål om førebilete, fortel Berit at det kan variere kva lærarane fokuserer på i undervisninga. Enkelte lærarar kan ha eit aktivitetsfokus mot til dømes elvepadling og er ikkje like opptatt av det tradisjonelle friluftslivet. Ho fortel at andre lærarar mogleg ynskjer å bremse denne utviklinga. Då Berit fortalte at om tradisjonell friluftsliv, vil det vere enkelte lærarar som; «[...] er opptatt av å få inn tyding av, tid til å tenke, tid til å vere ute, tid til å vere, tid til å sette seg ned på ein stein og sjå inn i bålet og reflektere over livet [...]». Dette Berit fortel her kan vise til friluftslivets eigenart. Undervisningsinnhaldet kunne variere frå lærar til lærar. Det vil mogleg kunne overførast til kva elevane får av kunnskap og ferdigheit

etter utdanningsprogrammet. Skulen hadde ikkje oversikt over kva undervisningsinnhald som hadde vert i fokus dei ulike åra. Grunntanken med friluftsliv vil nok bli tatt vare på uavhengig av lærarar. Dette uavhengig om ein er i ein elvekajakk eller rundt eit bål. Ser ein på resultatet viser det at turfriluftslivet var det dei alle fleste av respondentane var interessert i, som er likt med SSB (2017) (Tabell 3).

Om kva aktivitetar elevane får oppleve, fortel Berit at: «[...] dei får prøvd utruleg mange ulike ting og så får dei eit sånn skikkeleg fundament tenker eg til å gå vidare når dei vert litt eldre». Respondentane vert introdusert til eit breitt utsnitt av friluftslivsaktivitetar som ein ser igjen i aktivitetsnivået (Tabell 1). Det kan vere naturleg at undervisningsinnhaldet vil kunne variere, men aktivitetsnivået er likt friluftslivsinteresse-formane og varierte. Ein tidleg introduisering av ulike friluftslivsaktivitetar kan gjere at enkelte elevar vert interesserte og byrjar med aktivitetane, som Berit sitt døme om elvekajakk.

#### **5.1.4 Kva for 3 forhold som har hatt innverknad på friluftslivsvaner i dag**

Respondentane skulle velje tre forhold i prioritert rekkefølge som dei meinte har hatt mest innverknad på deira friluftslivsaktivitetsvaner. Dei fire forholda som kom klarast ut og som eg vil gå nærmare inn på var; «innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen», «hobby/interesse som førte ein i naturen», «familiens moglegheit for å disponere hytte» og «foreldre sitt forhold til friluftsliv». Det var dei fire øvste prioriterte forholda. «Innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen» var det høgaste 1.- og 3.prioriterte forholdet. «Familiens moglegheit for å disponere hytte» var det høgaste 2 prioriterte forholdet. På det 2.prioriterte forholdet var det deretter likt resultat mellom forholda ein «hobby/interesse som førte med i naturen», «foreldra sitt forhold til friluftsliv» (Tabell 4).

At forholdet innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen hadde mest innverknad var ulikt enn Skogvang (1993). I studiet hennar var innhald og opplegg i vidaregåande skulen det femte forholdet som hadde mest positiv innverknad på friluftslivsinteressa. Innan forholdet innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen fann Skogvang (1993) at utvalet hadde gode positive minner frå undervisningsopplegg. Utvalet hennar nemnde sosialt samvær, fellesskapskjensla og det å meistre til dømes å overnatte i snøhole eller klatring. Eg spurde informantane for å finne ut kva dei meinte om korleis klassemiljø og læringsmiljø var i friluftsliv-klassane. Berit fortel at «[...] dei er så mykje på tur i lag,[...] dei vert veldig godt kjent da, så kjenneteiknet på friluftsliv klassane er at det er eit godt klassemiljø». Berit fortel vidare om ein evaluering

etter utdanningsprogrammet der ein elev hadde sagt til ho; «Veit du kva eg trur det eg har lært aller mest her på studiet så er det å samarbeide med andre [...]». Alf støtter at det er godt klassemiljø i friluftsliv klassane og at elevane må samarbeide og å lære det. I følge Kristiansen (2015); Valdøl (2013) bidrar friluftsliv i skulen- til meistring, samarbeid i både klassen og med lærarane, styrking av relasjonar og fremma eit godt klassemiljø. Alf fortel at «det er ingen klasser som har så godt læringsmiljø som friluftsliv programfag». Som utvalet til Skogvang (1993) nemnde meistring med klatring, meiner Andresen (2009) at klatring er eit døme på aktivitet som kan gi godt læringsmiljø. I klatring får elevane oppleve glede, tilfredsheit, utvikling og meistring som bidrar til meistringsfokusert og eit godt læringsmiljø. Alf fortel at det er mindre saker i friluftsliv klassane som til dømes indre stridigheter, mindre mobbing, høgare trivsel og relativt høgare læring med tanke på karakterar ein kom inn med og uteksaminerer. Alf fortel at; «Me trur det har noko med måten det er organisert på og korleis dei jobbar på». Ein ser i følge Gehris og Swalm (2007) at elevar i opplevingsutdanning hadde signifikant høgare sjølvtilitt enn elevar i andre klassar.

Om forholdet ein hobby/interesse som førte respondentane ut i naturen var det likskap med Hvattum (2012); Nygård (2012). Når eg spurde informantane om elevane var friluftslivvante eller ikkje friluftslivsvante fortalde Karl at han «[...] tenker det er sunn norsk ungdom som synest det er kjekt å vere ute og eg trur det er begge deler». Alf og Berit støttar dette med at elevane på utdanningsprogrammet er genuint interessert i friluftsliv. Dette kan vise til at det er ein eigen motivasjon hos elevane som har valt og går på utdanningsprogrammet. I utdanningsprogrammet er det mange varierte aktivitetar ute i naturen i både varmt-, kaldt-, tørt- og vått miljø. Det gjer at det bør vere ein eigen underliggjande motivasjon for å til døme kunne flytte den ein foten eller skia framfor den andre. Det virke som interessa for friluftsliv er uavhengig av nivået til elevane som i Berit sitt døme om deltaking i utdanningsprogrammet, kan auke skiaktivitetsnivået for enkelte respondentar med lite skierfaring.

Foreldre sitt forhold til friluftsliv var det tredje forholdet som respondentane svarte hadde mest innverknad på deira friluftslivsaktivitetsvanar. Familien har stor innverknad som primær sosialiseringssagent til aktivitetar på barn og ungdom, men det var svakare funn enn hos Nykrog (2013); Skogvang (1993). Det er ei dreining og lausriving frå foreldra blant ungdommen i ungdomsåra og da vil andre sosialiseringssagentar som til dømes venner ha meir innverknad (Frønes, 2006; Imsen, 2014; Nykrog, 2013). Tradisjonelle friluftslivsaktivitetar

som bading, vandring, langrenn og sykkelturar er viktige familieaktivitetar i oppveksten (Nykrog, 2013; Odden, 2008). Med tanke på Bourdiues habitus vil barn og unge fortsette med dei aktivitetane viss aktivitetane er internalisert og ein får glede av dei (Nykrog, 2013, s. 94). Dette kan vere tilfelle hos respondentane der dei har mogleg fått ein tidleg sosialisering til dei tradisjonelle friluftslivsaktivitetane. For i aktivitetsvanane var det bra oppslutning blant respondentane i desse aktivitetane (Tabell 1).

Det er verd å merke seg at familien sin moglegheit til å disponere hytte var det mest valte 2. prioriterte forholdet som respondentane meinte hadde innverknad (Tabell 4). Å ha tilgang til hytte kan gjere at ein er nærmare naturen og nyttar seg av naturen (Skogvang, 1993). Hytter er ofte plassert i skog- eller fjellområde i naturen og hytter kan bidra til at ein er meir i naturen og interessa for å vere utandørs i naturen aukar (ibid). I følge Teigland (2000) hadde omkring 2/3 av befolkninga ikkje tilgang til hytte. Tall frå SSB (2019) viste at det var 434 809 hytte/sommarhus i Noreg og med ein 3,5% auke i hytter frå 2015-2019. Tilgangen og den nasjonale auken av hytter kan gjere friluftsliv meir tilgjengeleg for enkelte. I resultatet mitt gav det å disponere hytte meir innverknad hos menn enn kvinner, som var ulikt funn hos Skogvang (1993).

### **5.1.5 Oppsummert aktivitet**

Målområdet aktivitet skulle bidra blant anna til å vekke interessa til aktivitetar i naturen og for ein aktiv livsstil. Resultatet viser at respondentane er generelt like som Vaage (2014) med mykje deltaking i ulike aktivitetar og aktive i mange gjennomsnittlege dagar. Respondentane rapportere å vere meir aktive i dag samanlikna med resultat frå SSB (2017) og Nykrog (2013). Verd å merke er at gjennomsnittsalderen på respondentane var ungt og for å drive med friluftsliv bør ein ha både tid og moglegheit. Dette kan ein sjå igjen på respondentane som hadde barn med eit lågare aktivitetsnivå og færre aktivitetar. Respondentane får i løpet av ungdomstida og i den vidaregåande utdanninga prøvd mange ulike aktivitetar. Målområdet aktivitet skal vekke interessa for aktivitetar i naturen og tanken er å leggje eit grunnlag for ein aktiv livsstil, også i livsløpet. I følge Nygård (2012) og Vestheim (2005a) vil kunnskap og ferdigheiter om friluftsliv kunne bidra til at elevar kan drive med friluftsliv seinare i livet. Aktivitetar som turar i skog, fjell og skiturar var populære hos respondentane som er viktige tradisjonelle aktivitetar (Tabell 1).

Resultatet viste at forholdet innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen hadde mest innverknad på respondentane sitt friluftslivsvanar. Det var likskap med Skogvang (1993) om innverknaden ulike forhold hadde hatt på respondentane sine friluftslivsvanar med unntaket av forholdet innhaldet og opplegget i vidaregåande grunnskulen. Respondentane var motiverte for friluftsliv og utdanningsprogrammet har gitt dei eitt breitt utval av friluftslivsaktivitetar. Det var ein samanheng mellom kor aktiv respondentane vurderte seg sjølv i friluftsliv i oppveksten og i dag, sjølv om det var svak nedgang (Tabell 2). Respondentane vurderte seg sjølv i dag som aktive, der under halvparten vurderte seg som ganske aktiv og andre halvdel litt aktiv (Tabell 2). Med tanke på aktivitetsnivået, verkar det som respondentane har fått god introduksjonar til friluftsliv og mogleg påfyll av friluftslivsaktivitetar i ungdomsalderen, noko som gjer at dei fortsett med aktivitetar. Utdanningsprogrammet gir elevane jamn pågang med turar, teori og praksis av kunnskap og ferdigheiter innan friluftsliv og aktivitetsmønster var breitt og variert (Tabell 1). Aktivitetsmønsteret kan speile at aktivitetane i friluftsliv har blitt meir mangfaldig. Det kjem stadig nye aktivitetar med til dømes spesialisering av aktivitetsmønster som krev ferdigheiter og kunnskap. Fortsett er turfriluftsliv den aktiviteten som er mest populær og interesse for også blant respondentar. Nye typar fotturar kan vere spesialiserte toppturar er i utviklinga der ein til dømes samlar på toppar til gåturar med stavgang . Dei nye aktivitetane og mangfaldet kan bidra til rekruttering som gjer at ein får drive med det ein ynskjer . «Innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen» var det forholdet som respondentane vurderte som hadde mest innverknad på deira friluftslivsvanar i dag. Deretter var det ein «hobby/ interesse som førte ein i naturen», «familiens moglegheit for å disponere hytte» og «foreldre sitt forhold til friluftsliv».

## **5.2 Naturkjennskap**

Om naturkjennskap skal eg drøfte resultatet frå spørjeskjema. Tema som vert drøfta er identitetsdanning, haldningar-, opphald og tilgang til naturen. Respondentane vurderte seg sjølv i dag frå nøytral til stor grad miljømedviten. Over halvparten av respondentane vurderte seg i stor grad (Tabell 5). Av tiltak og omsyn til natur og miljøet gjorde respondentane mest kjeldesortering og bruk av kollektiv transport. Det var få respondentar som aldri tok omsyn til natur og miljøet (Tabell 6). Verd å merke seg er at dei fleste respondentane tok berre «litt» omsyn med å «velje miljøvenlege daglegvare, resirkulert papir/plast, gjenvinnbar emballasje osv» og å «spare energi ved å senke romtemperaturen, spare på varmt vatn osv.» (Tabell 6). Dette er- og skal vere enkle tiltak som kvar enkelt kan gjere for miljøet.



Skal ein engasjere elevane i natur- og miljøvern svarte utvalet til Skogvang (1993) at ein måtte i undervisningsopplegget bevisstgjere, informere om skadeverknadar og skape haldningar. Å bruke nærmiljøet, leirskule, vere ut i naturen og ekskursjonar var viktige tiltak. I følgje Skålvik (2015) vil mykje deltaking i naturen med medelevar, lærarar og ein naturbrukskule med internat vere med i danninga av grunnlaget for identitetsdanning hos elevane. Ei slik identitetsdanning kan hende hos respondentane, fordi det er likskap med AMA vidaregåande skule og den skulen Skålvik (2015) undersøkte. Respondentane kan gjennom sosialisering i skuledagen, få haldningar frå utdanningsprogrammet. Dette er fordi det er i ungdomsåra ein utviklar haldningar som ein har med seg i livet (Frønes, 2006). Ein veit at haldningar til naturen er noko som dannast i oppveksten med naturkontakt (Fjørtoft & Reiten, 2003). Kor respondentane har fått haldningane til naturen, kan vere frå ulike sosialisering sin instansar som familie, venner og i skulen. I følgje Frønes (2006) kan det variere kva ein lærer frå familie, venner og av læraren. Det vil vere fleire ulike sosialisering sin instansar som er med og kan danne haldningar og identiteten hos respondentane. Det er mogleg ikkje berre ein sosialisering sin instanse som dannar det aleine.

Ved å vere i naturen og få kunnskap om naturen kan ein danne forhold til naturen og eit ynskje om å ta vare på den (Bjærke, 2017; Braute, 1997). Organisasjonar som DNT ynskjer at fleire barn og unge tar vare på naturen og brukar friluftsliv (Gjesdal, 2013). Ein såg derimot at organisasjonar hadde liten innverknad på respondentane (Figur 1; Tabell 4). Det var lik mengde respondentar som plukka «litt» og «ofte» søppel når dei gjekk på tur (Tabell 6). Det talet burde mogleg vert høgare for det var naturopplevingar som var det forholdet som hadde høgast innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern (Figur 3). Å sjå menneskeskapt søppel i naturen kan mogleg får enkelte til å tenke, eventuelt handle. Skal respondentane få haldningar til naturen, er det mest naturleg at ein ser på både medelevar og lærarane som rollemodellar. Lærarane kan spele ei viktig rolle i sosialisering til friluftsliv (Knapstad, 2004). Forholdet lærarane hadde stor innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøsyn (Figur 3; Vedlegg 11.4.2). Faarlund (1973) seier at det er vegleiaren som skal formidle medansvaret alle har for naturen. På utdanningsprogrammet vil lærarane vere vegleiarar for respondentane. Dei skal formidle naturen sin eigenart med mangfald og liv i naturen. For å få kjennskap til naturen må lærarane vegleie elevane i naturen.

Med deltaking i friluftsliv utdanningsprogram kan ein i følge Wigglesworth (2012) få auka og utvikla kunnskap om miljø. Cheng og Monroe (2012) fann at barn sitt forhold til naturen er positivt assosiert med kunnskap om miljøet og tidlegare erfaringar med naturen. Haldninga til naturen kan positivt påverkast av å vere nær-, oppleve-, forstå og lære av naturen (ibid). Viss ein aukar kunnskap om miljøet hos vidaregåande elevar vil ein auka deira positive haldning til miljøet (Bradley, Waliczek & Zajicek, 1999). I følge Meld. St. 39 (2000-2001) (2001) er familien sin haldning til naturen ein sterk faktor for barn. Viss familiar eventuelt manglar kunnskap og ferdigheiter, bør utdanning og program innan friluftsliv bidra til å lære om- og erfare naturen.

For å finne ut kva informantane tenkte om læring i friluftsliv spurde eg kva dei meinte var viktig læremål i friluftsliv. Berit fortalte at elevane;

[...] lærer seg grunnleggande basisferdigheiter slik at dei kan, dei lærer seg kart og kompass, lærer seg og har med seg riktig utstyr, kunne liksom grunnleggande praktiske ferdigheiter viss me klarer å lære dei det så er det kanskje det viktigaste. I tillegg til å vere glad i naturen slik at dei vil ta vare på den seinare.

Informanten Karl støtter dette med at å trekke fram at skulen er ikkje ei ekstremsporlinje. Han fortel at «[...] me jobbar med basisferdigheiter og det er dét det er snakk om å lære seg å vere ute og leve med naturen». Når eg spurde spørsmålet om viktig læring i friluftsliv til Karl, nemnde han at «naturkjennskap, respekt for det miljø ein ferdast i er viktig». Som Berit og Karl fortel, kan dette vere døme på kva utdanningsprogrammet prøver å lære elevane i løpet av utdanninga. Elevane skal vere glad i naturen og å lære å vere i naturen. Dette er i tråd med Næss (1976), sin økosofi der menneske er ein del av naturen. Han nemnar miljøkrise og miljøendringar som kvar enkelt må ta omsyn til. Menneske skal leve i pakt med naturen og i harmoni (ibid). Sjølv om det er 43 år sidan Næss (1976) er dette fortsett aktuelt i dag. Kulturtradisjonar må styrkast og familien, venner og skulen er viktig instansar som bidragsytarar (Frønes, 2006; Imsen, 2014). Respondentane vil ha med seg verdiar og kultur frå familien som den viktigaste bidragsytaren, der kulturen vert overført mellom generasjonar (Frønes, 2006). Etter familie vil venner og skulen kome inn som sekundærsosialiseringsinstansar med å gi kunnskap og kulturarv til elevane (Imsen, 2014).

Skal ein vere ute i naturen vil det vere behov for nokre basisferdigheiter. Vestheim (2005b) meinte at skuleelevar måtte få lære basisferdigheiter i friluftsliv slik at dei fekk kunnskap og ferdigheiter i skulen for å utøve friluftsliv seinare i livet. Ein respondent skreiv på slutten av spørjeskjema at: «Vidaregåande skule har gjort til at eg har blitt meir glad i naturen, og er meir bevisst på at korleis ein skal reise på tur utan å skade naturen (leave no trace)». Her uttrykker ein respondent med det som viser seg mogleg at utdanningsprogrammet lykkast med målområdet. Det virke som deltakinga på utdanningsprogrammet har gjort vedkommande miljømedviten (Wigglesworth, 2012). Karl støttar respondentens sitt utsakn når eg spurde om kva som vert vektlagt innanfor natur og miljø. Karl fortel at:

[...] det er klart i forhold til natur og miljø så er det noko med å prøve å lære ungdommane litt god haldning i forhold til god ferdsel korleis den skal vere, sporlaus ferdsel, at me viser respekt for både naturen og dyremiljøet. Lære dei at dette er noko me skal ta vare på, [...] at me kan vere ein del av naturen, [...], som kan gi veldig sterke opplevingar. Det dreie seg ikkje alltid om action, det dreie seg faktisk om det å senke skuldrane.

Her er det likskap med Næss (1976, s. s.20) sin økosofi T der «alt henger inderlig sammen». Menneske høyrer til i naturen og er ein del av den (ibid). Næss er opptatt av miljøvern og miljøutfordringane (Gamlund, 2012). For å verna- og ta omsyn til naturen ynskjer den dypøkologiske tilnærminga å endre vår livsstil, vårt natursyn, våre haldningar og våre verdjar. Dypøkologien meinte miljøutfordringane var eit resultat av at me nytta naturen feil og eit middel for å realisere våre formål (ibid). Ein kan mogleg sjå igjen enkelte punkter i utsaknet til Karl. Det Karl uttrykker er innom perspektivet til Næss på ulike nivå som haldning og natursyn.

Resultatet viste at naturopplevingar var det forholdet som hadde mest innverknad hos respondentane på deira forhold til friluftsliv og natur og miljøvern som var lik Skogvang (1993) (Figur 3). I undersøkinga til Skogvang (1993) var naturen sentral i sosialiseringa til friluftsliv. For utvalet hennar var naturopplevingane og sosiale samvær dei viktigaste motiva for å drive friluftsliv (ibid). I likskap med Skogvang (1993) vil mogleg gode naturopplevingar under utdanningsprogrammet kunne vere med på å motivere respondentane til å ta vare på naturen og drive med friluftsliv både i fritida og etter utdanningsprogrammet.

Kor god tilgang ein har til naturen spelar inn om ein skal drive med friluftsliv (Vestheim, 2005a). Tilgangen til naturen kan ha spelt inn på forholdet til naturen og eventuelt aktivitetsnivået til respondentane. Resultatet viste at dei fleste respondentane budde i ein større tettstad, storby og mindre tettstad (4.1). Vestheim (2005a) fann fellestrekk med tre av fire informantar om korleis dei brukte naturområdet rundt heimen og i vaksen alder. Informantane hans uttrykte korleis det var lett å dra ut i naturen, at det var kvar dag og det kunne vise til at naturen vart ein sosialisering sin stanse til friluftsliv for dei. Strandbu (2000) fann at for ungdommar som budde i storbyen kan avstanden til naturen ha innverknad på miljøengasjement, deltaking i friluftslivsaktivitetar og natursyn. Det vart ikkje spurd respondentane om korleis naturområdet var i oppveksten og tilgang i dag slik at ein veit ingenting om dette. Det var derimot mange av respondentane som hadde tilgang til hytte som vil gjere avstanden til naturen kortare. Nesten alle respondentane hadde overnatta på hytte dei siste 12 månadane (ref. 4.1). Ei hytte kan bidra til at ein kjem nærmare naturen, vert interessert- og er meir i naturen (Skogvang, 1993).

Bakgrunnsfaktorane til respondentane kan ha samanheng med miljømedviten. Skogen (1999) fann at ulike kulturmønster, kjønn og klasser var knytt til miljømedviten hos unge. Dette er i tråd med Bourdieu et al. (2002) om oppvekst i ulike samfunnsklasser. Den kapitalen respondentane har fått økonomisk, sosialt og kulturelt frå foreldre og nærmaste vil ha innverknad på dei. Ein ser at det var ein positiv sjølvvurdering av respondentane om miljømedviten i dag og av kva ulike omsyn respondentane tok til natur og miljøet (Tabell 5). Utdanningsprogrammet har eit fokus på- og formidling av natur og miljø. Det kan virke som at programmet har lykkast med målområdet for ein stor del av respondentane. Skulen kan bidra med kulturell kapital og dei haldningar ein har i livet vert danna i ungdomsåra i lag med jamaldrande (Frønes, 2006; Imsen, 2014). Denne kombinasjonen med fokus på natur og miljø fokuset i ung alder vil mogleg bidra til miljømedviten hos dei som deltar på utdanningsprogrammet. Om det berre er utdanningsprogrammet som har gjort respondentane miljømedvitne er vanskeleg å seie for det er mange sosialisering sin stanse som bidrar, men det kan virke som deltaking i utdanningsprogrammet har bidratt.

### **5.2.1 Oppsummert naturkjennskap**

Hensikten med målområdet naturkjennskapet er å bidra til ein medviten haldning til naturen. Respondentane skal få kunnskap om naturlege samanhengar er å og kva innverknad menneska har på miljøet og verda. Over halvparten av respondentane vurderte seg i stor grad

miljømedviten (Tabell 5). Kjeldesortering var dei tiltaka og omsynet flest respondentar gjorde, og det var få respondentar som meinte dei aldri tok omsyn til natur og miljøet. Enkle tiltak som å velje miljøvenlege daglegvare, m.m. og spare straum var tiltak som dei fleste respondentane berre tok «litt» omsyn til (Tabell 6). Med deltaking i utdanningsprogrammet og bevisstgjeriing i undervisningsopplegget kan ein skape haldningar og identitetsdanning (Skogvang, 1993; Skålvik, 2015). Haldningar og kontakt til naturen blir danna i oppveksten (Fjørtoft & Reiten, 2003; Frønes, 2006).

Lærarane er eit forhold som har innverknad på respondentane (Figur 3). Lærarane som vegleiarar og rollemodell har ei viktig rolle med å vidareformidle naturen sin eigenart og mangfald av liv i naturen (Faarlund, 1973). Avstanden til naturen frå bustad og bakgrunnsfaktorar kan ha ein innverknad på respondentane. Mange respondentar hadde tilgang til hytte som gjer kortare avstand til naturen og aukar moglegheita til bruke naturen (Skogvang, 1993). For å summere opp er det slik at respondentane vil verte påverknad frå mange hald og ulike sosialiseringinstansar som foreldre, dei nærmaste, venner og skulen. Kor mykje og kven som har bidratt mest veit ein ikkje, men ut frå resultatene virker det som utdanningsprogrammet har bidratt til miljømedvit og ynskje om å gjere naturvenleg val.

### **5.3 Sosialisering**

Sosialisering er eit målområde i utdanningsprogrammet der elevane skal bygge relasjonell kompetanse gjennom å lære å planlegge, organisere og samarbeide. Det første eg vil sjå på er innverknaden dei ulike sosialiseringagentar som familie, venner og skule har hatt på respondentane.

#### **5.3.1 Forhold som har hatt innverknad på elevane sitt friluftsliv og natur- og miljøsyn.**

Respondentane uttrykte at forholdet naturopplevingar hadde høgast innverknad på deira forhold til natur- og miljøsyn (Figur 3). Dette var likt hos Skogvang (1993). Å oppleve naturen er sentralt i utøvingar av friluftsliv (Mytting & Bischoff, 2008).

Det var eit høgare resultat blant respondentane i følgjande forhold under enn funn hos Skogvang (1993): Det faglege innhaldet, fekk utfordring, venner sitt forhold til friluftsliv, lærarane, opplevde spenning og anna forhold (Figur 3).

Det var lågare resultat enn Skogvang (1993) med følgande forhold: Samarbeid på tvers av fag, opplevde nye sider ved medelever og politisk diskusjon og engasjement som ein del av undervisninga. Desse forholda hadde lågare resultat i stor grad, men det var høgare nøytralt resultat enn Skogvang (1993) (Vedlegg 11.4.2).

Lærarane var det neste valte forholdet etter naturopplevingar som hadde innverknad på respondentane (Figur 3). På spørsmål om kva tilbakemelding elevane gir på utdanningsprogrammet, trakk Alf fram lærarane for; «[...] når dei er så mykje ute så får dei og eit nært forhold til elevane. Elev og lærarar. Og det forsterkar seg på trivsel og læring». Berit støttar innverknaden lærarane kan ha på elevane og det nære forholdet mellom elevane og lærarane på utdanningsprogrammet. I resultatet frå både spørjeskjema og intervjuva var lærarane viktige i elevane sitt forhold til friluftsliv. Funn hos Knapstad (2004) støttar at lærarar i friluftsliv på folkehøgskule har viktige rollar i elevane sin sosialisering til friluftsliv. Som Alf nemnar, vil i følgje Foss (2011) det nære forholdet på friluftslivstur kunne bidra til relasjonsbygging med samhald, vennskap og det å lære av kvarandre vere er ein viktig del av å vere på tur.

Å oppleve spenning var vurdert likt med forholdet lærarane. Deretter var det forholdet å få utfordringar. Over ein tredjedel av respondentane svarte å få utfordringar gav stor innverknad på deira friluftsliv og natur- og miljøvern (Figur 3; Vedlegg 11.4.2). Dei nye spesialiserte friluftslivsaktivitetane som terrengsykling, fjellklatring og frikøyning kan gi meistring og fysisk utfolding til utøvarane (Meld. St. 18 (2015–2016), 2016; Odden, 2005, desember). Spenning og utfordringane må vere lagt til kvart individuelle nivå slik at ein kan oppleve meistring. I følgje Knapstad (2004) var meistring viktig for ungdom sin sosialisering til friluftsliv. Magnussen (2012) fann til dømes at kajakkpadlarar lærte best i situasjonar der dei fekk oppleve reelle utfordringar og motstand frå naturen. Det er kanskje eit paradoks viss ein skal lære, må ein mogleg bli utfordra. For til døme skal ein undersøke helling og snøkvalitet på ei fjellside, må ein stå i hellinga. Ein må utsette seg sjølv for utfordring.

Over halvparten av respondentane meinte «det faglege innhaldet» og «fekk venner med felles interesse» har hatt innverknad på deira forhold til friluftsliv (Figur 3; Vedlegg 11.4.2). Forholdet «politiske og diskusjon» og «andre forhold» er ikkje utdjupa, hadde liten grad av innverknad. Om korleis dei jobba med eit tema innan natur og miljø fortalde Berit at dei kan jobbe;

halvedagar, og så mykje heile dagar. [...]. Me jobbar med det så køyrte me i gjennom det og køyrte opp i (stadnamn). Så hadde me litt eksterne folk som var engasjert i saken som snakka om det og dei sette seg inn i saken, leste det som stod i avisa, sett seg inn i saken.

Her fortel Berit at dei jobba med eit prosjekt og eitt spesifikt stadnamn. Stadnamn vart ikkje inkludert i transkripsjonen for unngå identifisering. Det virker som utdanningsprogrammet prøver å bruke dagsaktuelle saker og eksterne folk for å engasjere elevane. Hos Skogvang (1993) meinte litt over halvparten (59%) av utvalet hennar at informasjon og undervisning var eit viktig tiltak for å få elevar engasjert i natur- og miljøvernsspørsmålet. Éin tredjedel av utvalet hennar svarte at ekskursjonar og nærmiljøbruk var viktige tiltak.

Utdanningsprogrammet er eit praktisretta fag og Berit fortel at utdanningsprogram «[...] skal vere 70 prosent praktisk og 30 prosent teoretisk så det er klart at me knyte til teori opp i mot det me gjer». Denne kombinasjonen med faglege innhaldet med friluftsliv, turar og praktisk innhald kan ha innverknad på motivasjonen til elevane. Ein respondent skreiv til dømes på slutten av spørjeskjema: «For meg var friluft i vidaregåande ein måte å gjennomføra vidaregåande med ny motivasjon, for å få ein forandring frå 10 år med tradisjonell barneskule». Her fortel ein respondent kva det faglege innhaldet på utdanningsprogrammet har gjort for vedkommande. På denne måten kan det faglege innhaldet trekke til seg elevar. Grunnen for at elevar vel friluftsliv i vidaregåande skule har samanheng med grunnsosialiseringa til friluftsliv frå familien (Hvattum, 2012; Nygård, 2012).

Forholdet «fekk venner med felles interesse» kan vere ein måte å bli sosialisert inn i ein aktivitet(er), når me veit det er ei dreining mot jamgamle i ungdomsåra. Dei signifikante andre i sosialiseringa vert meir venner og andre i same alder (Frønes, 2006). Ein ser at forholdet «opplevde nye sider av med elever» vart rangert tilsvarande som hos Skogvang (1993). Å vere på friluftslivturar inneber ulike oppgåver der deltakarane i gruppa må samarbeide for å kunne gjennomføre turen. På tur kan elevar få vise andre sider av seg sjølv enn i klasserommet som er positivt for elevane (Jordet, 2010). Tordsson (2005) viser til at ein miljøforandring som friluftsliv kan skape, kan bidra til at elevane ser andre sider av seg sjølv. Friluftsliv er eit sosialt fellesskap der ein til dømes går på tur saman med andre. Når ein drar på turar med familien kan det gi opplevingar og glede av å gjere noko meningsfullt saman. Det gir nærleik, skaper fellesskap og gjensidig verdisetting. Det enkle livet i naturen kan gi glede og mening til den enkelte. Ein finn til dømes vegen fram saman, ein sitt og varmar seg

rundt det same bålet. Ein møter og taklar utfordringar saman, som gir anledning til å utvikle sosiale og medmenneskelege kvalitetar som ansvar, omsorg og empati (ibid).

Forholdet «samarbeid på tvers av fleire fag (til dømes kroppsøving, samfunnsfag, naturfag)» hadde nøytral grad av innverknad. Alf fortel at «[...] me har hatt mest samarbeid er eigentleg med restaurant og matfag og det går på det med foredling av mat». Alf fortel vidare at elevane på utdanningsprogrammet jakter, skyter hjort eller rein og får opplæring nedskjering, matlaging og presentasjon. Det var om lag éin tredjedel av respondentane som hadde vert på små- eller storviltjakt dei siste 12 månadane (N=69). Desse respondentane ville hatt nytte av samarbeidet i utdanningsprogrammet (Vedlegg 11.4.1).

### **5.3.2 Oppsummert sosialisering**

Målområdet i sosialisering er mangfaldig og inneheld ulike forhold som å kunne samarbeide og handle saman i lag med naturen og medmenneske. Respondentane uttrykte at forholdet naturoppleving gav høgast innverknad på respondentane deira friluftsliv og natur- og miljøsyn. Saman med andre i naturen kan naturopplevingar og naturen sjå ut til å vere ein hovudmotivasjon for utøving av friluftsliv. I sosialiseringa til friluftsliv, spelte lærarane som vegleiarar på utdanningsprogrammet ei viktig rolle.

Deltaking på utdanningsprogrammet kan bidra til at enkelte elevar vert sosialisert inn i ein aktivitet som dømet til Berit om elevar som startar med elvekajakk. Dei vert interessert og byrjar med aktiviteten sjølv om ingen i familien har kjennskap til det og det ikkje er i barnets- eller ungdomen sitt habitus. Viss ein deltek i jakt og fiske i oppveksten er sjansen for ein at gjer det seinare (Odden, 2008). Får ein kjennskap til miljøet kan det bli ein del av habitus og ein tilpassar seg (Bourdieu et al., 2002). Barn og unge sin aktivitetsinteresse for friluftsliv kan dei fanga opp frå mange ulike stadar, som til dømes foreldre, venner, video på Internett eller i dette tilfelle skulen (Nykrog, 2013).

Sjølv om resultatet indikerer at utdanningsprogrammet har betydning, ligg det og i resultatet den samanheng forskning viser mellom generell deltaking i friluftsliv i oppveksten og deltaking i enkeltaktivitetar i vaksenalder (Odden, 2010. november). Den same samanhengen var det i mine resultat om kor aktive respondentane vurderte seg sjølv i oppveksten og i dag (Tabell 2). Det er grunn til å seie at dersom foreldre ikkje tar med barna sine med ut i naturen vil barna miste den viktigaste arenaen for sosialisering til friluftsliv. Men på den andre sida,



manglar foreldra kunnskap og ferdigheiter i friluftsliv må andre sosialiseringstansar som barnehagar og skuler gi barna og unge moglegheit til å utvikle dugleik og ferdigheiter (Meld. St. 39 (2000-2001), 2001).

## **5.4 Vegleiarrolla**

### **5.4.1 Arrangerte turar for ulike grupper.**

Målområde vegleiarrolla skal gi respondentane kompetanse i friluftsliv og dei skal kunne organisere og planlegge aktivitetar. Faarlund (1973, s. 41) meiner oppgåva til vegleiaren er å vegleie slik at friluftsliv vert eit liv i naturen med overskot. Ein vegleiar må ha og vere bevisst over friluftslivslivsverdiane og ansvaret (ibid). Resultatet viste at det var ein positiv mengde som arrangerte turar etter utdanningsprogrammet (Tabell 7).

Det var lik mengde respondentar som hadde arrangert tur for «barnehagar» og «skulebarn og turistar». Det var få respondentar som hadde arrangert tur for «eldre». Under halvparten av respondentane hadde ikkje arrangert tur og få av respondentane svarte andre grupper som ikkje var nemnd i svaralternativa (Tabell 7).

Sidan ein kunne svare fleire alternativ, vart det analysert kva dei enkelte respondentane hadde svart. Tabell 8 viste ein oversikt over respondentane som hadde arrangert tur for ei eller fleire grupper. Det vart flest (fem) respondentar som hadde arrangert tur for både «skulebarn og turistar». Det var lik mengde (tre) respondentar som hadde arrangert tur for gruppene «barnehage» og «barnehage og skulebarn». Det var lik mengde (to) respondentar som hadde arrangert turar for gruppene «skulebarn» og «turistar». Det var fleire enkelt (éin) respondentar som hadde arrangert turar for ein- eller fleire av desse gruppene; «Barnehage og eldre», «barnehage, eldre, skulebarn og turist», «barnehage, skule og turist», «barnehage og turist», «eldre» og «eldre, skulebarn og turist».

Resultatet over arrangering av turar viste at det var få respondentar som hadde arrangert turar. Skulebarn og turistar var dei gruppene respondentane hadde mest arrangert turar for. Deretter var det gruppa «barnehage» og gruppa «barnehage og skulebarn» (Tabell 7; Tabell 8). Det er verdt å merke seg at det var færre respondentar som hadde arrangert tur for gruppa skulebarn og gruppa turistar enn gruppa skulebarn og turistar. Likevel kan ein mogleg sjå at ein lykkast med turar for denne gruppa. Gruppene «skulebarn, barnehage og turistar» var dei gruppene som var mest kombinert med andre grupper. Målområdet vegleiarrolla har mål om at

respondentane skal kunne organisere aktivitetar for gruppene. Ein kan undre om respondentane kunne ha arrangert turar for dei ulike gruppene utan å gjennomført utdanningsprogrammet? Om det er kunnskap og ferdigheit som respondentane har erverva frå utdanningsprogrammet som gjer at dei kunne arrangere turane. Ser ein derimot på gruppa «eldre» var det lite arrangerte turar. I følgje Schipperijn et al. (2010) er det fleire grunnar til om ein brukar eit grønt område. Det kan vere dårleg helse, små barn, høg alder, redusert mobilitet, avstand til - og storleik på området. I spørsmålet var det ikkje definert kva som var meint med turar. Kva den enkelte respondent legger i tur kan mogleg variere. Denne variasjonen kan mogleg gi utslag på resultatet på den negative- og positive måten. Ein veit ikkje noko om omfanget av turane som er arrangerte. Ein veit ingenting om hyppigheit eller kva type turar det er snakk om. Dette er kanskje noko som kan undersøkast vidare.

Å vere vegleiar kan vere utfordrande. Ein vegleiar må ta omsyn til mange faktorar, som til dømes friluftslivet sine verdiar, eigenart, ferd etter evne, ansvaret, gruppas deltakarar, vegleiarrolla, risiko m.m. (Faarlund, 1973; Horgen, 2010; Østrem, 2003). Kvifor respondentane ikkje har arrangert turar, vart det ikkje spurd om. Dette kan vere noko å undersøke vidare. Om det til dømes kan vere på grunna av manglande kunnskap, ferdigheiter eller ikkje eit ynskje om å arrangere turar.

Det kan vere ulike grunnar for at fleire respondentar ikkje hadde arrangert turar. Som vegleiar bør ein vere trygg på eigen kunnskap og ferdigheiter i friluftsliv. Øving i friluftsliv kan bidra til tryggleik og sjølvtilit. Med å vere i friluftsliv klassar vil respondentane kunne få meir sjølvtilit enn andre klassar (Gehris & Swalm, 2007). Vegleining i friluftsliv kan innebere risiko, for utøvinga må vere i naturen (Faarlund, 1973). Ein må oppsøke situasjonar kor ein kan lære, erfare og gjerne drøfte ulike løysingar. Grunnlaget for å lære baserer seg på naturmiljøet, situasjonar og erfaringar ein får frå naturmiljøet (Horgen, 2010). I læringsprosessen spelar moglegheita til å kunne eksponere- og nærme seg risiko, og kanskje mister kontrollen ei viktig rolle (Magnussen, 2014). Kor mykje ein lærar inkluderer elevane i risiko- og tiltaksplanlegginga kan mogleg variere. Viss elevane ikkje vert inkludert i planlegginga kan ein gå glipp av verdifull læring, som til dømes å takle det forutsette (Dahl, Moe & Standal, 2017). I følgje Østrem (2003, s. 99) vil det vere ein samheng mellom risiko og vegleiaren sitt behov for meistringsglede og ferdigheitsnivå. For å få respekt for farlege situasjonar må vegleiaren tillate gruppedeltakarar å ta risiko. Her vil det vere eit skilje mellom kva vegleiaren og gruppedeltakarar vurderer som risiko og vegleiaren skal unngå at ulykker

kan hende (ibid). Dette skiljet kan mogleg vere vanskeleg, viss eigen erfaring, kunnskap og ferdigheiter er lave. Vikene, Hallandvik og Vereide (2016) meiner ein vegleiar vil med god erfaring frå vinterfriluftsliv kunne vurdere situasjonar betre enn ein uerfaren som kan ikkje sjå eller tolke symptom hjå individ eller gruppa. Skal ein utvikle vegleiarkompetanse bør ein kombinere relevant erfaring og teoretisk kunnskap.

I vinterfriluftsliv kan ein til døme trekke fram snøhole/kantgrop som ein aktivitet der det kan krevje kompetanse. Dei siste 12 månadane var det få respondentar hadde gjort denne aktiviteten (Tabell 1). Ei kantgrop kan vere enklare, raskare og lettare med tanke på tryggleikskrav enn ei snøhola. Som vegleiar skal ein bidra til opplevingar og glede enn ha fokus på fare (Horgen, 2010). Med aktivitetar på vinterstid kan det vere risiko for liv og helse. Skal ein vegleie grupper i vinterfjellet må ein vere oppmerksam, ha kunnskap om farar og kva tiltak ein gjer for å sørge for gruppa sin tryggleik. Ein vil hugse ein dårleg oppleving med oppleving med til dømes objektive farer som kulde og frysing på snøhole- eller kantgropovernatting (ibid). Får ein derimot gode positive opplevingar i friluftsliv i oppveksten er det større sjanse for ein fortsett med aktiviteten (Bruun, 2012). Dei dårlege opplevingane kan mogleg hindre respondentar til sjølv å dra eller å ta med andre på tur. Skal ein ta med andre på tur bør det vere ein underliggande glede og eit ynskje om å lede eller formidle til deltakarane.

Vegleiareren i friluftsliv kan i følge Østrem (2003) fyller mange ulike roller. Ein kan vere instruktør, venn, lærar, guide, konsulent og rådgivar. Rolla er avhengig av rammevilkåra som endrast undervegs. Dei ulike rollane ser ein igjen i svara til respondentane på utdjupeinga om kva gruppe dei har arrangert tur for; DNT, familie, Røde kors, jobbsamanheng, leirskule elevar, speidarar, studentar, ungdommar og venner. Oppgåva og formålet med blant anna friluftslivsvegleiing er å formidle kunnskap-, haldningar om naturen og utøve opplæring i naturen for å auke interessa i friluftsliv (Sigmund Andersen & Rolland, 2016). Deltaking på utdanningsprogrammet kan bidra at respondentane får moglegheita til å formidle kunnskap til turdeltakarane. For dei respondentane som ikkje hadde arrangert turar vil lærarane deira vere som vegleiarar og kunne overføre.

«Lærarane» var eit forhold som hadde innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv. Dei kan spele ei viktig rolle som lærar og vegleiar (Figur 3). Elever vil sjå på korleis lærarar utfører og oppfører seg som vegleiar og ta med seg det i si rolle som vegleiar (Andresen,

2009). Berit fortalte korleis lærarane kan vere førebilete; «[...] me er jo førebilete i alt me gjer, alle handlingar, alle haldningar, altså haldningar til miljø, til natur, korleis me behandle naturen, korleis me ferdast i naturen [...]». Kva vegleiar ein ynskjer å vere bør det vere rom for å prøve og finne ut sjølv. Jensen (2007) meiner det er viktig og verdi i å tumle og fomle til dømes i skogen, fjellet eller på ski gjennom livet. Han trekker fram døme med treklatring når han var liten og lærte kva grein ein kunne klatre på som ikkje ville knekke. Med tumle og fomle må ein vurdere eigne ferdigheiter, og velje turar deretter. Tumle og fomle kan til dømes gi naturkjennskap med kva greinomkrets som bære ein. Kjennskap og tumle og fomle i naturen gjer at ein lærer å ta vare på- seg sjølv, og endå viktigare naturen. Det er viktig at vegleiarar gir deltakarane moglegheita til å tumle og fomle og med å finne naturen sine eigne «læringsrom» (Jensen, 2007, s. 103). Ein positiv haldning og relasjon til naturen må ein gi moglegheita for å kunne utvikle (ibid). Då eg gjekk på bachelor friluftsliv sa ein vegleiar at det er viktig å tumle og fomle, men ikkje så mykje at ein faller. Med dette meinte han mogleg at ein må vite når ein må inn og støtte slik at ein ikkje faller eller det skjer ein situasjon. Dei som har arrangert tur vil mogleg få anledning til å gi gode naturopplevingar, formidle friluftslivets verdiar og eigenart til deltakarane. Dei vil kunne få moglegheita til å formidle naturens eigenart og medansvaret for naturen (Faarlund, 1973).

#### **5.4.2 Deltaking på kurs og bruk av eigen kompetanse**

Friluftsliv består mykje av utøving og jo meir komplisert og krevjande aktivitetar, bør kunnskap og ferdigheiter både øvast og haldast ved like. Tabell 9 viste at det var eit fleirtal som hadde gjennomført kurs etter utdanningsprogrammet.

Det var mogleg å velje fleire kurs på spørsmålet om deltaking på friluftsliv relaterte kurs. Det viste seg at fleire respondentar har deltatt på fleire enn berre eitt kurs. Resultatet viste at det var flest respondentar som hadde gjennomført skredkurs og Røde kors kurs (Tabell 10). Det er fleire aktørar som arrangerer skredkurs óg Røde kors gjennomfører også skredkurs. Det var ikkje spesifisert i svaralternativet slik at det kan vere at respondentane har deltatt på skredkurs i regi av Røde kors eller hjå andre aktørar. Det var få som både hadde gjennomført Røde kors kurs og som hadde skredkurs, kajakk kurs, Røde kors kurs, DNT kurs og NF klatrekurs.

Det var ein positiv mengde respondentar som hadde gjennomført eitt eller fleire kurs etter utdanningsprogrammet. Resultatet viste at det var svært få respondentar som hadde- eller driv

eigen bedrift innan friluftsliv. Få respondentar hadde vert eller er trener, instruktør i idrettslag eller organisasjon der dei fekk bruke ferdigheiter og kompetanse i friluftsliv.

Når det gjelder å jobbe som guide viser tall frå SSB (2018) at sysselsetting innanfor næringa guide og reiseleiarar har auka frå 2010 til 2017. Det kan indikere eit behov for guidar og reiseleiarar. Det kan mogleg vere krevjande å bli heiltidsguide på høgt nivå. Å bli Norsk Tindevegleder (heretter referert etter som Nortind) godkjent guide er den mest omfattande og høgaste kvalifiseringa internasjonalt med vegleiing og føring i høg fjellet (NORTIND, U.Å.). Nortind er eit yrkesforbund som har med godkjenning av tinderettleiing i Norge for IFMGA, Den Internasjonale Fjellførerforbundet. Å bli godkjent tindevegleiar kan vere krevjande og ein lang prosess med kvalifisering over 3,5 år, om lag 110 kursdagar, 10 veker praksis og minst 1500 timar eigenutvikling (ibid). Skal ein bli denne typen godkjent guide både innanlands og i utland, kan det krevje både god eigeninnsats og motivasjon.

Informantane vart stilt spørsmål om kven elevmassen var. Karl nemnar at det er ein del elevar som har lyst på idrettslinje og likar å vere i aktivitet, men er ikkje toppidrettselevar. Han meiner dei er ein direkte konkurrent til idrettslinja for dei er aktive og meir yrkesspissa. Karl fortel viss ein: «[...] går her i tre år hos oss og kanskje søker vidare på høgskulen innanfor friluftsliv. Så er du kanskje i ferd med å stake ut ein kurs kanskje innanfor læraryrket eller innanfor naturbasert reiseliv og oppleving». Resultatet frå respondentinformasjonen viste at det var få innanfor dei nemnde yrkene. Det viser seg at det Karl nemnde som kunne vere mogleg yrkesvegen for respondentane ikkje var tilfelle.

Ser ein på utdanning til guidar viser Utdanning.no (2019) at dei fleste faste guidar har «ingen eller ukjent utdanning». Deretter har guidar utdanning som «studiespesialisering», utdanning med «språk, samfunnsfag og økonomi» og den fjerde utdanninga er «studiespesialiseringa, realfag». Kva utdanningsprogrammet med friluftslivsprofil som respondentane har gjennomført, kan vere under ukjent utdanning eller studiespesialisering. For dei få respondentane som har eller jobbar innan friluftsliv vil dette stemme med Utdanning.no (2019).

Friluftsliv er ein utøvande aktivitet som ein må utøve for å bli god, betre og/eller halde ved like kunnskap og ferdigheiter. Faarlund (1973, s. 32) nemnar ei avgrensing av friluftsliv, at det skal ikkje berre vere «rekreasjon» og «flukt». Det er behov for vegleiing i friluftsliv og

skal det drivast med rimeleg kvalitet må vegleiaren skulerast. Ein kan undre om respondentane er nok kvalifiserte til å arrangere turar for ulike grupper etter tre år utdanningsprogram med friluftslivsprofil i vidaregåande utdanning. Kven- og kva gjer at ein vegleiar er god, undrar Faarlund (1973)? Faarlund (1973, s. 51) nemnar til dømes om ein skiløypar kanskje ikkje er like flink vegleiar i fjellski som i preparerte spor, eller om ein kan vere vegleiar i elvepadling viss ein ha vert konkurransepadlar osv. I friluftsliv er det mange ferdigheiter som ein vegleiar må meistre. Som vegleiarar i friluftsliv må ein ha ferdigheiter om blant anna orientering, overnatting, mat, bekledding m.m. og ha kunnskap om miljø, vær, snø (ibid). Respondentane får mykje praksis som Berit nemnde om korleis utdanningsprogrammet er lagt opp med 70 prosent praktisk og 30 prosent teoretisk. Erfaringa og ferdigheitene må vere i forhold til kunnskapen (Faarlund, 1973). Respondentane vil mogleg i løpet av tre år på utdanningsprogrammet få ein balanse mellom kunnskap, erfaring og ferdigheiter. Det var derimot svært få respondentar som hadde bruk kompetansen sin i ein bedrift innan friluftsliv og få som hadde vert trener eller instruktør der dei brukte sin kunnskap og ferdigheiter (ref. 4.5.3)

Å vere vegleiar kan vere komplekst i følge Østrem (2003, s. 78-79, 86 ). Vegleiaren skal fylle mange ulike rollar som instruktør, guide, lærar, venn m.m. og oppgåver som endrar seg etter kontekst (ibid). Kva kriteria utdanningsprogrammet vurderer respondentane etter kan vere interessant å undersøke vidare. For Faarlund (1973, s. 51) tar opp spørsmålet om ein «eksamen» kan rangere ein kandidat, der kandidatane skal gjenta pensum som har lite relevans til friluftsliv. Friluftslivets verdi kan bli skyvd til sida med rangering og føre til ein konkurransesituasjon med prestasjonsmotivering. Verdien av vurderinga er liten fordi enkelte vil vidareutvikle seg med erfaring og ferdigheiter og andre vil mogleg stagnere i utviklinga med ferdigheitstrening (ibid). Ein eksamen er mogleg ikkje det beste verktøyet for å vurdere ein vegleiar. I følge Faarlund (1973, s. 52) vil ein sjølvevaluering kunne vurdere forutsetningar opp i mot kva krav det er i ulike samanhengar i naturen. Sjølvevalueringa i lag med ein lengre tur i valt fordjuping kan avgjere standpunktet til vedkommande med til dømes ulike ferdigheiter, kunnskapar, erfaring, osv. (ibid). Kva som er norm for ein vegleiar. Hos ein utdanningsinstitusjon vil det vere skrivet i lærebøker, studieplanar og læreplanar (Martinussen, 2008). Å undersøke korleis respondentane vert vurdert som vegleiar kunne vert interessant å undersøke vidare.

Faarlund (1973) nemnar at det krev utdanning for å vere ein vegleiar. Kompetanseheving og at ein tar kurs kan vere ein av desse tiltaka. Sjølv om utdanningsprogrammet mogleg ikkje lykkast for alle respondentane med målområdet vegleiar, har enkelte respondentar arrangert turar for ulike tiltenkte grupper. Det er ein langvarig prosess å vere kvalifisert som vegleiar og det er ein prosess som krev langvarig modning med erfaring frå ulikt naturmiljø og omsyn til verdiar. Faarlund (1973, s. 51) meiner at ein må ha fordjuping i ein grein og brei erfaring frå fleire greiner av friluftsliv, dette fordi eitt- eller to års studium ikkje vil vere tilfredsstillande.

Respondentane si deltaking på utdanningsprogrammet i vidaregåande skulen og i ungdomsåra kan ha vert med på å forme deira identitet og danning (Nygård, 2012; Skålvik, 2015). Ei deltaking i friluftsliv i vidaregåande skulen vil i følgje Hvattum (2012) bidra til elevane sin identitetsdanning, lære om seg sjølv, dei fekk kunnskap og lærte friluftsliv. Respondentane vil kunne forme eigen identitet der dei ynskjer å assosiere seg med tur, natur og friluftsliv. Skal ein drive med friluftsliv må ein utøve det. Ein kan trekke ut Faarlund (1973) sine tankar om vegleiaren, at det å bli og vere vegleiar er ein prosess. Ein vil mogleg aldri bli ferdig lært og ein bør heile tida ha eit høgare ynskje om å utvikle seg. For friluftsliv er eit liv i friluft. Ein har med det seg heile livet.

### **5.4.3 Oppsummering vegleiarrolla**

I målområdet vegleiarrolla skal respondentane få kompetanse i friluftsliv og kunne organisere og planlegge aktivitetar for seg sjølv og andre. Det var få respondentar som hadde arrangert turar. Respondentane hadde arrangert tur mest for skulebarn og turistar. Deretter var det barnehage. Få respondentar hadde arrangert tur for «eldre». Respondentane var ikkje spurd om kvifor ein ikkje hadde arrangert tur.

Det var ein positiv mengde respondentar som hadde gjennomført eitt eller fleire kurs etter utdanningsprogrammet. Det var fleire respondentar som hadde gjennomført fleire kurs. Det var svært få respondentar som hadde- eller driv eigen bedrift innan friluftsliv. Få respondentar hadde vert eller er trener, instruktør i idrettslag eller organisasjon der du får bruke ferdigheiter og kompetanse i friluftsliv. Totalt tydar resultatet i målområdet eg har kalla vegleiarrolla at utdanningsprogrammet ikkje i vesentleg grad har ført til at tidlegare elevar sett som gruppe nyttar kompetansen i friluftslivsleiing aktivt verken i lag og organisasjonar eller som utgangspunkt for yrkesval.

## **5.5 Utdanningsprogrammet sin innverknad på respondentane sitt friluftsliv**

Respondentane vurderte at utdanningsprogrammet hadde stor grad av innverknad på deira friluftsliv i dag (Tabell 11). Spørsmålet er svært relevant og tar for seg problemstillinga om korleis uttrykker tidlegare elevar at vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil har hatt innverknad på deira friluftsliv fram til i dag. Resultatet frå undersøkinga viste at forholda skulen og innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen var dei forholda som hadde mest innverknad på deira friluftslivsvaner og friluftslivsaktivitet i oppveksten (Figur 1; Tabell 4). Den positive innverknad av utdanningsprogrammet har likskap med Gass et al. (2003) og Braun og Dierkes (2017). Gass et al. (2003) fann at friluftslivsprogram hadde ein sterk effekt på forholdet mellom like personar. Det var ein positiv effekt både under og lang tid etter friluftslivsprogrammet. Braun og Dierkes (2017) viser til at sjølv korte dagsturar eller 5 dagsturar har innverknad på deltakarane sin kontakt til naturen.

Undersøkinga mi er tilsvarande som Skogvang (1993), men i hennar resultat var det ingen innverknad av å ha friluftsliv i skulen. Ho fann ingen skilnad mellom undersøkings- og kontrollgruppa om den positive interessa for friluftsliv som vart skapt i vidaregåande skulen. Nykrog (2013) fann det var nedgang innverknaden skulen hadde på elevane i ungdomsåra. Odden (2004, juni, 2005, desember) nemnar at ein sviktande sosialisering til friluftsliv kan føre til aktivitetsnedgang i friluftsliv. Sosialiseringa til friluftsliv har tidlegare vert overført frå generasjon til generasjon. Forhold og relasjon til naturen er ikkje noko individet utviklar av seg sjølv i naturen, men den blir utvikla i samhandling med andre (Tordsson & Vale, 2013). Respondentane kan på tur saman oppleve at meiningsinnhaldet i friluftsliv situasjonar og bli sosialisert inn i dei praktiske handlingane i friluftsliv (Tordsson, 2005). Respondentane kan ha blitt vand med å gå på tur og bli glad i naturen slik at friluftsliv kan bli ein naturleg del av dei. Dette er i tråd med Bourdieu et al. (2002) med at naturen og friluftsliv vert ein del av habitus til respondentane. Det er ein kroppsleg tilpassing etter miljøet. Kroppen følgjer miljøet, handlar kreativt og strategisk (Frønes, 2006). Utdanningsprogrammet på skulen vil som sekundærsosialisering sin instans kunne bidra til at elevar vert sosialisert til friluftsliv. Ein kan seie at det ein lærer på utdanningsprogrammet vert naturleg, dei får kunnskap og ferdigheiter til å kunne utøve friluftsliv.

På spørsmål om kva tilbakemelding respondentane gir på utdanningsprogrammet fortel Karl at elevane ser tilbake på desse åra som noko heilt spesielt. Han fortel at dei er mykje saman, opplever mykje saman, både oppturar, nedturar, det er kaldt, surt og varmt. Han fortel ivrig



vidare at «det gjer jo noko med oss og med felles opplevingar så skapast det gode minner. Og når ein skaper så felles opplevingar så blir det ganske sterkt». Karl trekker fram eit døme ein tidlegare elev sa til han på slutten av året:

[...] Så kjem han til meg, tusen takk for fantastiske år. Veldig godt for meg å kjenne at eg faktisk eksistere og ikkje bare lever. Han følte at han vart sett, han følte at han hadde vekst, han følte meistring, [...]

Her viser Karl til eit døme der utdanningsprogrammet har hatt ein god innverknad for den tidlegare eleven. Tilsvarende utsakn kjem fram i slutten av spørjeskjema der respondentane kunne blant anna skrive fritt om kva det hadde betydd å ha natur- og friluftsliv i vidaregåande skulen. Ein respondent skreiv at «friluftsliv i vidaregåande gav ein sinnsro og meistringskjensle, eg aldri ville vert forutan». Ein anna respondent støttar dette med å skrive at ein «opplevde meistring, gjekk frå ingen vurdering i alle fag på ungdomskulen, til 5,6 i snitt på VGS». Det respondentane uttrykker her kan mogleg vise døme på at utdanningsprogrammet kan gi elevane noko meir enn berre kva målområda seier. I følge Kristiansen (2015) opplevde både lærarane og elevane meistring i lag og samhandling når ein utøvde friluftsliv. Å drive med friluftsliv gav mange moglegheiter for at elevane kunne mestre (ibid). Jensen (2010) meinte at nye opplevingar og meistring av ferdigheiter gav trua på seg sjølv og kunne gi overføringsverdi utover skulen. Som respondenten nemnde om å gå frå ingen vurdering til å få vurdering, kan oppleving av meistring gi ein fagleg forbetring hos elevane (Bjølseth, 2016).

Utvalet til Skogvang (1993) hugsa mest opplevingane og under opplevingane var det dét sosialt fellesskap som gav høgast resultat. Informantane til Hvattum (2012) trakk fram samhaldet med medelevane på turane som var svært viktig felles motivasjon. Resultatet i dei ulike forholda kan vise til at utdanningsprogrammet har hatt ein stor innverknad på respondentane sine friluftslivsaktivitetsvaner som ein også kan sjå igjen i det høge aktivitetsnivået (Tabell 1; Figur 3).

På spørsmål om den sosiale kompetanse til elevane meinte Alf at «[...] desse elevane når langt lengre enn dei andre elevane våre». Han nemnar at han trur det er fordi elevane kjem tett inn på kvarandre og må ha tillit til kvarandre. Karl støttar dette at «dei lærar enormt i forhold til å kjenne seg sjølv, sine avgrensingar, dei ser andre [...]». Karl uttrykker her at

respondentane kan blant anna lære om seg sjølv på utdanningsprogrammet. Resultatet viste derimot at det å oppleve nye sider ved medelever hadde liten grad av innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern (Figur 3). Ein ser i følgje Tordsson (2010) at det er rom for modning og sosial utvikling i friluftsliv. Det å kunne varme seg på det same bålet, overvinne og møte utfordringar saman har positiv effekt. Ein går i taulag eller byter på å trække skispor. I friluftsliv må ein vise sider av oss sjølv og ein kan sjå ulike sider av kvarandre på ein god og mindre god måte (ibid). Karl synest at det nesten kvart år går friluftsliv-klassane gjennom periodar og han fortel at «det er noko som heiter forming, storming og preforming». Det Karl nemnar, unntatt norming, er gruppeprosessar som skjer når ein ny gruppe kjem saman (Tuckman, 1965). Han fortel at forming skjer som regel første året, storming i andre året og tredje året med preforming. Skal ein lære kunnskap, ferdigheiter og normer må det bli lagt til rette for det slik at det kan bli internalisert og bli ein del av seg sjølv (Frønes, 2006; Martinussen, 2008). I utøving av friluftsliv i den vidaregåande skulen vil det kunne oppstå situasjonar som kan krevje og kan utvikle deltaking og medansvar, solidaritet og omsorg. Det er i desse friluftslivs situasjonar at deltakarane får moglegheita til å oppdage, sjå andre sider og ulike plan av kvarandre (Tordsson, 2005). Dette er nokre av moglegheiter med bruke friluftsliv i skulen. Alle kan bli inkludert, akseptere og respektere kvarandre når ein utøve friluftsliv for at ein samarbeider. Dette er fordi enten om ein har mykje eller lite kunnskap om å slå opp leir, må og kan alle bidra.

### **5.5.1 Oppsummering utdanningsprogrammet sin innverknad på respondentane sitt friluftsliv**

Respondentane vurderte at utdanningsprogrammet hadde stor grad av innverknad på deira friluftsliv i dag (Tabell 11). Resultatet viser til problemstillinga om korleis uttrykker tidlegare elevar at vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil har hatt innverknad på deira friluftsliv fram til i dag. Forholdet skulen og innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen hadde mest innverknad på respondentane sin friluftslivsvaner og friluftslivsaktivitet i oppveksten (Figur 1; Tabell 4). Innverknad av utdanningsprogrammet var lik med Braun og Dierkes (2017); Gass et al. (2003). Resultatet var i kontrast til Nykrog (2013); Skogvang (1993); Vestheim (2005a) som fann lite til ingen innverknad frå skulen.

## 6. Avslutning

Formålet med denne masteroppgåva er å utforske korleis tidlegare elevar som har gått på eit vidaregåande utdanningsprogram med friluftslivsprofil uttrykker seg om innverknad på deira friluftsliv i ettertid.

### 6.1 Konklusjon

Undersøkinga indikerer at tidlegare elevar er aktive i mange ulike friluftslivsaktivitetar etter utdanningsprogrammet. Dei kan virke som like eller meir aktive samanlikna med deltakingsnivå i andre undersøkingar. Respondentane vurderte seg sjølv i dag som nøytral til stor grad miljømedviten. Kjeldesortering var eit miljøtiltak som alle respondentane gjorde, men få respondentar rapporterte val av miljøvenlege daglegvare m.m. og energisparande tiltak.

Naturopplevingar kjem fram som den komponenten frå utdanningsprogrammet som hadde mest innverknad på respondentane sitt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern. Dette er i tråd med studiar. Vidare var det lærarane si innverknad som var det neste flest respondentar rapporterte med innverknad. Resultat frå både spørjeskjema og intervju viste at lærarane var viktig i elevane sitt forhold til friluftsliv, som er lik tidlegare studiar.

Resultata viser skulen som det forhold respondentane uttrykte hadde mest innverknad på deira friluftslivsaktivitetsvanar opp til 19 år. Deretter var det forhold som far, mor og venner og/eller kjennskap, noko som var likt tidlegare studiar. I dag vurderte respondentane at forhold innhald og opplegg i vidaregåande grunnskulen hadde mest innverknad på deira sitt friluftslivsaktivitetsvanar. Ut frå tolkinga av respondentane si rapportering på tvers av målområda syner resultatet eit bilete der utdanningsprogrammet har hatt ein stor grad av innverknad på respondentane sitt friluftsliv i ettertid. Dette er ein konklusjon som finn støtte i nokre av dei tidlegare studiane som har vore nytta i denne oppgåva. Andre studiar meiner friluftsliv i skulen har liten innverknad.

Det var få respondentar som hadde arrangert turar for ulike grupper etter utdanninga. Kva som gjorde dette, vart ikkje utdjupa i denne undersøkinga. Resultatet viste at det var fleire respondentar som hadde gjennomført eitt eller fleire kurs. Det var derimot svært få

respondentar som hadde- eller driv eigen bedrift innan friluftsliv. Få respondentar hadde vert eller er trener, instruktør i idrettslag eller organisasjon der dei fekk nytta ferdigheiter og kompetanse sine innan friluftsliv.

Studiet seier ingenting kvifor ein har vert meir eller mindre aktiv i friluftsliv. Med utgangspunkt i analysen av dei fire målområda har studiet synt at tidlegare elevar uttrykker at utdanningsprogrammet har hatt innverknad på deira friluftsliv i dag. Studiet kan ikkje seie noko ut over deira rapportering om det er utdanningsprogrammet som er grunnen deira aktivitetsnivå eller forholdet til friluftsliv.

## **6.2 Forslag til vidare forskning**

Denne mastergradavhandlinga bygger på svar frå 69 respondentar frå éin skule, eitt utdanningsprogram og ytterlegare tre informantar som er intervjua. I vidare forskning vil det vere interessant å gjere tilsvarande undersøking blant tidlegare elevar frå dei andre skulane med liknande utdanningsprogram.

Å kunne samanlikne med ei kontrollgruppe, slik undersøkinga til Skogvang (1993) gjorde, vil vere ein fordel med tanke på å verifisere innverknaden av utdanningsprogrammet. Med samanlikningsgrunnlag kan ein få meir innsikt om innverknaden av utdanningsprogrammet på to like utval frå to ulike utdanningsprogram og kanskje også kva i utdanningsprogrammet som er vesentleg for innverknaden. Med tanke på det siste, vil det vere interessant å rette fokus mot arbeidsformer, utdanningsinnhald og det å sjå på alle sidene av målområda til utdanningsprogrammet. Observasjon av friluftslivsundervisning og intervju av elevane vil mogleg kunne bidra til dette området.

## 7. Kjeldeliste

- Abelsen, K. & Leirhaug, P. E. (2017). Hva vet vi (ikke) om elevers opplevelser med friluftsliv i norsk skole – en gjennomgang av empiriske studier 1974–2014. *Journal for Research in Arts and Sports Education*, 1(3), 18-31. <https://doi.org/https://doi.org/10.23865/jased.v1.615>
- Andresen, M. S. (2009). *Grader av Glede : en studie om ferdighetsorientert friluftsliv, læringsmiljø og veiledning* (Mastergradsavhandling, Høgskolen i Telemark). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2438736>
- Baune, T. A. (2007). *Den skal tidlig krøkes- : skolen i historisk perspektiv* ([Rev.utg.]). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Bell, S., Tyrväinen, L., Sievänen, T., Pröbstl, U. & Simpson, M. (2007). Outdoor Recreation and Nature Tourism: A European Perspective. *Living Reviews in Landscape Research*, 1. <https://doi.org/10.12942/lrlr-2007-2>
- Bjærke, M. R. (2017). *Inn med naturens egenverdi. Om verdigrunnlaget for norsk miljøpolitikk på 2000-tallet* (Mastergradsavhandling, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/58393>
- Bjølseth, C. (2016). *"I skogen så er det nesten bare ett humør, det er å være glad". En fenomenologisk studie av naturopplevelser og motivasjon ved en alternativ skole* (Mastergradsavhandling, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/52160>
- Bourdieu, P., Prieur, A. & Jakobsen, K. (2002). *Distinksjonen : en sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: De norske bokklubbene.
- Bradley, J. C., Waliczek, T. M. & Zajicek, J. M. (1999). Relationship Between Environmental Knowledge and Environmental Attitude of High School Students. *The Journal of Environmental Education*, 30(3), 17-21. <https://doi.org/10.1080/00958969909601873>
- Braun, T. & Dierkes, P. (2017). Connecting Students to Nature--How Intensity of Nature Experience and Student Age Influence the Success of Outdoor Education Programs. *Environmental Education Research*, 23(7), 937-949. <https://doi.org/10.1080/13504622.2016.1214866>
- Braute, J. N. (1997). *Naturen som sted for lek/læring: Opplevelser i, kunnskap om, holdninger til naturen*. Innlegg presentert ved Forskningsdagene '97, Tønsberg. Abstrakt henta frå <http://www-bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/1997-3/a5.html>
- Bronfenbrenner, U. (1979). *The Ecology of Human Development: Experiments by Nature and Design*. Cambridge, UNITED STATES: Harvard University Press.
- Bruun, E. (2012). *Unge og friluftsliv : en kvantitativ studie av motiver blant unge for å delta på DNT BaseCamp* (Mastergradsavhandling, Høgskulen i Telemark). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2438756>
- Cheng, J. C.-H. & Monroe, M. C. (2012). Connection to Nature: Children's Affective Attitude Toward Nature. *Environment and Behavior*, 44(1), 31-49. <https://doi.org/10.1177/0013916510385082>
- Dahl, L., Moe, V. F. & Standal, Ø. F. (2017). På tur med det uforutsette; refleksjoner om sikkerhet hos friluftslivslærere på videregående skole. *Nordic Studies in Education*, 37(3-4), 201-216. <https://doi.org/10.18261/issn1891-5949-2017-03-04-06>
- Dalane, M. V. (2006). *Sosialisering til friluftsliv: Empirisk undersøkelse av om studenter som har gått et år på Nordfjord folkehøgskole driver mer med friluftsliv enn studenter i Bergen* (Bacheloroppgåve, Høgskulen i Volda). Volda.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Dervo, B. K., Skår, M., Köhler, B., Øian, H., Vistad, O. I., Andersen, O. & Gundersen, V. (2014). *Friluftsliv i Norge anno 2014 – status og utfordringer* (NINA Rapport 1073). Henta frå <https://www.norskfriluftsliv.no/wp-content/uploads/2014/12/NINA-rapport-1073-om-friluftslivets-status.pdf>

- Faarlund, N. (1973). *Friluftsliv: Hva - Hvorfor - Hvordan* (Elektronisk utg. ved Lars Verket. utg.). Oslo: Norges idrettshøgskolen. Henta frå <http://www.naturliv.no/faarlund/hva%20-%20hvorfor%20-%20hvordan.pdf>
- Fjørtoft, I. & Reiten, T. (2003). *Barn og unges relasjoner til natur og friluftsliv : en kunnskapsoversikt*. Porsgrunn: Høgskolen i Telemark.
- Foss, J.-C. (2011). "Uforpliktende gøy eller faglig moro?" *Om elevers selvopplevde læring i friluftsliv valgfag* (Mastergradavhandling, Norges idrettshøgskole). Henta frå <https://nih.brage.unit.no/nih-xmlui/handle/11250/171687>
- Frønes, I. (2006). *De likeverdige: om sosialisering og de jevnaldrendes betydning* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Gamlund, E. (2012). Hva er galt med dypøkologien? Noen kommentarer til Arne Næss' Økosofi T. *Norsk filosofisk tidsskrift*, (04), 229-242. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2901>
- Gass, M. A., Garvey, D. E. & Sugerman, D. A. (2003). The Long-Term Effects of a First-Year Student Wilderness Orientation Program. *The Journal of Experiential Education*, 26(1), 34-40. <https://doi.org/10.5382590302600106>
- Gehris, J. & Swalm, R. L. (2007). *A quantitative and qualitative investigation of the effects of adventure education on high school students* (Doktorgradavhandling, Temple University). Henta frå <https://search-proquest-com.galanga.hvl.no/docview/304810686?accountid=15685>
- Gjesdal, E. D. L. (2013, 16.august). «Det er viktig å lære elevene å bli glad i naturen». Henta frå <https://www.aftenposten.no/>
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Haraldsen, G. (1999). *Spørreskjemametodikk: etter kokebokmetoden*. Oslo: Ad Notam Gyldendal. Henta frå [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2009032304024](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2009032304024)
- Haslestad, K.-A. (2002). På leting etter friluftsliv i grunnskolens læreplaner. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 86(04), 251-262. <https://doi.org/https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987>
- Hauger, T. & Lund, O. (2002). *Naturforvaltning og friluftsliv* (2. utg.). Nesbru: Vett & viten.
- Hjelle, A. M. A. (2006). *Fremtidens friluftsliv: Scenarier for bruken av norsk natur i 2020*. Oslo: Teknologirådet. Henta frå <https://teknologiradet.no/wp-content/uploads/sites/19/2013/08/Rapport-Fremtidens-friluftsliv.pdf>
- Horgen, A. (2010). *Friluftslivsveiledning vinterstid*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Horgen, A. (2018a, 18.10.2018). De som hevder at «vår friluftslivs-kultur» refererer til en tidløs tradisjon, bør ikke tas på alvor. *Harvestmagazine*. Henta frå <https://www.harvestmagazine.no>
- Horgen, A. (2018b, 26.10.2018). Historieløst om friluftsliv. *Utemagasinet*. Henta frå <https://www.utemagasinet.no/>
- Hvattum, T. T. (2012). *Friluftsliv som valgfag i videregående skole - I spennet mellom selvrealisering og formålsrasjonelle handlinger* (Mastergradsavhandling, Høgskolen i Telemark). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2438770/Hvattum.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Imsen, G. (2014). *Elevens verden: Innføring i pedagogisk psykologi* (5. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Jakobsen, J. E. (2007). *Friluftsliv i ungdomsskolen: Skolen kan hvis skolen vil* (Mastergradavhandling, Norges Idrettshøgskole). Oslo.
- Jensen, A. (2007). The value and necessity of tumbling and fumbling. I B. Henderson & N. Vikander (Red.), *Nature first: Outdoor life the Friluftsliv way* (s. 100-103). Toronto: Natural Heritage Books.
- Jensen, M. (2010). *Friluftsliv som arena for sosial læring og mestring i alternative skoletiltak* (Mastergradavhandling, Høgskolen i Telemark). Henta frå

- [https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2438744/Master\\_thesis.pdf?sequence=2&isAllowed=y](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2438744/Master_thesis.pdf?sequence=2&isAllowed=y)
- Johannessen, A. (2009). *Introduksjon til SPSS : versjon 17* (4. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.
- Johannessen, A., Christoffersen, L. & Tufte, P. A. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Oslo: Abstrakt.
- Jordet, A. N. (2010). *Klasserommet utenfor: Tilpasset opplæring i et utvidet læringsrom*. Oslo: Cappelen akademisk.
- Klima- og miljødepartementet. (2016). *Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet* (Meld. St. 18 (2015–2016)). Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/id2479100/>
- Klima- og miljødepartementet. (2018). *Handlingsplan for friluftsliv* (T-1564 B). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/ce805bbda07b40d184115b512d1c0de0/t-1564.pdf>
- Knapstad, B. L. (2004). *Sosialisering til friluftsliv: et år på Øytun folkehøgskole* (Hovedfagsoppgave, Norges idrettshøgskole). Oslo.
- Kristiansen, V. S. (2015). *Friluftsliv som verktøy for å styrke relasjoner og fremme et godt klassemiljø : en kvalitativ intervjustudie av hvordan lærere og elever opplever å bruke friluftsliv til å styrke relasjoner og fremme et godt klassemiljø* (Mastergradavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet). Henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/2384749>
- Kunnskapsdepartementet. (2001). *Friluftsliv— Ein veg til høgare livskvalitet* (Meld. St. 39 2000-2001). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-39-2000-2001-/id194963/sec1>
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode : veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Lauritzen, Å. (2010). *Friluftsliv - en vei mot et inkluderende læringsmiljø?: En kvalitativ studie om mulige kvaliteter ved friluftsliv* (Mastergradavhandling, Universitetet i Oslo). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/150450>
- Leirhaug, P. E. (2007). *Friluftsliv i Nils Faarlunds tekster : en fortolkende gjennomgang, strukturering og drøfting av friluftsliv i Nils Faarlunds skrifter 1967-2006* (Hovedfagsoppgave, Norges idrettshøgskole). Henta frå [http://www.naturliv.no/leirhaug/ho\\_faarlund.pdf](http://www.naturliv.no/leirhaug/ho_faarlund.pdf)
- Leirhaug, P. E. & Arnesen, T. E. (2016). Friluftsliv - et hovedområde i kroppsøvingfaget? I A. Horgen, M. L. Fasting & L. I. Magnussen (Red.), *Ute! : friluftsliv : pedagogiske, historiske og sosiologiske perspektiver* (s. 129-152). Oslo: Fagbokforlaget.
- Lorgen, H. (2012). *Sosialisering til friluftsliv: Sosialiseringens rolle i oppveksten* (Bacheloroppgåve, Høgskolen i Hedmark). Elverum. Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/132835>
- Magnussen, L. I. (2012). *Læring i friluftsliv: Om padlefelleskap i havgapet* (Doktorgradavhandling, Norges idrettshøgskole). Oslo. Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/171342>
- Magnussen, L. I. (2014). Being close to each other. *Journal of Outdoor Recreation, Education and Leadership*, 6(1), 20. <https://doi.org/10.7768/1948-5123.1184>
- Manger, T. & Lillejord, S. (2013). Livet i skolen. I T. Manger (Red.), *Livet i skolen : grunnbok i pedagogikk og elevkunnskap: 1: Undervisning og læring* (s. 9-35). Bergen: Fagbokforlaget.
- Martinussen, W. (2008). *Samfunnsliv: innføring i sosiologiske tenkemåter* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Mytting, I. & Bischoff, A. (2008). *Friluftsliv* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Miljøverndepartementet. (1987). *Om friluftsliv* (St. Meld. Nr. 40 (1986—87)). Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1986-87&paid=3&wid=c&psid=DIVL483>

- NORTIND, N. T.-. (U.Å.). Norske Tindevegledere - NORTIND. Henta 25.02 2019 frå <http://www.nortind.no/no/yrkesutdanning/info-om-utdanning>
- Nygård, B.-A. (2012). *"To fluer i en smekk": En kvalitativ studie av friluftsliv på universitetsnivå i den videregående skolen* (Mastergradavhandling, Norges Idrettshøgskole). Oslo. Henta frå [https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/171723/BANygaard\\_mas\\_2012.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/171723/BANygaard_mas_2012.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Nykrog, K. J. (2013). *Socialisering til friluftsliv: Et kvantitativt studie af unge nordmænds opvækst med friluftsliv* (Mastergradavhandling, Høgskulen i Telemark ). Bø.
- Næss, A. (1976). *Økologi, samfunn og livsstil : utkast til en økosofi* (5. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Odden, A. (2004, juni). *Friluftsliv og ungdom: tradisjon og trender*. Innlegg presentert ved Landskonferanse friluftsliv, Tromsø. Abstrakt henta frå <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2437823/Tromso2004.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Odden, A. (2005, desember). *Endringer og stabilitet i norsk ungdoms friluftslivsutøvelse 1970-2004*. Innlegg presentert ved Forskning i friluft 2005, Røros.
- Odden, A. (2008). *Hva skjer med norsk friluftsliv?: En studie av utviklingstrekk i norsk friluftsliv 1970-2004* (Doktorgradavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. Trondheim.
- Odden, A. (2010, november). *På tur som barn – på tur som voksen? Om sosialisering til friluftsliv*. Innlegg presentert ved Forskning i friluft 2009, Holmenkollen Park Hotel Rica, Oslo.
- Pattison, D. (2017). *Identifying the Educational and Character Development Benefits of Two Outdoor Education Programs in International Schools* (Doktorgradavhandling, Regent University). ProQuest Dissertations Publishing. Henta frå <https://search.proquest.com/docview/1896531548/?pq-origsite=primo>
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Schipperijn, J., Ekholm, O., Stigsdotter, U. K., Toftager, M., Bentsen, P., Kamper-Jørgensen, F. & Randrup, T. B. (2010). Factors influencing the use of green space: Results from a Danish national representative survey. *Landscape and Urban Planning*, 95(3), 130-137. <https://doi.org/10.1016/j.landurbplan.2009.12.010>
- Sigmund Andersen & Rolland, C. G. (2016). Naturguiding - profesjonalisering eller kommersialisering av friluftslivskompetanse? I *Ute! : friluftsliv : pedagogiske, historiske og sosiologiske perspektiver* (s. 153-181). Fagbokforlaget.
- Skogen, K. (1999). Another Look at Culture and Nature: How Culture Patterns Influence Environmental Orientation among Norwegian Youth. *Acta Sociologica*, 42(3), 223-239. <https://doi.org/10.1177/000169939904200303>
- Skogvang, B. O. (1993). *Sosialisering til friluftsliv: En kartleggingsundersøkelse av friluftsliv blant personer som var gymnaselever i Trondheim på 1970-tallet: påvirkning under oppvekst og gymnastid og friluftslivsvaner i dag* (Hovedfagsoppgave, Norges idrettshøgskole). Oslo.
- Skålvik, Å. (2015). *Naturglede og læringsglede* (Mastergradavhandling, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet). Ås. Henta frå <https://nmbu.brage.unit.no/nmbu-xmlui/handle/11250/279309>
- Statistisk sentralbyrå. (2017). Idrett og friluftsliv, levekårsundersøkelsen. Henta 06.03 2018 frå <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/fritid/hvert-3-aar>
- Statistisk sentralbyrå. (2018). 11606: Sysselsatte, etter bosted, arbeidssted, alder og næring 2010 - 2017. I Datasett (Red.). Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/11606/>
- Statistisk sentralbyrå. (2019, 20.februar). Bygningsmassen. Henta 2019 26.mai frå <https://www.ssb.no/bygningsmasse>
- Stephansen, M. (2016, 22. juli 2016). Det du er glad i, tar du vare på. Henta frå <https://www.dnt.no/>
- Store norske leksikon. (2018). monisme. I L. F. H. Svendsen (Red.), *Store norske leksikon* (20. februar 2018. utg.). Henta 11.mai 2019 frå <https://snl.no/monisme>



- Strandbu, Å. (2000). *Storbyungdom og natur: en undersøkelse av Osloungdoms forhold til friluftsliv og miljøproblemer*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Sølvik, R. M. (2003). *Friluftsliv: Ein aktuell sosial læringsarena for ungdom med åtferdsvanskar?* (Hovedfagsoppgave, Universitetet i Oslo). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-7644>
- Teigland, J. (2000). *Nordmenns friluftsliv og naturopplevelser : et faktagrunnlag fra en panelstudie av langtidsendringer 1986-1999*. Sogndal: Vestlandsforskning. Henta frå [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2010011100054?searchText=hytte&page=41](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2010011100054?searchText=hytte&page=41)
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. H. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Tordsson, B. (2005). *Perspektiv på naturmøtets pedagogikk*. Bø: Eget.
- Tordsson, B. (2010). *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Tordsson, B. & Vale, L. S. R. (2013). *Barn, unge og natur - en studie og drøftelse av faglitteratur* (HiT rapport nr. 1). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2439141>
- Tryti, M. A. & Straume, L. (2014). Kan læring og gode opplevelser i friluftsliv føre til endringer i våre holdninger og syn på naturen? [Bacheloroppgåve, Høgskulen på Vestlandet]. Sogndal.
- Tuckman, B. W. (1965). Developmental sequence in small groups. *Psychological Bulletin*, 63(6), 384-399. <https://doi.org/10.1037/h0022100>
- Utdanning.no. (2019). Guide. Henta 25.02 2019 frå <https://utdanning.no/yrker/beskrivelse/guide>
- Utdanningsdirektoratet. (2006a). *Læreplan i felles programfag i VG1 naturbruk* (NAB1-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/NAB1-01>
- Utdanningsdirektoratet. (2006b). *Læreplan i friluftsliv. Valfrie programfag i utdanningsprogram for idrettsfag. Friluftsliv 2* (IDR7-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/IDR7-01/Hele/Kompetansemaal/friluftsliv-2>
- Utdanningsdirektoratet. (2006c). *Læreplan i friluftsliv. Valfrie programfag i utdanningsprogram for idrettsfag. Hovedområder* (IDR7-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/IDR7-01/Hele/Hovedomraader>
- Utdanningsdirektoratet. (2006d). *Læreplan i friluftsliv. Valgfrie programfag i utdanningsprogram for idrettsfag* (IDR7-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/IDR7-01>
- Utdanningsdirektoratet. (2007a). *Programområde for landbruk og gartnæringsnæring. Læreplan i felles programfag VG2. Formål* (LGA2-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/LGA2-01/Hele/Formaal>
- Utdanningsdirektoratet. (2007b). *Programområde for landbruk og gartnæringsnæringa. Læreplan i felles programfag VG2. Produksjon og tjenesteyting* (LGA2-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/LGA2-01/Hele/Kompetansemaal/produksjon-og-tjenesteyting>
- Utdanningsdirektoratet. (2007c). *Programområde for langdbruk og garntnæringsnæring. Læreplan i felles programfag VG2. Forvaltning og drift* (LGA2-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/LGA2-01/Hele/Kompetansemaal/forvaltning-og-drift>
- Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i valgfaget natur, miljø og friluftsliv* (NMF1-01). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/NMF1-01>
- Utdanningsdirektoratet. (2015). *Læreplan i kroppsøving* (KRO1-04). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/KRO1-04/Hele/Hovedomraader>
- Vaage, O. F. (2009). *Mosjon, friluftsliv og kulturaktiviteter : resultater fra Levekårsundersøkelsene fra 1997 til 2007* (Rapporter 2009/15). Oslo: Statistisk sentralbyrå. Henta frå [https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp\\_200915/rapp\\_200915.pdf](https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_200915/rapp_200915.pdf)
- Vaage, O. F. (2014). Fritid og kultur. Fritidsvaner i endring. Henta 09.03 2018 frå [https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/209667?\\_ts=14a10b97bd8](https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/_attachment/209667?_ts=14a10b97bd8)
- Valdal, S. A. (2013). *Friluftsliv i vest og øst : en kvalitativ studie om elevers og læreres oppfatninger av programfag friluftsliv på en videregående skole* (Mastergradavhandling, Norges idrettshøgskule). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/171846>

- Vestheim, O. P. (2005a). "Fra jeg ble født har jeg vært ute i pulk og bæremeis" : en kvalitativ studie av fire unge menneskers sosialisering til friluftsliv (Mastergradavhandling, Høgskolen i Nord-Trøndelag). Levanger.
- Vestheim, O. P. (2005b). Skolen som sosialiseringsinstans til friluftsliv. *Kroppsoving*, 55(6), 14-16.
- Vikene, O. L., Hallandvik, L. & Vereide, V. (2016). Ledelse og læring i friluftsliv. I H. André, F. Merete Lund & L. I. Magnussen (Red.), *Ute!: Friluftsliv: Pedagogiske, historiske og sosiologiske perspektiver* (s. 107-128).
- Vingdal, I. M. (2015, 29.09.2015). Friluftsliv for alle? *Harvestmagazine*. Henta frå <https://www.harvestmagazine.no>
- Vistad, O. I. (2013). *Brettsegling, kiting og surfing på Lista. Særpreg og utfordringar* (Rapport 998). Henta frå <https://brage.nina.no/nina-xmlui/handle/11250/2384449>
- Wigglesworth, J. (2012). *A Study of the Perceived Significant Life Effect of a University Outdoor Education Course* (Mastergradavhandling, University of Ottawa). ProQuest Dissertations Publishing. <https://doi.org/http://dx.doi.org/10.20381/ruor-6075>
- Wigglesworth, J. & Heintzman, P. (2013). A qualitative study of the perceived significant life outcomes of a university summer outdoor education course.(Report). *Journal of Outdoor Recreation, Education and Leadership*, 5(2), 173. <https://doi.org/10.7768/1948-5123.1220>
- Østrem, K. (2003). *Veiledning i friluftsliv* (Hovedfagsoppgave, Høgskolen i Agder/Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet). Henta frå <http://www.naturliv.no/ostrem/oppgaven.pdf>

## **8. Tabelloversikt**

- 8.1** *Tabell 1. Aktivitetsnivå rangert etter gjennomsnitt frå høgast til lågast aktivitet*
- 8.2** *Tabell 2. Aktiv i friluftsliv i oppveksten og i dag*
- 8.3** *Tabell 3. Kva form for friluftsliv er du mest interessert i dag?*
- 8.4** *Tabell 4. Kva for 3 forhold du trur har hatt mest påverknad på din friluftslivsaktivitetsvaner i dag, i prioritert rekkefølge?*
- 8.5** *Tabell 5. Kor stor grad vurderer du deg sjølv som miljøbevisst i dag?*
- 8.6** *Tabell 6. Kva gjer du i dag for å ta omsyn til natur og miljøet?*
- 8.7** *Tabell 7. Har du etter studiet arrangert turar for nokre av gruppene under?*
- 8.8** *Tabell 8. Oversikt over kor mange respondentar som har arrangert turar for enkelte grupper?*
- 8.9** *Tabell 9. Har du deltatt på friluftslivrelevante kurs etter studiet?*
- 8.10** *Tabell 10. Kor mange respondentar som har gjennomført eitt eller fleire kurs?*
- 8.11** *Tabell 11. Kor stor grad meiner du studiet har hatt betydning for ditt friluftsliv i dag?*

## **9. Figuroversikt**

- 9.1** *Figur 1. Kven eller kva hadde størst innverknad på din friluftslivsaktivitetsvaner opp til 19 år?*
- 9.2** *Figur 2. Kva for 3 forhold trur du har hatt mest påverknad på din friluftslivsaktivitetsvaner i dag, i prioritert rekkefølge?*
- 9.3** *Figur 3. Kor stor grad vil ein seie forholda har hatt for ditt forhold til friluftsliv og natur- og miljøvern?*

## **10. Forkortingar**

*SPSS = Statistical Package for the Sosical Sciences*

*SSB = Statistisk Sentralbyrå*

*NSD = Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatenester*

*Nortind = Norsk Tindevegleder*

## 11. Vedlegg

### 11.1 Informasjon samtykke

#### **Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet**

«Friluftsliv etter friluftsliv vidaregåande utdanning»

##### **Bakgrunn og formål**

Mitt namn er Morten A. Tryti og eg er masterstudent i idrettsvitenskap ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Hensikta med undersøkinga er å få kunnskap om friluftsliv vidaregåande utdanning. Eg ynskjer undersøke aktivitetsvanar til tidlegare elevar og kva betyding har friluftsliv som studielinje i vidaregåande utdanning.

Utvalet i spørjeundersøkinga vil ta for seg både tidlegare elevar ved éin vidaregåande skule, og gjennom tre programansvarlege for linja på skulen.

##### **Kva innebærer deltaking i studien?**

Mi datainnsamling vil bestå av spørjeundersøking og enkeltintervju. Spørjeskjema er elektronisk og blir sendt ut på e-post til deltakarane. Kontaktinformasjonen til tidlegare elevar kjem frå skulen sin elevdatabase. I enkelte tilfelle kan det bli sendt ut skriftleg spørjeundersøking til deltakarane sine postadresser. Under intervju vil det bli brukt lydopptakar og dette vil bli transkribert i etterkant. Når prosjektet er ferdig vil datamaterialet bli slettet.

##### **Kva skjer med informasjonen om deg?**

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Frå intervju vil namn bli erstatta med pseudonym for å anonymisere deltakarstemmane. Både lydopptak, transkripsjonar og data frå spørjeundersøkinga vil bli lagra på passordbeskytta datamaskin i tråd med vanlege retningslinjer. Berre prosjektgruppa, som består av ein masterstudent og to rettleiarar vil ha tilgang til datamaterialet.

Prosjektet skal etter planen avslutta 30.mai 2018.

##### **Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgi

nokon grunn. Alt av opplysningar er anonymt og innsamla datamateriale frå deg vil bli slettet og ikkje lengre vere ein del av oppgåva.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål om studiet, ta kontakt med Morten A. Tryti, mobiltelefonnummer 99746997, mail: [121211@stud.hvl.no](mailto:121211@stud.hvl.no). Min hovudrettleiar er Petter Erik Leirhaug, telefonnummer 57 67 60 29 og birettleiar er Linda Hallandvik, telefonnummer er; 57 67 61 87. Studiet er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

På forhand takk for hjelpa i undersøkinga.

Morten A. Tryti

Prosjektleder

## **Samtykke til deltaking i studiet**

For spørjeundersøkinga vil du gi ditt samtykke ved å svare på undersøkinga. Er du intervjudeltakar signerer du på at: Eg har mottatt informasjon om studiet, og er villig til å delta.

-----  
(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## 11.2 Spørjeskjema

### Masterprosjekt "Friluftsliv etter vidaregåande utdanning".

Hei, vil du bidra til kunnskap og forskning om tidlegare elevar som har gått friluftsliv som vidaregåande utdanning?

Du er ein del av eit utval som har kunnskap og erfaring som er interessant for mi forskning.

Mitt namn er Morten André Tryti og er masterstudent i idrettsvitenskap ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Masterprosjektet mitt handlar om tidlegare elevar som har gått på friluftslivlinje i den vidaregåande skulen.

Undersøkinga har hovudspørsmålet "Kva betyding har friluftsliv som studielinje i vidaregåande utdanning?". Hjelpesproblestillingane er; "Kva er friluftslivaktivitetsvanane til tidlegare elevar etter friluftsliv vidaregåande utdanning?", "korleis vurderer tidlegare elevane betydinga av friluftsliv i den vidaregåande skulen?" og "kvifor har skulen friluftsliv som vidaregåande utdanningstilbod?"

Prosjektet er godkjent av Norsk samfunnsvitenskapeleg datatjeneste (NSD) og ved å svare på spørjeskjema seier du ja til å delta i undersøkinga. Ein kan trekke seg når som helst frå undersøkinga, den er underlagt teieplikt og vil bli behandla fortruleg.

Eg ynskjer at du svarer ærleg etter beste evne, slik at eg får pålitelige svar som eg kan nytte i mi undersøking. Det er 39 spørsmål som er delt inn i hovudkategoriane bakgrunnsinformasjon, aktivitetsvaner omkring friluftsliv, vidaregåande studiet, kompetanse og natur og miljø.

Undersøkinga vil ta om lag 15-20 min. Viss det er spørsmål ein ikkje klarer å svare på med ein gang, ynskjer eg gjerne at du lesar og tenker på spørsmålet ein gang til for best mogleg svar.

Frist for innlevering er 21.02.18 og det vil vere 2 purringer.

Mine rettleiarar er Petter Erik Leirhaug, epostadresse; Petter.Erik.Leirhaug@hvl.no og Linda Hallandvik, Linda.Hallandvik@hvl.no.

Spørsmål om undersøkinga kan rettast til Morten A. Tryti, epostadresse 121211@stud.hvl.no, mobiltlfnr. 997 46 997.

På førehand, tusen takk for hjelpa.

Morten Andre Tryti



